# Årsrapport 2025
# Møre og Romsdal

## Fylkeskommunedirektøren har ordet

2025 har vore eit år med stor aktivitet, viktige avgjerder og solide resultat for Møre og Romsdal fylkeskommune. Samtidig har året vore prega av omstilling og stramme prioriteringar. Trass i dette har vi levert tenester og prosjekt som betyr mykje for innbyggarane, og som styrker utviklinga i fylket vårt.

Arbeidet vårt er forankra i måla i fylkesplanen. Som *samarbeidsfylke* har vi gjennom krevjande prosessar hatt tett dialog med kommunar, næringsliv og andre partnarar. I 2025 vart det fatta vedtak om framtidig skule- og utdanningsstruktur, som gir oss ei tydeleg retning dei komande åra. Vi skal framleis ha vidaregåande opplæring ved alle skolane, men tilboda blir justert etter behov og demografi.

Som *miljøfylke* har vi teke nye steg i arbeidet med det grøne skiftet. Elektrifiseringa av kollektivtrafikken held fram, nye bussdepot er tekne i bruk, og viktige infrastrukturprosjekt er gjennomført. Nerlandsøybrua, som no er ferdigstilt, styrker både tilgjenge, tryggleik og berekraftig transport i regionen.

Som *inkluderings- og kompetansefylke* kan vi vise til svært gode resultat i vidaregåande opplæring. Kvalitetsmeldinga for 2025 viser at elevane våre held fram med å levere på eit høgt nivå, og gjennomføringsgraden ligg i toppen nasjonalt. Over 82 prosent av kullet frå 2018 har no fullført vidaregåande opplæring, og ein høgare andel enn tidlegare bestod skoleåret 2024–2025. Også tannhelsetenesta har vidareutvikla tilbodet og sikra god kapasitet i alle delar av fylket.

Som *verdiskapingsfylke* har vi gjennomført store og nødvendige investeringar i infrastruktur. Oppgraderingar av ferjekaier og tunnelar, dagleg arbeid med drift og vedlikehald av vegnettet, og eit godt kollektivtilbod gir gode vilkår for busetnad, arbeidsliv og berekraftig utvikling.

Årsrekneskapen for 2025 viser at fylkeskommunen har eit korrigert netto driftsresultat på 580 mill. kroner. Det er eit veldig godt resultat, og ein god del betre enn budsjettert. Hovudårsaka til dette er auka rammetilskot og skatteinntekter på totalt 125 mill. kroner i forhold til opphaveleg budsjett 2025, og eit mindreforbruk på driftsrammene på til saman 232 mill. kroner. Av netto driftsresultat på 580 mill. kroner vart 277 mill. kroner overført til finansiering av investeringar i ras- og tunnelsikring.

Omstillinga fylkeskommunen har gjennomført dei siste åra har gitt resultat, men den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen krev framleis stram styring. Møre og Romsdal fylkeskommune har ei lånegjeld som langt overstig anbefalt nivå. Fylkeskommunen må dermed legge opp til ei drift framover der vi set av midlar til eigenfinansiering av nødvendige investeringar, framfor å lånefinansiere dei, som vi har gjort i altfor stor grad i åra som er bak oss.

Resultata for 2025 viser ein fylkeskommune som leverer – også gjennom krevjande omstilling. Den målretta innsatsen i heile organisasjonen har styrkt økonomien vår og sikra gode tenester til innbyggarane. I 2026 skal vi halde fram i tråd med fylkesplanen, med klare prioriteringar og ansvarleg økonomistyring. I tett samarbeid med det politiske nivået, kommunane og andre partnarar skal vi bidra til berekraft, kompetanse, inkludering og verdiskaping i heile Møre og Romsdal – til det beste for fylket, og for framtida.

*Toril Hovdenak, fylkeskommunedirektør*

## Kva for oppgaver har fylkeskommunen

Vi kan dele oppgåvene i fire:

### 1. Det regionale demokratiet

Fylkeskommunen er ein del av det norske demokratiet, der innbyggarane i fylket kan vere med å påverke kva prioriteringar som skal gjerast for vårt område av landet.

Fylkeskommunen blir styrt av fylkestinget, som består av 47 folkevalde politikarar. Tinget vedtar planar, saker og budsjett for arbeidet til fylkeskommunen.

### 2. Vi bidrar til å utvikle regionen

Vi er ein pådrivar for berekraftig regional samfunnsutvikling, i tett samarbeid med kommunar, næringsliv, akademia og organisasjonar. Vi jobbar mellom anna for nyskaping, vekst og arbeidsplassar, by- og tettstadutvikling, kulturtilbod og folkehelse.

### 3. Vi leverer tenester til alle som bor og arbeider i fylket

Kvar dag leverer vi viktige velferdstenester som vidaregåande opplæring, tannhelse, kollektivtrafikk, fylkesvegar og kulturformidling.

### 4. Vi forvaltar oppgåver på vegner av staten

Vi skal forvalte mynde på vegner av staten på område som samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, friluftsliv og forvaltning av naturressursar.

### Les meir om dei ulike områda og kva dei arbeider med på mrfylke.no

#### Fag- og tenesteområda

- Kompetanse- og næringsområdet
- Samferdselsområdet
- Kulturområdet
- Tannhelsetenesta

#### Stabsavdelingane

- Stab for strategi og styring
- Stab for organisasjon og tenesteutvikling
- Stab for juridiske og administrative tenester
- Bygg- og eigedomstenester

# 2025 i korte trekk

## Januar

### Årets regionbyggar

Møre og Romsdal idrettskrets får prisen Årets regionbyggar 2024. Juryen meiner Møre og Romsdal idrettskrets er ei samlande kraft i Møre og Romsdal som bygger fylket saman. Prisen vart delt ut på Nyttårskonferansen.

### Elevundersøkinga 2024-2025

Elevundersøkinga for skoleåret 2024-2025 er lagt fram. Nesten ni av ti elevar i dei vidaregåande skolane trivst godt eller svært godt på skolen. Men samanlikna med året før er det ein høgare andel elevar på vg1 og vg3 som opplever mobbing.

### Fann helleristning

Arkeologar var på olivinfeltet på Roskar i Herøy då dei plutseleg gjekk seg på ei helleristning dei ikkje hadde sett før. – Det var eit slags solkors, berre med ei litt uvanleg utforming, seier arkeolog Arve Eiken Nytun.

### Signerte for 10 år

Vy Buss AS har vunne anbodskonkurransen om drift av ekspressbussar på Nordmøre og i Romsdal, i tillegg til ruter i fleire kommunar. Avtalen blei signert torsdag 30. januar. Vy har kontrakten i dag, men har no signert for 10 nye år.

## Februar

### Årets lærling

Torje Johan Torvik frå Herøy overbeviste sterkt på fagprøva i kokkfaget og blir omtala som audmjuk, arbeidsam og kunnskapsrik. No er han kåra til Årets lærling i Møre og Romsdal.

### Ny skole- og tilbodsstruktur

«Om 15 år er det 1.700 færre elevar enn i dag i dei vidaregåande skolane i fylket. Den kraftige nedgangen gjer det heilt nødvendig å sjå nærmare på både antal skolar og på utdanningane vi tilbyr», skriv fylkeskommunedirektøren og kompetanse- og næringsdirektøren i ein kronikk. Dei skriv at dei har starta arbeidet med saka «Skole- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring 2026-2040», som blir vedtatt av fylkestinget i desember.

### Årets lærebedrift

Lærebedrifta tar inn lærlingar, sjølv i dårlege tider, og lærlingane deira har høg gjennomføringsgrad og gode resultat. Derfor får Kongsberg Maritime avd. Brattvåg prisen Årets lærebedrift 2024.

### Svakare vekst i folketalet i fylket

I 2024 var det svakare vekst i folketalet i Møre og Romsdal samanlikna med dei to føregåande åra. Dette viser dei siste befolkningstala frå Statistikk sentralbyrå (SSB).

## Mars

### Ei satsing for ei digital framtid

Møre og Romsdal fylkeskommune har arrangert Digiløftet – ei intensiv veke med kurs og webinar for å styrke digital kompetanse blant tilsette. Organisasjonssjefen understrekar kvifor digitalisering er avgjerande for framtida, og korleis dette løftet kan hjelpe fylkeskommunen å møte nye utfordringar.

### Søkartala klare

Fleire vel studieførebuande, men yrkesfag framleis størst med ein andel på 63,5 prosent på første trinn.

### Inkluderings- og mangfaldsprisen for 2024

Langset Mek AS vinn Inkluderings- og mangfaldsprisen for 2024. Sunndalsbedrifta har over fleire år jobba med å utvikle ein inkluderande arbeidplass, noko som også skaper eit sterkt og godt lokalsamfunn.

### Årets bedrift

Tomrefjord-bedrifta Bauta Group er Årets bedrift i Møre og Romsdal. Dagleg leiar Daniel Sundet i Vestnes-bedrifta er rørt over at dei blir verdsett på denne måten.

### Årets ungdomsråd

Årets ungdomsråd er kåra på Ungdommens fylkesting, der nær 70 ungdommar frå heile fylket er samla. Leiar i ungdomspanelet Magnus Smørdal meiner Vestnes er ein verdig vinnar. – Vi glade for å kunne dele ut prisen Årets ungdomsråd til Vestnes ungdomsråd. Dei har gjort ein særleg stor innsats for å få på plass ein møteplass for ungdom i kommunen sin og for å inspirere ungdom til å engasjere seg i politikken, seier Smørdal.

### Feira fire ferjekaier

Fire oppgraderte ferjekaier er verdt å feire. Oppmøtet tyda iallfall på dette, då kaiene i sambandet Larsnes–Åram–Voksa–Kvamsøya hadde offisiell opning torsdag 27. mars.

### Fekk inn 21 listeforslag

Distriktsvalstyret i Møre og Romsdal valdistrikt har mottatt 21 listeforslag til stortingsvalet 2025.

## April

### Får kurs i politisk debattstyring

Korleis handtere hersketeknikkar, høge temperaturar og sette grenser? For å førebu seg til skulevalet, får vgs-elevar opplæring i korleis dei skal styre ein politisk debatt.

### Tre skolar får kvart sitt fartøy

Gladmelding til elevar og næringsliv i Møre og Romsdal: Tre vidaregåande skolar i fylket får skoleåret 2026/2027 kvart sitt undervisningsfartøy til opplæring i blått naturbruk. Nyleg er Selfa Arctic AS i Harstad tildelt kontrakten for design og bygging av tre undervisningsfartøy for Møre og Romsdal fylkeskommune. Budsjettet for båtane har ei totalramme på 109 millionar kroner inkl. mva.

### Stor auke i søkartal

Fagskolen Møre og Romsdal opplever god søking til dei fleste studietilboda både i Ålesund og Kristiansund. Totalt er det 1.017 søkarar til studieplassar ved Fagskolen Møre og Romsdal. Dette er ein auke på 153 søkarar frå 2024.

## Mai

### ABC for god psykisk helse

Møre og Romsdal fylkeskommune har fått 1,6 millionar kroner frå Helsedirektoratet til kampanjen «ABC for god psykisk helse». Pengane skal gå til å fremme psykisk helse i heile befolkninga.

### Fem finalistar

Fem elevar frå Ålesund vidaregåande skole er blant tre finalistar til årets Holbergpris i skolen, med eit forskingsprosjekt om ungdom og søvn. – Vi blei litt sett ut då vi fekk vite det, seier elevane. No er dei klare for finaletur til Bergen – med gallamiddag og møte med kunnskapsministeren.

## Juni

### Signerte bygdevekstavtale

Aure og Smøla har signert regionens første bygdevekstavtale med Kommunal- og distriktsdepartementet og Møre og Romsdal fylkeskommune. Bygdevekstavtale er eit verkemiddel som skal bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av distrikts-Norge.

### Kursar politikarar gjennom film

I ein serie korte filmar får kommunane digitalt opplæringsmateriell. Filmane er laga av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Juli

### Lovfesta tannhelsetilbod til unge vaksne

Frå 1. juli har unge vaksne mellom 19 og 28 år lovfesta rett til tannhelsetilbod. Er du i denne aldersgruppa, kan du ha rett på nødvendig tannbehandling til 75 prosent rabatt i den offentlege tannhelsetenesta.

### Avtale med Nobina

Frå 2027 skal Nobina AS drifte bussruter i Hustadvika, Aukra, Midsund, Rauma, Vestnes og Skålahalvøya i Molde, i tillegg til ekspressrute mellom Molde og Åndalsnes. Kontrakten gjeld i perioden 1. januar 2027 - 7. oktober 2040. Kontraktsverdien er på 1,835 milliardar kroner.

### Funn på Grip

I arbeidet med brannsikring på fiskeværet Grip i Kristiansund har arkeologar frå fylkeskommunen gjort eit funn som kan gi ei betre forståinga av øya si historie. Under førebuingane til ny sløkkevassleidning vart det avdekt eit rikt kulturlag med spor etter menneskeleg aktivitet frå mellomalderen og heilt opp til moderne tid.

### Gjenopna vassdrag

Etter meir enn 50 år med stengde gyte- og oppvekstområde, er Råkavassdraget på Smøla no offisielt gjenopna for sjøaure. Dette vart høgtideleg markert med snorklipping av Smøla-ordførar Svein Roksvåg.

# August

## Frå fylkesvinnarar til nasjonale prisvinnarar

Knut Flatvad og Rita Dyrnes Flatvad frå Østigard Flatvad i Sunndal har fått nasjonal heider. Eitt år etter at dei fekk Kulturlandskapsprisen for Møre og Romsdal, har dei no fått Den nasjonale kulturlandskapsprisen 2025.

## Suksess for Nettskolen

Dei starta i vår med 25 elevar, med denne hausten har Nettskolen Møre og Romsdal fylt opp alle plassane. – Frå 25 til nærmare 200. Neste skoleår må vi nok vurdere å utvide, seier avdelingsleiar Kristian Vold.

# September

## Hjelper kommunane

Eit nytt verktøy og ny kunnskap vil hjelpe kommunane. Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd både statistikk og kunnskapsgrunnlag som kommunane kan bruke til å utforme strategiske bustadpolitiske planar.

## Skal peike ut «regnskogen» i fylket

Møre og Romsdal fylkeskommune, Kartverket og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) skal kartlegge kvar dei karbonrike areala, eller «regnskogen», i Møre og Romsdal ligg. «Regnskogen» vår er skog, myr og jordbruksland på organisk grunn. I samarbeid med kommunane skal dei lage kart og utvikle verktøy til bruk i arealplanlegginga. Målet er klimasmart arealbruk som også tar vare på naturen.

## Lågare gjennomføring

For første gong sidan 2011-kullet går gjennomføringa ned ved dei vidaregåande skolane, både i Møre og Romsdal og på landsbasis. Tala for Møre og Romsdal viser at 82,5 prosent av dei som starta på vidaregåande i 2018 gjennomførte med studie- eller yrkeskompetanse innan fem/seks år. Det er ein nedgang på 0,9 prosentpoeng frå 2017-kullet.

## Erfaren entreprenør tildelt to driftskontraktar

Mesta AS er tildelt to driftskontraktar for fylkesvegane i Ålesund og indre Sunnmøre. Kontraktane har ein samla verdi på 870 millionar kroner, og skal bidra til trygg, effektiv og framtidsretta drift av vegnettet på Sunnmøre.

### Fekk inn 130 høyringssvar

Fylkeskommunen fekk inn 130 høyringssvar til forslaget om ny skole- og tilbodsstruktur for dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. – Vi har fått mange gode og konstruktive innspel som er nyttige for vidare jobbing med saksframlegget, seier kompetanse- og næringsdirektøren.

### Skoletilbod på nytt sjukehus

På Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) på Hjelset i Molde er det opna eit heilt nytt skoletilbod for barn og unge som er innlagde ved sjukehuset. – Målet er at elevane skal få ein pause frå sjukdomsperioden, og kanskje gløyme litt at dei er innlagde, seier lærar Lene Ugelstad.

## Oktober

### Fekk liv i kveikgjær

Forskarar frå NIBIO og Vestnorsk kulturakademi har klart det utrulege: Å vekke til live over 100 år gamal kveikgjær frå Bjørkedalen i Volda kommune. – Vi har bokstavleg talt sikra eit levande kulturminne, seier arkeolog Arve Eiken Nytun.

### Sette i stand naustrekke

Mellom 2020 og 2025 har eigarane, organisert i eit naustlag, arbeidd målretta for å redde og sette i stand naustrekka i Ytterdal i Fjord. Med tilskot frå blant andre Møre og Romsdal fylkeskommune har dei historiske nausta blitt eit vakkert kulturminne.

### Fylkesstatistikken 2025 er offentleggjort

Blant fleire tema du kan lese om, er alderssamansettinga i Møre og Romsdal fram mot 2040. Talet på personar over 80 år vil auke med heile 72 prosent.

### Nerlandsøybrua opna

Tysdag 14. oktober blei den nye Nerlandsøybrua offisielt opna med folkefest, talar og høgtideleg snorklipping. Rundt 800 personar møtte fram for å ta del i den historiske markeringa. Kostnadsramma er på i underkant av 900 millionar kroner.

### Tilråding om ny skole- og tilbodsstruktur

Ingen av dei 20 vidaregåande skolane i Møre og Romsdal blir foreslått lagde ned, men fylkeskommunedirektøren vil frå 2027 slå saman Stranda med Sykkylven og Tingvoll med Sunndal. Alle skolane vil framleis ha eit lokalt undervisningstilbod, går det fram av tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren til saka «Ny skole- og tilbodsstruktur 2026-2040», som blir lagt fram for politiske råd og utval. Fylkestinget avgjer saka 9.-10. desember.

## November

### Sensorar på ferjekaia

Ved Magerholm ferjekai i Ålesund kommune er det nyleg installert avanserte sensorar som skal gi betre innsikt i korleis kaier blir påverka av naturkrefter og dagleg bruk. Målet er å utvikle smartare metodar for å oppdage skadar og planlegge vedlikehald.

### Miljøprisen 2025 til Mona Hegglund

Mona Hegglund, dagleg leiar i Plastjegerne AS, er tildelt Miljøprisen 2025. Prisen går til både Hegglund og verksemda ho leiar, for deira målretta arbeid med å fjerne plast og marint avfall frå skjergarden rundt Smøla og Nordmøre. Vedtaket i kompetanse- og næringsutvalet var einstemmig.

### Fylkeskulturprisen 2025 til Ørsta og Volda ballettskule

Kultur- og folkehelseutvalet har vedtatt å tildele Fylkeskulturprisen 2025 til Ørsta og Volda ballettskule – ein av dei største og mest aktive ballettskulane i fylket. Skulen har i 40 år vore ei drivkraft for danseglede, fellesskap og kulturelt mangfald på Sunnmøre.

### Kvalifisert for Nordisk Talefest

Kenni Eyiram Dogbey si sterke tale om rasisme har kvalifisert ho til Nordisk Talefest i København 2026. Gjennom skolen deltok ho i den lokale finalen av talekonkurransen «Ta ordet» under Bjørnsonfestivalen i september. Der vart ho ein av vinnarane.

## Desember

### Førjulsfest på Gjermundnes vgs

Gjermundnes vgs inviterte til «Jul på Gjermundnes», og rundt 1.000 personar fann vegen for å oppleve julestemninga. Det er like mange som i fjor, då arrangementet vart halde for første gong.

### Nytt kollektivknutepunkt

Eit nytt parkeringshus, betre tilkomst og eit moderne kollektivknutepunkt er no på plass ved Ålesund sjukehus. Måndag 8. desember vart Passasjen Parkering og den nye løysinga for buss og sykkel offisielt opna – eit prosjekt som gir enklare reiseveg og betre kapasitet for både pasientar og besøkande.

### Fylkestinget vedtok ny skole- og tilbudsstruktur

Fylkestinget vedtok saka «Skole- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring 2026-2040». Det betyr blant anna at Bedriftsmodellen blir innført ved Stranda vgs og Tingvoll vgs, at Tingvoll vgs blir slått saman med Sunndal vgs, med vidare undervisning begge stadar, og at Stranda vgs blir slått saman med Sykkylven vgs, også med undervisning begge stadar.

## Stipend

### Idrettsstipend

| **Namn** | **Idrett** | **Kommune** | **Sum** |
|---|---|---|---:|
| Ingeborg Synstnes Hole | Langrenn | Rauma | 50 000 |
| Sigve Holten | Friidrett | Surnadal IL | 50 000 |
| Møre karateklubb | Karate | Ålesund | 50 000 |

### Kunstnarstipend

| **Namn** | **Kommune** | **Kunstart** | **Sum** |
|---|---|---|---:|
| Lissette Escobar | Sula | Visuell kunst | 200 000 |
| Idun Aalbu Rasmussen | Ålesund | Film | 200 000 |
| Jakob Stærk | Ørsta | Film | 50 000 |
| Hilde Myklebust | Vanylven | Litteratur | 100 000 |
| Øyvind Rangøy | Averøy | Litteratur | 50 000 |
| Vegard Kvamme Holum | Ålesund | Musikk | 100 000 |
| Vetle Nærø | Ålesund | Musikk | 50 000 |
| Jimu Makurumbandi | Kristiansund | Scenekunst | 80 000 |
| Karen Emilie Nes | Ålesund | Scenekunst | 20 000 |
| Simon Wågsholm | Ålesund | Visuell kunst | 100 000 |
| Heidi Rødstøl | Rauma | Visuell kunst | 50 000 |

# Oppsummering overordna mål

## Om måla til fylkeskommunen

Fylkeskommunen skal både ha mål for eigen verksemd, men også sette mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.

FN sine 17 berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane (miljømessig, sosial/kulturell og økonomisk berekraft), ligg til grunn for måla både i dei regionale planane og i organisasjonsstrategien. Heile plansystemet til fylkeskommunen er no bygd på dei fire knaggane:

- Samarbeidsfylket
- Miljøfylket
- Inkluderings- og kompetansefylket
- Verdiskapingsfylket

Ramma for arbeidet med planar og dermed fylkeskommunen sine mål, blir sett i regional planstrategi (RPS). Det er ei lovpålagt oppgåve, og dette styringsdokumentet skal rullerast kvart fjerde år og henge saman med fylkestingsperiodane. Dokumentet seier noko om utfordringar og moglegheiter 12 år fram i tid. Den tek opp planbehov dei neste fire åra for å møte desse.

Fylkesplanen følgjer opp dei langsiktige utviklingsmåla i RPS. Dette er eit tverrfagleg styringsdokument med 17 fylkesplanmål. Det inneber at fagavdelingane og hovudutvala har eit felles ansvar for måloppnåinga. Det er dette som er kjernen i berekraftsarbeidet – å sjå miljømessige, økonomiske og sosiale forhold i samanheng.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke fylkesstrategiar som følgjer opp fylkesplanmåla. Desse inneheld resultatmål som blir følgt opp i Økonomiplan med budsjett og handlingsprogram kvart år.

Årsrapporten for 2025 er første år med rapportering på Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028.

Dersom ein ønsker meir detaljar på det enkelte tenesteområdet om fylkesplanmål, resultatmål og måleindikatorar, så finn ein dette under “Fylkeskommunen sine tenesteområde” (sjå meny).

## Samarbeidsfylket

Det langsiktige utviklingsmålet for samarbeidsfylket er: **Møre og Romsdal skal vere god på regionbygging og samarbeid**

Under ligg det fire fylkesplanmål som tek føre seg samarbeid om dei store samfunnsutfordringane, internasjonalt samarbeid, arbeid for å fremje demokrati og medverknad og felles arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Samarbeid om samfunnsutfordringane: Fylkeskommunen er gitt oppgåva med å samordne og binde saman forvaltningsnivåa. I 2025 er det gjennomført ei rekke møteplassar og tilbod for å få til samarbeid,

kompetanseutvikling og felles tiltak i Møre og Romsdal. Viktige samarbeidsaktørar er kommunane, andre fylkeskommunar, Statsforvaltaren, andre statsetatar, kulturinstitusjonar, FoU-miljø og organisasjonar i arbeidslivet og frivilligheita. Digitale plattformer har auka deltakinga på desse felles arrangementa. I 2025 var utanforskap, integrering, bustadpolitikk, friluftsliv, beredskap og psykisk helse tema som fekk auka merksemd.  Fylkeskommunen er i rolla som byggeigar og vegeigar ein viktig samarbeidsaktør for utviklingsprosjekt i kommunane, og viktige felles prosjekt i 2025 var kulturhuset Normoria i Kristiansund, ny Ørsta vidaregåande skule og kulturhus og bypakkearbeidet i Ålesund og Kristiansund. For tannhelse er dei 278 besøka i helseinstitusjonar viktig samhandlingsarenaer med kommunane. Alle fagavdelingane har mykje kontakt med kommunane og andre aktørar i si tenesteutøving. Fylkeskommunen arbeider med å utvikle si rettleiingsrolle for kommunane i planarbeid gjennom satsingane Opplæring i plan for politikarar og Bygdevekstavtalen med Aure og Smøla. Fylkeskommunen har gjennom sine uttalar til 221 kommunale plansaker og 892 dispensasjonar bidratt til betre planar og samfunnsutvikling i Møre og Romsdal.

Internasjonalt samarbeid: Fylkeskommunen har deltatt i europeiske nettverk, interesseorganisasjonar, prosjekt og utvekslingar. Det er levert fem søknadar om internasjonale prosjekt i 2025. Temaa femner breitt, alt frå marine prosjekt, industriell symbiose, korleis dans og kultur kan bidra til betre mental helse blant eldre og ungdomsmedverking. I 2025 fekk fylkeskommunen og dei vidaregåande skolane over 20 mill. kroner frå Erasmus+.

Arbeid for å fremme demokrati og medverknad: Det er i 2025 gjennomført ei evaluering av fylkeskommunen sitt arbeid med dei tre medverknadsråda. Det blir arbeidd med å sikre at alle relevante saker går gjennom råda. Ungdommens fylkesråd har arbeidd for betre ungdomsmedverking både i kommunar, på nasjonalt og europeisk nivå. I arbeidet med ny fylkesstrategi for kultur er det løfta fram at dei regionale kunst- og kulturinstitusjonane er grunnpilarar for demokratibygging og viktige produsentar av frie ytringar og kunnskap. Eksempel på det er Litteraturhus Møre og Romsdal, som viser ei klar utvikling i retning av meir aktiv bruk av kultur- og samfunnsarenaer som arena for offentleg samtale og samfunnsengasjement. På fleire av fylkeskommunen sine ansvarsområde er det arbeidd med å skaffe meir kunnskapsgrunnlag for politiske avgjerder. Mellom anna er det lagt fram ny kunnskap på områda frivillig sektor, bustadbehov, landbruk og energi i 2025.

Felles arbeid med samfunnstryggleik og beredskap: Dette er eit tema som har fått auka merksemd i 2025. Mellom anna på samferdselsområdet, der Møre og Romsdal er leiande i landet på beredskapsøvingar. I 2025 var det fleire store vêrhendingar kor beredskapen vart testa i praksis. Gjennom arbeidet med ny fylkesstrategi for kultur er det sett fokus på betydninga av frivillige aktørar, bibliotek, arkiv, museum og andre kulturinstitusjonar for å bygge og sikre vår felles kulturelle identitet og motstandskraft. Fylkeskommunen har gitt midlar til prosjektet Maritimt kompetanseberdskap. Målet er å styrke samspelet mellom maritimt næringsliv, utdanning og Forsvaret – og sikre nok kompetanse til både sivil og militær sektor i ei tid med auka beredskapsbehov.

## Miljøfylket

Det langsiktige utviklingsmålet for miljøfylket er: **Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane**

Under ligg det fire fylkesplanmål som tek føre seg reduksjon av klimagassar, arealforvaltning og ivaretaking av natur, dyrka mark og vasskvalitet, ivaretaking av kulturmiljø og overgang til sirkulærøkonomi og ombruk.

Redusere klimagassutslepp: Klimagassutsleppa i fylket (geografisk område) går sakte ned – men for sakte, og siste år gjekk dei faktisk opp. Framskrivinga viser at fylket (geografisk område) ikkje er i rute til å nå klimamåla med dagens planer og tiltak. Klimagassutslepp frå vegtrafikken har gått ned med 23 prosent i perioden 2009 til 2023 i Møre og Romsdal. Sjøfarten har auka utsleppa sine med 4 prosent i same periode, medan luftfarten har gått ned 16 prosent. Det var ein svak auke i målte klimagassutslepp frå jordbruket frå 2023 til 2024, men samla sett har utsleppa blitt reduserte med 9,5 prosent sidan 2009. Fylkeskommunens eigne utslepp går kraftig ned, mykje takka vere elektriske ferjer. Kollektivtransporten har redusert klimagassutsleppa med 42 prosent samanlikna med 2019. Også i nye vegdriftskontraktar er omsynet til klima- og miljø tatt inn. Indirekte utslepp frå investeringar og materialbruk er store og vi treng meir kunnskap om desse. Det er i 2025 nedgang i talet på prosjekt frå Møre og Romsdal som fekk midlar frå dei nasjonale tilskotsordningane Klimasats og Natursats. Nokre kommunar manglar også framleis klimabudsjett. 18 av 27 kommunar i fylket laga i dette 2025.

Arealforvaltning og ivaretaking av natur, dyrka mark og vasskvalitet: Den oppdaterte arealrekneskapen frå fylkeskommunen gir kommunane eit viktig kunnskapsgrunnlag for deira arealplanlegging. Den gir oversikt over arealbruk og planlagt arealbruk. I Møre og Romsdal er 76 520 dekar skog, 24 906 dekar myr og 17 583 dekar landbruskjord godkjent for utbygging i kommunale planar. Gjennom arbeidet i vassregion Møre og Romsdal er det sett i verk tiltak for å betre vassmiljøet i vassførekomster, inkludert tiltak for å betre vilkår for sjøauren i fylket. 78 prosent av dei 2 475 vassforekomstane i fylket når målet om minst god økologisk tilstand. Møre og Romsdal fylkeskommune, Kartverket, NIBIO og Statsforvaltaren har med støtte frå Miljødirektoratet starta eit prosjekt der vi tilbyr kommunane hjelp til å få kartlagt karbonrike areal, prioritere og vektorisere relevante arealplanar og bli betre kjent med verktøya arealrekneskap og klimagasskalkulator for arealbrukssektoren. Samferdselssektoren har lagt målet om å ikkje ha tap av dyrkamark og myr ved vegutbygging på fylkesveg til grunn for si verksemd. Dette målet vart nådd for prosjekt som vart avslutta i 2025. Innføring av digital beslutningsstøtte for strøtiltak (Klimator), har gitt betre styring av når og kor vi strør. Dette tiltaket bidrar til tryggare vegar og at vi ikkje bruker meir salt og grus enn nødvendig.

Ivaretaking av kulturmiljø: Arkeologisk kulturminne og kulturmiljø var sikra eit godt formelt vern i fjor. Tapet var lågt, på 0,18 prosent. Fylkeskommunen har fleire samarbeidsprosjekt med Riksantikvaren og kommunane om bruk og vern av kulturminne og kulturmiljø. Det er i 2025 gjennomført ei kursrekke for tilsette i kommunane i kulturminnerett. For freda bygg og anlegg fekk fylkeskommunen i 2025 ei høgare tildeling av midlar enn tidlegare til krevjande vedlikehald og istandsetting. Utfordringa var fylkeskommunen sin kapasitet til å behandle tilskota og dispensasjonane.

Fremme sirkulærøkonomi og ombruk: Fylkeskommunen har vore pådrivar for samarbeid mellom kommunar, frivillig organisasjonar, næringsliv og renovasjonsselskap for å akselerere omstilling til ein grøn, sirkulær økonomi. Arbeidet med å få til sirkulærøkonomi har resultert i eit regionalt ombruksforum. I tillegg er det konkret arbeid i gang for å få til ombrukssentralar i dei største byane i fylket og i Volda. Fylkeskommunen har i rettleiing oppmoda til ombruk, gjenbruk og sirkulærøkonomi i saker om bevaring av bygg og anlegg. Det same gjeld i uttaler om same tema i plan- og byggesaker. Fylkeskommunen har i 2025 hatt 319 uttaler som gjeld bevaring av bygg og anlegg. Gjenbruk av vegutstyr i utbyggingsprosjekt er vurdert der det er aktuelt. Krav om minst 80 prosent sorteringsgrad av avfall i utbyggingsprosjekt er oppnådd. Samla resultat var på 91 prosent sortering. Gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar. Også folk i fylket har vorte flinkare til å kjeldesortere avfallet. Delen avfall som går til forbrenning har blitt redusert med 25 prosent frå 2015 til 2024, medan mengda avfall som går til materialgjenvinning, biogassproduksjon og kompostering har gått opp.

## Inkluderings- og kompetansefylket

Det langsiktige utviklingsmålet for Inkluderings- og kompetansefylket er: **Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu**

Under ligg det fire fylkesplanmål som tar for seg trygge lokalsamfunn og folkehelse, inkludering, utdannings- og kompetansetilbod, by- og tettstadutvikling og kultur- og fritidstilbod.

Trygge lokalsamfunn og god folkehelse: Ny nasjonale folkehelsekampanje - ABC for god psykisk helse starta opp i 2025. Dette inneber å gjere noko aktivt, gjere noko saman, og gjere noko meiningsfullt. Innsatsen var konsentrert om frivillig sektor, og fem pilotar fekk til saman 1 mill. kroner og stimulerte til mangfald og inkludering av grupper som i liten grad er representert i det frivillige arbeidet. Trafikktryggleik er ein del av eitt trygt lokalsamfunn. I 2025 var det 4 drepne og 23 hardt skadde på fylkesvegane. Dette er høgare enn måltalet på 20, og nesten dobbelt så høgt som i 2023. Dette er bekymringsfullt. Tannehelsetenesta rapporterar om ein dekningsgrad (delen av personar med rettar til offentleg tannhelseteneste) om lag på landssnittet. Det er også svært god måloppnåing mellom dei største prioriterte gruppene, særleg barn og unge. Det er likevel noko nedgang i dekningsgraden for enkelte grupper, knytt til fleire og større pasientgrupper med rettar etter tannhelselova. Karies-indikatoren (tannehelsesituasjonen hos 3 til 18-åringar), sprikar mellom aldersgruppene, men peikar i riktig retning, med ein tydeleg betring samanlikna med 2024.

Inkludering, utdannings- og kompetansetilbodet: Fylkeskommunen vedtok i 2025 ny skole- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring (vgo) for perioden 2026-2040. Ein desentralisert struktur blir vidareført, og svarar ut behova i både arbeidsliv og mellom innbyggarane. Auka gjennomføring i vgo er framleis eit av dei viktigaste måla. Møre og Romsdal er mellom fylka med høgast gjennomføring, men det er framleis eit stort potensial for forbetring. Vidaregåande opplæring for vaksne (VOV) får ei stadig viktigare rolle i arbeidet med å kvalifisere fleire til arbeidslivet. Demografisk utvikling fører til behov for omstilling i utdanningssystemet. Det er venta færre unge studentar i høgare utdanning framover. Dette aukar behovet for etter- og vidareutdanning, og det er no større fokus på dette i høgare utdanning. Dette må halde fram. Livslang læring i arbeidslivet vil også vere svært viktig knytt til demografiske endringar og rekrutterings-utfordringar, og i 2025 var det 99 personar med aktiv kontrakt i ordninga Fagbrev på jobb. Dei fleste er i Helse- og oppvekstfaget. Talet aukar frå år til år. Kompetanseforum Møre og Romsdal blei etablert i 2025, der møteplassar for samarbeid om kompetanse er eit viktig mål. Ein digital portal for kunnskap om kompetansebehov i fylket blei presentert i 2024, og denne er utvikla vidare i 2025.

By- og tettstadarbeidet: 5 kommunar fekk til saman i overkant av 5 mill. kr i tilskot til utviklingstiltak i 2025. Samstundes vart 4 by-rom ferdigstilt. Prosjekta har medverka til samarbeid om utvikling av sentrum og by-rom for alle, og bustad og bustadpolitikk. Sjå meir om dette under kapittelet "Større tverrgåande satsingar og større tiltak". Bygdevekstavtalar med Aure og Smøla vart underteikna i 2025, og er ei avtale som gjeld ut 2028. Det vart også utarbeidd handlingsplan for arbeidet. Delmålet «Utvikle attraktive sentrum i tettsteder og tilrettelegge for flere boliger» er starta opp. Arbeid med bypakkene i Ålesund og Kristiansund i trepartssamarbeid held fram. Sjå meir om dette under kapittelet "Større tverrgåande satsingar og større tiltak". I kollektivtrafikken totalt er det ein ørlita auke i tal reisande med buss, og ein liten nedgang for båt. Målet var berre ei stabilisering av tala med bakgrunn i stram økonomi.

Kultur- og friidstilbod: 2025 var friluftslivets år, og dette har vore markert gjennom totalt 982 friluftsaktivitetar rundt om i fylket. Målet har vore å skape friluftsglede for alle, og senke terskelen for å delta i naturvenlege aktivitetar. Dette har engasjert både barn, unge og vaksne, og synleggjort det sterke frivillige engasjementet i heile fylket. Det er også fordelt midlar til 32 ulike prosjekt i regi av frivillige

organisasjonar. Fylkeskulturkonferansen 2025 hadde også friluftsliv som tema. I 2024 bestilte kulturavdelinga ein gjennomgang av frivilligheita i Møre og Romsdal frå Telemarksforsking. Kunnskapen og tilrådingane frå denne rapporten har vore spreidd på konferansar, webinar og i ulike kulturnettverk.

## Verdiskapingsfylket

Det langsiktige målet for verdiskapingsfylket er: **Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentleg sektor**

Under ligg det fem fylkesplanmål som tek føre seg eit grønt arbeids- og næringsliv med auka innovasjonstakt, nødvendig krafttilgang og nettinfrastruktur, eit trygt, smart og miljøvennleg transportsystem, eit mangfaldig, likestilt og inkluderande arbeidsliv, samt berekraftig økonomisk utvikling.

Eit grønt arbeids- og næringsliv med auka innovasjonstakt: I 2025 vart det gitt nær 68 mill. kr i tilskot til næringsutvikling i fylket. Dette utløyste ein samla sum på 148 mill. kr til utviklingsarbeid. Det vart arbeidd med industrielle symbiosar der fleire bedrifter deler på ressursar, og råstoff eller avfall frå ei bedrift er innsatsfaktorar for andre bedrifter. Dette blir følgd opp gjennom oppdrag til Innovasjon Norge om realisering av Grønt industriløft. Sjå meir lengre ned under overskrifta "Større tverrgåande satsingar og større tiltak". Til saman 35 forskings- og utviklingsprosjekt (FoU) fekk støtte frå MobPro og regional forskingsfinansiering i 2025. Reiselivsselskapa i fylket stifta i 2025 eitt felles fylkesdekkande destinasjonsselskap, og to reiselivsprosjekt fekk støtte. Verdiskapinga frå landbruket i Møre og Romsdal var i 2020 på 1025 mill. kroner Verdiskapinga i 2025 er ut frå dette som forventa. Nibio kjem med ein ny analyse i 2026 som vil gi oppdaterte tal. Gjennom etablerartenesta hoppid.no er nær 400 forretningsidear/case utvikla i 2025, og digital etablerar-rettleiing har no godt over 600 brukarar. Det har vore ei rekke arrangement som til dømes nettverkssamlingar, innovasjonsfestival og workshop med til saman eit par hundre deltakarar, og alle kommunane som er med i ordninga har fornya sine hoppid.no-avtalar. FRAM har utvikla ei teneste der kollektivreisande kan kjøpe digitale klippekort i appen. Oversikt over tilgjengeleg innfartsparkering er også i kartet i FRAM-appen, og gir oversikt over kor ein kan parkere bilen for deretter å reise kollektivt vidare. FRAM deltek i eitt samarbeid med andre fylkeskommunar om eit økosystem som løfter innovasjon og sikrar gode digitale løysingar. Digi Møre og Romsdal har gjennom fruktbart samarbeid etablert fleire felles kommunale digitaliseringsprosjekt i 2025 for å styrke kommunane sitt tenestetilbod. Dette inkluderer også konkrete verktøy for bruk i kommunane.

Nødvendig krafttilgang og nettinfrastruktur: I 2024 vart det produsert 6528 GWh kraft (vannkraft, vindkraft, varmekraft og solkraft). Dette er ein reduksjon på 565 GWh frå 2023. Forbruk av kraft var på 13110 GWh i 2024, som inneber at forbruket er dobbelt så høgt som produksjonen. Fylkeskommunen har arbeidd breitt med energi- og kraftrelaterte høyringar, innspel og samarbeidsprosessar for å styrke kunnskapsgrunnlaget og påverke utviklinga av framtidas energiløysingar. Det er løyvd 1,4 mill. kroner til tre prosjekt for energieffektivisering og ny produksjon av fornybar energi. Dialogen med nasjonale aktørar er styrkt gjennom møte med Energidepartementet og Klima- og Miljødepartementet (KLD) om mogleg utnytting av spillvarme frå Nyhamna, som medarrangør for leverandørkonferanse om energiløysingar i kommunane, og gjennom bidrag til biogasskonferanse med fokus på lokale moglegheiter og verdikjeder. Fylkeskommunen har og arbeidd for å vidareutvikle infrastrukturen for el og andre energiberarar. Det har vore dialog med NVE og Statnett, og det er levert innspel til høyringa om ny 420 kV-line Isfjorden–Fannefjord. Det vart i tillegg bestilt fem utgreiingar i 2025. Ein rapport om energiomstilling er levert, og skal bli følgd opp av ein tiltaksplan. Dei tre andre kjem 1. halvår 2026.

<u>Eit trygt, smart og miljøvennleg transportsystem:</u> Bruer og tunnelar er kostbare vegelement. Store prosjekt som vart gjennomført i 2025 var mellom anna Ny Nerlandsøybru og oppgradering av Selvågtunnelen. Det er også utført vedlikehaldstiltak ei rekke stader på fylkesvegnettet, t.d. utskifting av stikkrenner, rekkverk, masseutskifting i vegkropp, vedlikehald av ferjekaier, bruer og tunnelar. 120 km fylkesveg er asfaltert. Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane i Møre og Romsdal vart estimert til 16,8 mrd. kroner ved kartlegging i 2023. Oppdaterte estimat (MOTIV) viser at i 2025 har Møre og Romsdal behov for om lag 490 mill. kroner meir til drift og vedlikehald om ikkje etterslepet skal auke ytterlegare. I ferjedrifta auka tal køyretøy i 2025 med 2,65 prosent samanlikna med 2024. Regulariteten var på 98,7 prosent og over målsettinga, attståande køyretøy utgjorde beskjedne 0,2 prosent. Det har vore byggeaktivitet på ferjekaiene Larsnes, Åram, Kvamsøya, Voksa og Dryna i 2025. Kundetilfredsheits-undersøkingar viser at 86 prosent av dei spurte er svært godt eller godt nøgd med kollektivreisa.

<u>Eit mangfaldig, likestilt og inkluderande arbeidsliv:</u> For alle vegprosjekt og vegdriftskontraktar blir det gjennomført inntakskontroll for kvar nye underentreprenør i tråd med seriøsitetsbestemmingar og kontrakt. Fylkesvegavdelinga jobbar aktivt med HMS for å unngå skadar både internt og i tilknyting til kontraktsoppfølging. FRAM har utvikla eit system for kontraktsoppfølging som blei tatt i bruk i 2025, og det er tatt i bruk i åtte av 15 kontraktar.

<u>Berekraftig økonomisk utvikling:</u> Fylkeskommunen arbeider med å utvikle kontraktar på samferdselsområdet som stimulerer til kostnadseffektivitet og reduserte kostnader, mellom anna gjennom å vurdere storleik og talet på driftskontraktar på veg, for meir hensiktsmessig og mindre krevjande oppfølging. Samarbeid med kommunar og bruk av informasjonsteknologi skal bidra til reduserte kostnader. Det blir og forsøkt å redusere entreprenøren sin risiko ved å bruke meir mengderegulering i vegdriftskontraktar. Dette har mellom anna ført til at alle avslutta investeringsprosjekt på fylkesveg over 10 mill. kroner er gjennomført innanfor kostnadsramma, og kvalitet på utført arbeidd er kontrollert.

## Større tverrgåande satsingar og større tiltak

### Skaparkraftprogrammet

Formålet med Skaparkraftprogrammet har vore å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar gjennom samarbeidsprosjekt og tilskotsordningar innanfor to satsingsområde i 2025: Sirkulære verdikjedeprosjekt/symbiosar og Fornybar energi. Hovudmålet for programmet har på lang sikt vore å auke berekraftig eksport. Den økonomiske ramma var 8,3 mill. kroner (inkl. prisjusteringar) i 2025. Fylkestinget vedtok i desember 2025 å avslutte programmet ved å kutte vidare økonomisk støtte. Det vart gitt tilskot til sju sirkulære verdikjedeprosjekt innan mange bransjar. Gjennom rammeavtale med Multiconsult er det starta fem energiutgreiingar som gir betre oversikt over kraftbehov og produksjonspotensiale. Totalt vart det gitt støtte/innkjøp til en total sum på 8,91 mill. kroner i 2025.

Resultata må vurderast i eit langsiktig perspektiv. Programmet har vore retta mot å bygge kapasitet, kompetanse og prosjektporteføljar som kan skalerast vidare gjennom private investeringar, nasjonale og internasjonale ordningar. Fleire prosjekt er allereie ført vidare til nye utviklings- og investeringsløp. Samla sett har Skaparkraft medverka til å styrke Møre og Romsdal si rolle som ein leiande industriregion i det grøne skiftet. Vi har stor tru på at effekten av programmet vil kome til syne over tid gjennom nye eksportprodukt, høgare produktivitet og meir berekraftige arbeidsplassar, i tråd med både regionale prioriteringar og nasjonale mål.

## Bypakkearbeid

### Bypakke Ålesund

Bypakke Ålesund er eit samarbeid mellom Ålesund kommune (ÅK) , Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) og Statens vegvesen (SVV). Det skal brukast om lag 4 mrd. kroner på å betre vegane, bygge sykkelvegar, gjere framkome tryggare for dei mjuke trafikantane og legge til rette for auka bruk av kollektivtransport. Fylkeskommunen har ansvar for fleire av prosjekta. Dei største er opprusting av fv. 60 Blindheim–Flisnes og nytt kollektivknutepunkt i Keiser Wilhelms gate i Ålesund sentrum som opna i januar 2025. Prosjektet Blindheim – Flisnes er i byggefase og er planlagt ferdigstilt ved utgangen av 2026. Strekninga får ei kraftig oppgradering med mellom anna ny rundkøyring, fire nye undergangar, fortau og ny gang- og sykkelveg på deler av strekninga, tre tosidige busshaldeplassar og støyskjerming. I 2025 vart det også bygd om lag 750 meter tosidig sykkelfelt samt fortau på strekninga Tonningsgate - Steinvågbrua. Prosjektet Sørsida og Brosundet som SVV har ansvar for, er ferdig regulert og skal lysast ut. Prosjektet Breivika - Lerstad, der SVV bygger ny firefelts veg til Ålesund på strekninga, er under bygging, og er forventa ferdig i 2027. Det ligg også heile 13 kollektivprosjekt i bypakka, der fleire er ferdigstilt, og noko er under planlegging. Det same er situasjonen for dei 13 sykkelprosjekta som ligg i pakken, og dei 12 prosjekta for tryggare skuleveg.

### Bypakke Kristiansund

Bypakke Kristiansund er eit samarbeid mellom Kristiansund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen. I 2025 blei det gjennomført ekstern kvalitetssikring (KS2) og Stortinget vedtok bompengeproposisjonen 3. juni 2025. Det er sett i gang grunnerverv, arkeologiske undersøkingar og prosjektering av Trollsvingen/Røsslyngveien og kollektivfeltet Goma–Atlanten. Fylkeskommunen har hovudansvar for kollektivtiltaka i bypakken.

## Ein bit av historia

Ein bit av historia blei i 2025 avslutta i sin noverande form. Det er ikkje prioritert midlar til satsinga over økonomiplan i 2026. Det er gjennomført ei evaluering av satsinga for perioden 2019 - 2024:

Evalueringa av **Ein bit av historia** viser at programarbeidet har gjort fylkeskommunen til ein meir tydeleg og samordna aktør i kulturmiljøarbeidet. Metoden har styrkt samarbeidet på tvers av fag, nivå og sektorar, og har gitt betre struktur i prosjekt og eigarskap hos partnarar. Fylkeskommunale midlar blir i stor grad supplerte med nasjonale tilskot, sponsorar og omfattande eigeninnsats, noko som har skapt både økonomiske, sosiale og kulturelle verdiar. Programarbeidet har òg ført til meir ekstern samhandling og gjort fylkeskommunen betre i stand til å vere i forkant av utfordringar ute i kommunane.

Samla sett viser evalueringa at **Ein bit av historia** har vore ein viktig motor for utvikling, samarbeid og formidling av kulturmiljø i Møre og Romsdal, og at programarbeid styrker fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar.

Nokre av satsingane i Ein bit av historia vidareførast som eigne satsingar, for eksempel gjeld dette Nasjonaljubileet 2030 - Valldal 2029.

## By og tettstadarbeidet

Fylkeskommunen samarbeider med kommunane om å utvikle levande og attraktive tettstadar i Møre og Romsdal. Til og med 2025 har satsinga vore organisert i eit program leia av rådgivarar på planseksjonen med deltaking frå Kulturavdelinga og Kompetanse og næringsavdelinga.

I 2025 har det vore arbeidd med bustad- og bustadpolitikk, etablering av byrom for alle, samarbeid om sentrumsutvikling, næringsutvikling i sentrumsområde og kunst i offentlege rom. 5 kommunar har fått tildelt til saman over 5 mill. kr til ulike utviklingsprosjekt

Fylkeskommunen sine midlar har og utløyst støtte til andre prosjekt i kommunane, mellom anna frå KORO til kunstprosjekt i Herøy og i Ulsteinvik, frå Miljødirektoratet til reetablering av vegetasjon langs Straumselva i Bruhagen og frå Husbanken til prosjekt HUS i Fjord kommune og til «Bustadar i funksjonstømte bygg» i Sykkylven.

Næringsutvikling i sentrum er eit kjerneområde i arbeidet med by- og tettstadsutvikling. Sykkylven, Ulstein, Herøy og Kristiansund har tilsett eigne sentrumskoordinatorar med støtte frå Program for berekraftig by- og tettstadutvikling. Desse stillingane medverkar til å binde saman næringsaktørar, eigarar og kommune som styrker samarbeidet om nærings- og sentrumsutvikling.

Leverte prosjekt i 2025:

- Kristiansund: Forprosjekt gatetun i Fredrik Selmers gate i samband med nye studentbustadar
- Molde: Sentrumsrekneskap
- Fjord. Moglegheitsstudie for Sylte sentrum vest
- Sykkylven: Skaparglede i sentrum
- Volda: Overvatn som ressurs
- Ulsteinvik: Trivselsgata og arbeid med sentrumsplan
- 4 byrom blei ferdige; Torget i Elnesvågen, Øysteinen på sjøfronten i Molde, Rådhusplassen på Bruhagen, og tiltak i Trivselsgata i Ulsteinvik.

Det blei også arrangert seks digitale frukostwebinar, by- og tettstadseminar, og samling for sentrumskoordinatorar og sentrums- og næringsforeiningar. Sjå meir i eigen årsrapport for by og tettstadarbeidet.

## Opplæring i plan for politikarar

Gjennom satsinga «Tett på» opptrer Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren og Distriktssenteret som eit samla lag mot distriktskommunane Gjemnes, Fjord, Sande, Stranda og Vanylven i opplæring i plan for politikarar. Målsettinga i satsinga er å gjere kommunane i stand til å utøve rolla som samfunnsutviklar i tråd med plan og bygningsloven. «Tett på» støttar og rettleiar kommunane med skreddarsaum av politiske verkstader i kommunestyra og planprosessar tilpassa kommunane sine behov og ressursar.

I mars 2025 var alle dei fem kommunane samla i Geiranger for erfaringsutveksling og arbeid kring felles utfordringar. I grupper på tvers av kommunar vart deltakarane utfordra på kopling mellom overordna planverk og planar for helse- og omsorgssektoren med bruk av heilskapleg innsatstrapp, og kommunikasjon kring behovet for omstilling.

De kan lese meir om dette arbeidet på Distriktssenterets nettside.

# Årsmelding

Fylkeskommunen er ein politisk styrt organisasjon med fylkestinget (47 representantar) som det øvste folkevalde organet. Leiar for fylkestinget er fylkesordføraren. Andre sentrale utval med medlemer oppnemnd av fylkestinget er:

- Fylkesutvalet
- Kompetanse- og næringsutvalet
- Kultur- og folkehelseutvalet
- Samferdselsutvalet
- Kontrollutvalet

Fylkeskommunen sine ulike roller og planverk er omtalt i årsrapporten.

Fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver i dag er:

- Samferdsel (fylkesvegane, fylkesvegferjer, kollektivtrafikk i fylket, ruteopplysning mm.)
- Vidaregåande opplæring (vidaregåande skolar, fagopplæring, vaksenopplæring mm.)
- Næringsutvikling (tilretteleggande verkemiddel for næringsutvikling og entreprenørskap)
- Offentleg tannhelseteneste
- Kultur (fylkesbibliotek, spelemidlar til idrettsanlegg, midlar til kulturbygg, driftstilskot mm.)
- Regional planlegging, oppfølging av regionalt planmynde og planrettleiing til kommunane
- Forvalte regionale utviklingsmidlar (strategisk bruk av nærings- og distriktspolitiske virkemidlar)
- Folkehelse (pådrivar for regionalt og lokalt folkehelsearbeid)
- Internasjonalt arbeid

## 1 Driftsrekneskap

### 1.1 Driftsresultat

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2025 eit korrigert netto driftsresultat 579,6 mill. kroner (tabell 1). Dette er ein auke på 196,7 mill. kroner samanlikna med budsjett for 2025, og ein auke på 528,2 mill. kroner samanlikna med rekneskap for 2024.

| i 1000 kroner | Rekneskap 2025 | Budsjett 2025 | Avvik | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Totale driftsinntekter | 8 678 541 | 8 486 466 | 192 075 | 7 996 676 |
| Totale driftsutgifter | 8 087 017 | 8 082 149 | -4 868 | 7 912 008 |
| **Brutto driftsresultat** | **591 524** | **404 318** | **187 207** | **84 668** |
| Netto finansutgifter | 659 283 | 677 824 | 18 541 | -622 859 |
| Motpost avskrivingar | -681 639 | -660 000 | 21 639 | 626 300 |
| **Netto driftsresultat** | **613 880** | **386 493** | **227 387** | **88 108** |
| Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond | -34 239 | -3 548 | -30 691 | -36 621 |
| **Korrigert netto driftsresultat** | **579 641** | **382 946** | **196 696** | **51 487** |
| **Korrigert netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter** | **6,7 %** | **4,5 %** | **2,2 %** | **0,6 %** |

Tabell 1 Korrigert netto driftsresultat (netto driftsresultat korrigert for bunde driftsfond)

Netto driftsresultat, korrigert for bundne fond, utgjer 6,7 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er 2,2 prosentpoeng høgare enn budsjettert. Fylkestinget si målsetjing er 3,5 prosent, medan Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår eit nivå på 4 prosent.

Netto driftsresultat er disponert på følgande måte:

| i 1000 kroner | Rekneskap 2025 | Budsjett 2025 | Avvik | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsresultat** | **613 880** | **386 493** | **227 387** | **88 108** |
| Overføring til investering | -286 879 | -277 000 | -9 879 | -315 445 |
| Avsetningar til bundne driftsfond | -433 638 | -197 509 | -236 129 | -372 155 |
| Bruk av bundne driftsfond | 399 399 | 193 961 | 205 438 | 335 534 |
| Avsetningar til disposisjonsfond | -292 762 | -201 357 | -91 405 | -86 225 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 95 411 | -95 411 | 350 183 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **-613 880** | **-386 493** | **-227 387** | **-88 108** |

Tabell 2: Disponering av netto driftsresultat

Det var budsjettert med ei avsetting til disposisjonsfond på om lag 201,4 mill. kroner, medan faktisk avsetting vart 292,8 mill. kroner. Det var vidare budsjettert med bruk av disposisjonsfond på 95,4 mill. kroner, men det vart ikkje nytta midlar frå fondet i 2025. Samla inneber dette ei netto avsetting som er 186,8 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Disposisjonsfondet utgjorde 755,8 mill. kroner per 31.12.2025, tilsvarande 8,7 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er 1,3 prosentpoeng under måltalet på 10 prosent.

## 1.2 Brutto driftsinntekter

| i 1000 kroner | Rekneskap 2025 | Budsjett 2025 | Avvik | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | 4 598 530 | 4 665 096 | -66 566 | 4 160 847 |
| Inntekts- og formuesskatt | 2 100 610 | 2 049 126 | 51 484 | 1 884 484 |
| Andre generelle driftsinntekter | 64 915 | 65 164 | -249 | 124 335 |
| Andre inntekter (m.a. øyremerka statlege overføringar) | 1 914 486 | 1 707 080 | 207 406 | 1 827 010 |
| **Totale driftsinntekter** | **8 678 541** | **8 486 466** | **192 075** | **7 996 676** |

Tabell 3: Driftsinntekter

Brutto driftsinntekter var i 2025 på totalt 8 678,5 mill. kroner. Dette er 192,1 mill. kroner høgare enn budsjett og 681,9 mill. kroner høgare enn i 2024.

### Rammetilskotet

Rammetilskotet var på 4 598,5 mill. kroner inkl. skatteutjamninga i 2025, som er 66,6 mill. kroner lågare enn budsjettert og 437,7 mill. kroner høgare enn i 2024.

Mindreinntekta skuldast lågare skatteutjamning mot slutten av året enn føresett i budsjettet. Lågare skatteutjamning har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal, sett i samanheng med skatteinngangen i resten av landet.

### Inntekts- og formuesskatt

Inntekts- og formuesskatt var på 2 100,6 mill. kroner i 2025, som er om lag 51,5 mill. kroner høgare enn budsjettert og 216,1 mill. kroner høgare enn i 2024.

Totalt auka rammetilskot og skatteinntekter med 125 mill. kroner i forhold til opphaveleg budsjett 2025.

### Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter utgjorde om lag 64,9 mill. kroner i 2025, som er ein reduksjon på 249 000 kroner samanlikna med budsjettet og 59,4 mill. kroner lågare enn rekneskapen for 2024. Reduksjonen frå 2024 skuldast Havbruksfondet og at utbetaling av produksjonsvekst vert gjennomført annakvart år.

Andre generelle driftsinntekter består, i tillegg til inntekter frå Havbruksfondet, av rentekompensasjonsmidlar knytte til fylkesvegnettet og skulebygg, og av naturressursskatt.

### Andre inntekter (inkl. øyremerka statlege overføringar)

Posten viser alle inntektene fylkeskommunen har frå sal av tenester (fylkesferje, buss, hurtigbåt m.m.), samt overføringar frå statlege ordningar for regional utvikling på ymse område (spelemidlar, Innovasjon Noreg, Kulturtanken, regionalt forskingsfond m.m.).

Motposten er Andre utgifter (inkl. øyremerkte statlege overføringar), sjå tabell 4 under. Dei to postane er inkluderte i den totale økonomiske oversikta og må sjåast i samanheng. Desse vil normalt påverke netto driftsresultat i liten grad.

## 1.3 Brutto driftsutgifter

| i 1000 kroner | Rekneskap 2025 | Budsjett 2025 | Avvik | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Korrigert sum løyvingar drift, netto | 5 483 066 | 5 715 068 | 232 002 | 5 450 133 |
| Avskrivingar | 681 639 | 660 000 | -21 639 | 626 300 |
| Andre utgifter (til øyremerka tiltak) | 1 922 312 | 1 707 080 | -215 231 | 1 835 575 |
| **Totale driftsutgifter** | **8 087 017** | **8 082 149** | **-4 868** | **7 912 008** |

Tabell 4 Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter var i 2025 på totalt 8 087 mill. kroner, noko som er 4,9 mill. kroner høgare enn budsjett, og 175 mill. kroner høgare enn i 2024.

## Sum løyving drift, netto

Sum løyvingar drift netto, består av driftsrammene (fylkestingsrammene) til avdelingane korrigert for overføring til investering og bruk av bundne fond (jf. tabell 5).

## Budsjettavvik på driftsrammer

Fylkestinget deler dei frie inntektene på 9 fylkestingsrammer, utanom Lønnsreserve og pensjon. Driftsbudsjettet er vedtatt som nettorammer, og hovudutvala kan omdisponere mellom sine utvalsrammer, jf. tabell 5:

| Fylkestingsrammer (i 1000 kroner) | Rekneskap 2025 | Budsjett 2025 | Avvik kroner |
|---|---|---|---|
| Fellesutgifter og fellesinntekter | 45 798 | 66 307 | 20 509 |
| Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjoner | 145 806 | 149 406 | 3 600 |
| Bygg- og eigedomstenester | 143 757 | 148 514 | 4 757 |
| Kompetanse- og næringsområdet | 1 959 464 | 2 023 520 | 64 056 |
| Fagskolen Møre og Romsdal | 27 627 | 38 721 | 11 095 |
| Tannhelseområdet | 232 628 | 246 585 | 13 956 |
| Kulturområdet | 151 549 | 165 466 | 13 917 |
| Samferdselsområdet | 2 803 372 | 2 850 567 | 47 195 |
| Politikk og kontrollorgan | 41 361 | 47 380 | 6 019 |
| Lønnsreserve og pensjon | -24 178 | -17 849 | 6 329 |
| **Sum netto løyvingar drift på rammeområda** | **5 527 185** | **5 718 616** | **191 432** |
| Overføring til investering frå rammeområder | -9 879 | 0 | 9 879 |
| Avsetting til bundne fond rammeområder | -433 638 | -197 509 | 236 129 |
| Bruk av bundne fond rammeområder | 399 399 | 193 961 | -205 438 |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **5 483 066** | **5 715 068** | **232 002** |

Tabell 5: Sum løyvingar drift, netto (driftsrammer)

Rekneskapen for driftsrammene (sum netto løyvingar drift, netto) var på 5 483,1 mill. kroner i 2025. Dette er 232 mill. kronar lågare enn budsjett.

Sum netto løyving drift på rammeområda har eit samla netto mindreforbruk på om lag 191,4 mill. kroner.

**Fellesutgifter og fellesinntekter** viser eit samla mindreforbruk på om lag 20,5 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket må sjåast i samanheng med at store delar av potten til tilskot i ordninga for berekraftig by- og tettstadutvikling ikkje vart utbetalt, og at fleire kommunar måtte tilbakebetale tilskot fordi

planlagde tiltak ikkje vart gjennomførte. SOC-tenestene (tryggleiksovervåking) er i tillegg ikkje kjøpt inn endå.

Vidare skuldast mindreforbruket færre uforutsette fellesutgifter enn budsjettert, lågare husleige- og felleskostnader for Campus Kristiansund, samt lågare og utsette kostnader knytt til MTM-arbeidet (medarbeidarundersøkinga). Prosjektet med ordning av papirarkiv etter tilsyn frå Arkivverket starta også seint i 2025, noko som reduserte kostnadene inneverande år.

**Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar** har eit netto mindreforbruk på 3,6 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket kjem i hovudsak av færre tiltak og lågare utbetalingar knytt til fleirårige samhandlings- og fylkesplanmidlar, kompetanseheving og universell utforming (UU). Omstilling og stram økonomistyring har også bidrege vesentleg.

Aktivitetar i prosjektet «Nye utdanningar til Campus Kristiansund» vart gjennomført til lågare kostnad enn føresett, og tre vakante stillingar dei siste tre månadene av året reduserte lønnsutgiftene ytterlegare. I tillegg vart budsjetterte midlar til kjøp av konsulenttenester og lisensar på 0,3 mill. kroner rekneskapsført under ramma «Fellesutgifter og fellesinntekter» i staden, noko som også påverka resultatet positivt.

**Bygg- og eigedomstenester** viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 4,7 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket kjem hovudsakleg av forseinka framdrift i prosjektleiinga for Sørsida i Ålesund og utsette vedlikehaldsprosjekt. Høgare prosjektaktivitet har flytta lønnskostnader til investering og gitt mindreforbruk i drift.

**Kompetanse og næringsområdet** viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 64,1 mill. kroner i 2025. Området er delt i tre utvalsrammer: Kompetanseområdet, vidaregåande skolar og næringsområdet.

***Kompetanseområdet*** viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 579 000 kroner.

***Vidaregåande skolar*** viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 48,6 mill. kroner.

- 17 vgs. med mindreforbruk (+54,1 mill. kroner)
- 3 vgs. med meirforbruk (-5,5 mill. kroner)

Mindreforbruket i vidaregåande opplæring kjem hovudsakleg av omstillingstiltak frå 2024 med om lag 90 årsverk redusert og full effekt frå 2025, lågare lønsutgifter som følgje av vakansar og ikkje-erstatta stillingar, redusert undervisningsaktivitet og avgrensa fagtilbod. I tillegg bidrog høgare inntekter enn budsjettert (refusjonar, tilskot og fiskeriinntekter), stram drift, innkjøpsstopp og ekstra tildelingar i 3. tertial. Inntektsføring av «gamle fond» styrka resultatet ytterlegare.

Mindreforbruket i 2025 blir delvis nytta til å dekke opp tidlegare års meirforbruk, med **32,3 mill. kroner** sett av til dette formålet. Resterande mindreforbruk på **21,8 mill. kroner** inneber ei styrking av budsjettramma for dei vidaregåande skolane i 2026.

Meirforbruket ved enkelte skolar er knytt til høge kostnader innan undervisning og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO), lønsavvik samanlikna med budsjett og trekk for tidlegare års meirforbruk.

***Næringsområdet*** viser eit samla mindreforbruk på 14,9 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast i hovudsak tiltaksfondet med færre søknader i Regionalforvaltning enn forventa, samt eit internt tilsegn som først kan nyttast i 2026. Regionale prosjektsatsingar og Skaparkraft hadde lågare forbruk grunna utsett oppstart av prosjekt og aktivitetar som blir vidareført til 2026. Det marine miljøsikrings- og verdiskapingsfondet hadde mindreforbruk knytt til tilbakeførte tilsegn og utsett bruk av midlar, mellom anna til Nor-Fishing 2026. Tilskot etter samarbeidsavtale hadde eit mindre meirforbruk som følgje av indeksregulering.

Mindreforbruket reflekterer i hovudsak tidsforskyving i prosjekt, og vil i stor grad bli vidareført til 2026.

**Fagskolen i Møre og Romsdal** viser eit netto mindreforbruk på om lag 11,1 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket kjem hovudsakleg av forseinka innkjøp ved studiestaden i Ålesund, lågare lønnskostnader som følgje av mangel på fagpersonell, og overføring av utviklingsmidlar frå prosjektfond til drift.

**Tannhelseområdet** viser eit netto mindreforbruk på om lag 14 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket kjem hovudsakleg av lågare lønnskostnader som følgje av bemanningsutfordringar i ein periode med sterk vekst i pasientgrunnlaget. Dette har også gitt lågare inntekter og behov for å kjøpe tenester frå private. Kapasitetsutvidingar går seinare enn planlagt, og husleigekostnadene vart lågare enn budsjettert, mellom anna ved Kristiansund kompetanseklinikk.

**Kulturområdet** viser eit netto mindreforbruk på om lag 13,9 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket kjem i hovudsak av forsinka overtaking av Normoria, der utsett konvertering av byggjelån førte til lågare kostnader enn planlagt. I tillegg kjem mindreforbruk knytt til prosjekt for rehabilitering av kunstsamlinga og overskot frå sal av arkeologiske tenester.

**Samferdselområdet** viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 47 mill. kroner i 2025. Området er delt i tre utvalsrammer: Sektor, FRAM og Fylkesveg

***Sektor*** viser eit mindreforbruk på 0,9 mill. kroner, som er knytt til innsparing og refusjonar.

***FRAM*** viser eit mindreforbruk på 6,5 mill. kroner. Mindreforbruket kjem i hovudsak frå bussdrifta og TT-ordninga, medan ferje og hurtigbåt har meirforbruk.

Bussområdet hadde eit samla mindreforbruk, driven av høgare billettinntekter og lågare kostnader som følge av prisregulering i kontraktane. TT-ordninga hadde også lågare aktivitet og eit tilsvarande mindreforbruk.

Samtidig hadde fylkesvegferjene eit meirforbruk grunna både inntektssvikt og auka kostnader, medan hurtigbåten hadde meirforbruk som følge av færre reisande og kostnadsauke i kontraktane. Administrasjon og forvaltning viser mindreforbruk knytt til lågare marknadsaktivitet.

***Fylkesveg*** viser eit samla mindreforbruk på om lag 39,8 mill. kroner. Hovuddelen av mindreforbruket er knytt til drift og vedlikehald av veg, som samla har eit mindreforbruk på om lag 39 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av lågare prisvekst enn budsjettert i drifts- og vedlikehaldskontraktane, samt lågare kostnader til vinterdrift og redusert gjennomføringsevne hos entreprenørar.

Samtidig har større vêrhendingar ført til eit meirforbruk på 16,2 mill. kroner, og nokre kostnader vil komme i 2026. To driftskontraktar har eit netto mindreforbruk, men endeleg avrekning er framleis usikker.

Forvaltning og vedlikehald av bru og kai har eit meirforbruk grunna høgare konsulentkostnader, medan trafikktrygging viser mindreforbruk som følgje av utsette kommunale tiltak. Ein del midlar må overførast til 2026 for å dekke prosjektbindingar.

**Politikk og kontrollorgan** viser eit netto mindreforbruk på om lag 6 mill. kroner i 2025.

Politisk verksemd har eit meirforbruk, særleg grunna høgare godtgjersler, reisekostnader og prisauke på stemmesetlar, medan fylkesutvalet sin reservepost har mindreforbruk.

Kontroll og revisjon har eit klart mindreforbruk som følgje av lågare møte- og tenestekostnader. Ombodsordningane har mindreforbruk grunna vakanse i stillinga som elev- og lærlingombod og avlyst konferanse.

**Lønnsreserve og pensjon** viser eit netto mindreforbruk på om lag 6,3 mill. kroner i 2025. Lønnsreserveposten har ei mindreutgift på 12,5 mill. kroner, hovudsakleg fordi lønnsoppgjeret vart lågare enn føresett. Av dette utgjer 0,2 mill. kroner lågare reguleringspremie. Pensjonsposten viser ei mindreinntekt på om lag 6,2 mill. kroner som følgje av høgare premieavvik enn budsjettert.

## 1.4 Netto avsetning til eller bruk av fond

Dersom dei statlege overføringane ikkje vert brukt i løpet av kalenderåret, så er det mogleg å avsetje midlane som bundne fond til seinare år. I 2025 var netto avsetjing til bundne fond på 34,2 mill. kroner, jf. tabell 1. Det betyr at vi har sett av meir av dei bundne fonda enn vi har brukt. Sidan dette ikkje er frie midlar til fylkeskommunen sin eigen disposisjon, så kjem dette som ein korreksjon til netto driftsresultat (sjå tabell 1). Avsettinga til bundne fond er ikkje kjent før ved avslutninga av årsrekneskapen.

## 2 Investeringsrekneskap

Sum investeringsutgifter i 2025 utgjorde om lag 1,222 mrd. kroner, noko som er om lag 147 mill. kronar lågare enn budsjettert.

| Investeringsoversikt (i 1000 kroner) | Rekneskap 2025 | Budsjett 2025 | Avvik | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 1 218 565 | 1 366 516 | 147 951 | 1 441 431 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 476 | 0 | -476 | 310 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 2 153 | 2 100 | -53 | 47 263 |
| Utlån av eigne midlar | 372 | 0 | -372 | 3 410 |
| **Sum investeringsutgifter** | **1 221 566** | **1 368 616** | **147 050** | **1 492 415** |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -174 585 | -191 700 | -17 115 | -222 842 |
| Tilskot frå andre | -185 576 | -171 550 | 14 027 | -145 475 |
| Sal av varige driftmiddel | -1 238 | 0 | 1 238 | -3 315 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | -101 | -500 | -399 | -3 051 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -568 161 | -686 712 | -118 552 | -730 894 |
| **Sum investeringsinntekter** | **-929 660** | **-1 050 462** | **-120 802** | **-1 105 577** |
| Overføring frå drift | -286 879 | -277 000 | 9 879 | -315 445 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 52 | 0 | -52 | 57 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -2 552 | 0 | 2 552 | -20 776 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 0 | 500 | 500 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -2 525 | -41 654 | -39 129 | -50 674 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | **-291 905** | **-318 154** | **-26 248** | **-386 838** |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Tabell 6: Løyvingsoversikt – investering

### 2.1 Budsjettavvik investeringsrammer

Nedanfor har vi kommentert dei største avvika.

| Investeringer i varige driftsmiddel (i 1000 kroner) | Rekneskap 2025 | Budsjett 2025 | Avvik | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Fellesutgifter og fellesinntekter | -73 | 0 | 73 | 600 |
| Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar | 11 315 | 20 609 | 9 294 | 1 734 |
| Bygg- og eigedomstenester | 15 104 | 34 985 | 19 881 | 13 821 |
| Kompetanse- og næringsområdet | 61 284 | 96 468 | 35 184 | 216 155 |
| Fagskolen Møre og Romsdal | 5 044 | 7 056 | 2 012 | 7 733 |
| Tannhelseområdet | 2 663 | 7 996 | 5 333 | 24 902 |
| Samferdselsområdet | 1 123 228 | 1 199 402 | 76 174 | 1 176 486 |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | **1 218 565** | **1 366 516** | **147 951** | **1 441 431** |

Tabell 7: Investeringar i varige driftsmiddel

**Bygg- og eigedomstenester**

Det er investert til saman om lag 15,1 mill. kroner knytt til kjøp av eigedom, opprusting av bygningsmassen og solenenergianlegg i 2025. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 19,9 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på prosjekta. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2026.

**Kompetanseområdet**

Det er investert til saman om lag 61,3 mill. kroner knytt til i Kompetanse- og næringsområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 35,2 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på fleire prosjekt. Nokon av prosjekta har delvis særskilt finansiering.

Dei største avvika gjeld:

- Utstyr/universell utforming/ped. ombygging viser eit mindreforbruk på om lag 14,8 mill. kroner, som skuldast periodiseringsavvik mellom 2025 og 2026. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2026
- Hustadvika Marine fag med om lag 6 mill. kroner da ein ventar på godkjenning av konsesjonssøknad
- Ørsta Kompetanse- og kultursenter med om lag 7,2 mill. kroner. Prosjektet er enno i planleggingsfase, og forseinka i høve til framdriftsplan

**Tannhelseområdet**

Det er investert til saman om lag 2,6 mill. kroner i utstyr og bygningar på Tannhelseområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 5,3 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast i hovudsak forseinka prosessar som til dels heng saman med avgrensa administrative ressursar i fylkeskommunen sine stabsavdelingar.

**Samferdselområdet**

Det er investert til saman om lag 1,1 mrd. kroner på Samferdselsområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 76,2 mill. kroner.

Det samla avviket (mindreforbruk) skuldast i hovudsak periodiseringsavvik, i tillegg til nokre varige meir- og mindreforbruk. Periodiseringsavvika har ulike årsaker, der nokre gjeld forhold som fylkeskommunen som byggherre kan påverke og andre gjeld forhold som ligg utanfor vår kontroll.

Dei største avvika gjeld:

- Endra framdrift på Ytre/utasundspakken: 28,8 mill. kroner
- Auka kostnad knytt til utbetring Selvågtunnelen: 17,8 mill. kroner.
- Endra framdrift for avslutning av Nordøyvegen: 11,5 mill. kroner

### 2.2 Finansiering

Lånemidlar har finansiert 568,2 mill. kroner av investeringane i 2025, noko som er 118,6 mill. kroner lågare enn budsjettert. Dette skuldast forseinka framdrift i fleire av investeringsprosjekta. Kjøp av aksjar er i heilheit finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

### 2.3 Overføring frå drift

Overføring frå drift på 286,9 mill. kroner består i hovudsak av tilskot til ras- og tunnelsikringsinvesteringar på 277 mill. kroner. Desse midlane er gitt som særskilte midlar i statsbudsjettet, og blir utbetalt som rammetilskot (driftsinntekter). Vi overfører midlane som tilskot til investering for å finansiere dei særskilte prosjekta.

## 3 Finansielle måltal

Kommunelova set krav til at fylkestinget sjølv skal vedta sine finansielle måltal for fylkeskommunen sin økonomi. Formålet med finansielle måltal er å synleggjere fylkestinget sitt ansvar for å ivareta det økonomiske handlingsrommet i eit langsiktig perspektiv.

### 3.1 Netto driftsresultat

Teknisk beregningsutvalg (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi har anbefalt at fylkeskommunane bør ha eit måltal for netto driftsresultat på om lag 4 prosent (korrigert for bundne midlar) som ein buffer mot:

- Svingingar i rentenivået og drivstoffprisar
- Kapitalslit (avskrivingar) - spesielt viktig sett i samanheng med fylkesvegreforma i 2010, som har ført til auka vedlikehaldsetterslep for fylkeskommunane
- For å bygge opp reservar til framtidige investeringar

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt vedtekne måltal i 2025 var på om lag 3,5 prosent.




Figur 1: Utviklinga i korrigert netto driftsresultat dei siste 5 åra

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2025 eit netto driftsresultat, korrigert for bundne midlar, på 6,7 prosent. Til samanlikning var resultatet 0,6 prosent i 2024. Nivået i 2025 ligg 3,2 prosentpoeng over målsettinga på 3,5 prosent. Samanlikna med dei andre fylkeskommunane same år, har Møre og Romsdal det høgaste driftsresultatet.



Figur 2: Netto driftsresultat for alle fylkeskommunar i 2025

## 3.2 Disposisjonsfond

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkast gjennom å auke frie driftsfond/ disposisjonsfond, slik at fondsmidlane kan nyttast til å dekke uventa meirutgifter i enkeltår.

Størrelsen på disposisjonsfondet viser kor stor økonomisk buffer fylkeskommunen har til den løpande drifta, og kor stor økonomisk handlefridom fylkeskommunen har i åra som kjem. TBU og Kommunenes Sentralforbund (KS) anbefaler at størrelsen på driftsfondet helst bør være på minst 10 prosent av brutto driftsinntekter. Vedtatt måltal for Møre og Romsdal fylkeskommune i 2025 var på 10 prosent.




Figur 3: Utviklinga i disposisjonsfondet dei siste 5 åra

Per 31.12.2025 var disposisjonsfondet på 8,7 prosent, mot 5,8 prosent i 2024. Disposisjonsfondet er dermed 1,3 prosentpoeng lågare enn vedtatt målsetting. Figur 3 viser at disposisjonsfondet har falle vesentleg i perioden 2021–2024, men med ei styrking i 2025. I 2021 var disposisjonsfondet på 947,4 mill. kroner, medan det ved utgangen av 2025 var på 755,8 mill. kroner. Samla sett understrekar dette at disposisjonsfondet må vere eit vedvarande fokusområde for å redusere handlingsmessige avgrensingar i økonomien.

Møre og Romsdal fylkeskommune har det lågaste disposisjonsfondet av alle fylkeskommunane (figur 4). Alle fylkeskommunane, bortsett frå Møre og Romsdal og Vestland, ligger over anbefalinga frå KS/TBU på 10 prosent.




Figur 4: Størrelsen på disposisjonsfond for alle fylkeskommunane i 2025

## 3.3 Langsiktig lånegjeld og gjeldsgrad

Ved utgangen av 2025 var Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld på 10 119 mill. kroner. Dette er ein auke på 56 mill. kroner frå året før.

For å berekne ei meir korrekt lånegjeld for Møre og Romsdal, så har vi korrigert for ubundne investeringsfond og for ekstraordinære inntekter (ferjeavløysingsmidlar og lån dekt av andre) som er spesielle for Møre og Romsdal fylkeskommune. Korrigert lånegjeld vert då på 8 101 mill. kroner (sjå figur 5).




Figur 5: Utviklinga i korrigert lånegjeld dei siste 5 åra

Korrigert gjeldsgrad var ved utgangen av 2025 på 93 prosent av brutto driftsinntekter, noko som er 7 prosentpoeng lågare enn i 2024. KS og TBU anbefaler at fylkeskommunane bør ligge på om lag 60 prosent av brutto driftsinntekter for å ha økonomisk handlingsrom til investeringar. Ei lånegjeld på over 90 prosent definerer dei som «raud sone», dvs. at fylkeskommunen har lite handlingsrom til investeringar. Figur 5 viser at Møre og Romsdal allereie i 2021 var over anbefalinga på 90 prosent. Fylkestinget har som målsetting at korrigert gjeldsgrad skal være på om lag 105 prosent av brutto driftsinntekt i økonomiplanperioden, med eit langsiktig mål om å kome ned på 90 prosent. Lånegjelda vil ligge i øvste del av dette intervallet ved utgangen av inneverande økonomiplanperiode, dvs. om lag 99 prosent i 2029.

Høg lånegjeld i kombinasjon med auka rentesats, har ført til at fylkeskommunen betaler 447,6 mill. kroner meir i renter og avdrag i 2025 enn i 2020. Fylkeskommunen er m.a.o. svært sårbar for endringar i rentesatsen, som figuren over viser. Stresstesten i finansrapporten per 31.12.25 viser at Møre og Romsdal fylkeskommune vil få ei årleg auka driftsutgift på om lag 99 mill. kroner ved ein renteauke på 2 prosentpoeng. Gjeldsgraden bør derfor snarast reduserast til maksimalt 90 prosent for at fylkeskommunen skal kunne auke sitt handlingsrom.

Av renteeksponert gjeld utgjer fastrenteavtalar 43,2 prosent. Finansreglementet krev at minst 30 prosent av fylkeskommunale innlån skal vere til fast rente. Til samanlikning var andelen fastrenteavtalar i 2024 på 44,4 prosent.

Samanlikna med alle fylkeskommunane (figur 6), så er Møre og Romsdal den fylkeskommunen med nest høgast lånegjelda per innbyggar, berre slått av Finnmark. Møre og Romsdal har over to gonger så stor lånegjeld per innbyggar som gjennomsnittet.




Figur 6: Lånegjeld per innbyggar for alle fylkeskommunane 31.12.2025

# 4 Handlingsprogram

Fylkeskommunen skal både ha mål for eige verksemd, men også sette mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.

FN sine 17 berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane (miljømessig, sosial/kulturell og økonomisk berekraft), ligg til grunn for måla både i dei regionale planane og i organisasjonsstrategien. Heile plansystemet til fylkeskommunen er no bygd på dei fire knaggane:

- Samarbeidsfylket
- Miljøfylket
- Inkluderings- og kompetansefylket
- Verdiskapingsfylket

Ramma for arbeidet med planar og dermed fylkeskommunen sine mål, blir sett i regional planstrategi (RPS). Det er ei lovpålagt oppgåve, og dette styringsdokumentet skal rullerast kvart fjerde år og henge saman med fylkestingsperiodane. Dokumentet seier noko om utfordringar og moglegheiter 12 år fram i tid. Den tek opp planbehov dei neste fire åra for å møte desse.

Fylkesplanen følgjer opp dei langsiktige utviklingsmåla i RPS. Dette er eit tverrfagleg styringsdokument med 17 fylkesplanmål. Det inneber at fagavdelingane og hovudutvala har eit felles ansvar for måloppnåinga. Det er dette som er kjernen i berekraftsarbeidet – å sjå miljømessige, økonomiske og sosiale forhold i samanheng.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke fylkesstrategiar som følgjer opp fylkesplanmåla. Desse inneheld resultatmål som blir følgt opp i Økonomiplan med budsjett og handlingsprogram kvart år.

Årsrapporten for 2025 er første år med rapportering på Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028.

## 4.1 Samarbeidsfylket

«Møre og Romsdal skal vere god på regionbygging og samarbeid»

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2025 arbeidd målretta for å styrke si rolle som samarbeidsfylke og bidra til heilskapleg samfunnsutvikling i regionen. Gjennom eit breitt samarbeid med kommunar, statlege etatar, næringsliv, FoU-miljø, kulturinstitusjonar og frivillig sektor er det lagt til rette for møteplassar, kompetanseutvikling og felles tiltak. Innsatsen har særleg vore retta mot utanforskap, integrering, bustadpolitikk, psykisk helse og beredskap. Fylkeskommunen har samtidig vore ein viktig partnar i større utviklingsprosjekt, mellom anna kulturhuset Normoria i Kristiansund, ny Ørsta vidaregåande skule og kulturhus og bypakkene i Ålesund og Kristiansund. Alle tenesteområda til fylkeskommunen har omfattande samhandling med kommunane. Utarbeiding av planar, planfagleg rettleiing og behandling av plansaker er ei stor oppgåve for fleire avdelingar i fylkeskommunen.

Det internasjonale arbeidet har vore styrkt gjennom deltaking i europeiske nettverk og prosjekt, og fem nye søknader er sendt i 2025. Fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane mottok over 20 mill. kroner frå Erasmus+, og prosjekta spenner frå marine næringar til kultur, industriell symbiose og ungdomsmedverknad.

Demokrati og medverknad har vore sentrale satsingsområde. Evalueringa av medverknadsråda er gjennomført, og det er gjort grep for at organisasjonen skal bli betre til å nytte råda i saksbehandlinga. Ungdommens fylkesråd har engasjert seg både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Dei regionale kunst- og kulturinstitusjonane har vore viktige bidragsytarar til samfunnsdebatt, ytringsfridom og kunnskapsformidling, medan arbeidet med ny kunnskap på område som frivillig sektor, bustadbehov, landbruk og energi har gitt eit betre grunnlag for politiske avgjerder.

Samfunnstryggleik og beredskap har fått aukande merksemd i 2025. Møre og Romsdal er leiande nasjonalt på beredskapsøvingar på samferdselsområdet, og fleire vêrhendingar har testa beredskapsevna i praksis. Kultursektoren er løfta fram som ein viktig del av den samfunnsmessige motstandskrafta. Gjennom prosjekt som Maritimt kompetanseberedskap er samspel mellom maritim næring, utdanning og Forsvaret styrkt for å møte framtidig kompetansebehov i både sivil og militær sektor.

## 4.2 Miljøfylket

«Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane»

Fylkeskommunen har i 2025 arbeidd vidare med dei fire fylkesplanmåla knytt til reduksjon av klimagassar, berekraftig arealforvaltning, ivaretaking av kulturmiljø og overgangen til sirkulærøkonomi.

Klimagassutsleppa i fylket går svakt ned, men ikkje raskt nok til å nå klimamåla, og enkelte sektorar hadde auke siste år. Vegtrafikken har hatt ein nedgang på 23 prosent sidan 2009, medan sjøfarten har hatt ein svak auke. Fylkeskommunens eigne utslepp går derimot betydeleg ned, særleg grunna elektrifisering av ferjedrifta. Nokre kommunar manglar framleis klimabudsjett, og bruken av nasjonale tilskotsordningar som Klimasats og Natursats har gått ned.

På arealområdet er den oppdaterte arealrekneskapen eit viktige verktøy for kommunane. Det er gjennomført fleire tiltak for å betre vassmiljø og sikre naturverdiane, 78 prosent av vassførekomstane har minst god økologisk tilstand. Fylkeskommunen deltar i prosjekt for kartlegging av karbonrike areal og støttar kommunane i planarbeid. Samferdselssektoren har i vegprosjekta som vart avslutta i 2025 nådd målet om å unngå tap av dyrka mark og myr.

Det er i 2025 registrert lågt tap av kulturminne og det er gjennomført fleire samarbeidsprosjekt med Riksantikvaren og kommunane. Fylkeskommunen har også tilbydd kurs i kulturminnerett. Kapasiteten til å behandle tilskot og dispensasjonar har vore ei utfordring.

Arbeidet med sirkulærøkonomi har gitt resultat gjennom etablering av eit regionalt ombruksforum, satsing på ombrukssentralar og systematisk arbeid med ombruk og sortering i bygge- og anleggsprosjekt. Sorteringsgraden i utbyggingsprosjekt ligg på 91 prosent, og gjenbruk blir vurdert i alle nye driftskontraktar. Innbyggjarane i fylket har òg blitt flinkare til å kjeldesortere, noko som har redusert avfall til forbrenning med 25 prosent sidan 2015.

## 4.3 Inkluderings- og kompetansefylket

«Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu»

Fylkeskommunen har i 2025 arbeidd vidare med målet om å vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu, gjennom innsats innan folkehelse, inkludering, utdanning, kompetanse, by- og tettstadutvikling og kultur- og fritidstilbod.

I arbeidet med trygge lokalsamfunn har oppstarten av den nasjonale folkehelsekampanjen «ABC for god psykisk helse» vore eit viktig tiltak. Her er samarbeid med frivillig sektor ei prioritering.

På trafikktryggingsområdet ser vi at utviklinga siste året har gått feil veg, med fleire drepne og hardt skadde enn tidlegare.

Tannhelsetenesta leverer god måloppnåing for prioriterte grupper, og kariesutviklinga blant barn og unge viser betring samanlikna med 2024.

Inkludering og kompetanse har stått høgt på agendaen. Ny skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring er vedteken for perioden 2026–2040, og vidaregåande opplæring for vaksne blir stadig viktigare. Møre og Romsdal ligg høgt i landet på gjennomføring i vidaregåande opplæring, men det er framleis behov for forbetring. Kompetanseforum Møre og Romsdal er etablert, og arbeidet med etter- og vidareutdanning er styrka, mellom anna gjennom ordninga Fagbrev på jobb.

By- og tettstadutviklinga er vidareført gjennom tilskot til utviklingsprosjekt, ferdigstilling av byrom og vidare arbeid med bypakkene i Ålesund og Kristiansund. Bygdevekstavtalane med Aure og Smøla er inngått og følgde opp med handlingsplan.

Kollektivtrafikken viser stabil utvikling, med svak auke i bussreiser og liten nedgang i båtreiser.

På kultur- og fritidsområdet vart friluftslivets år markert gjennom nær 1 000 aktivitetar i heile fylket, i tillegg til støtte til prosjekt i frivillig sektor. Fylkeskulturkonferansen løfta fram friluftsliv, og ny kunnskap om frivillig sektor er formidla gjennom konferansar og nettverk.

## 4.4 Verdiskapingsfylket

«Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentleg sektor»

Fylkeskommunen har i 2025 arbeidd for å styrke næringslivet med tilskot og rettleiing innan grøn omstilling, kraft og energi, transport, arbeidsliv og berekraftig økonomisk utvikling.

Det grøne skiftet i næringslivet er styrkt gjennom tilskot på nær 68 mill. kroner, som utløyste 148 mill. kroner til utviklingsarbeid. Det er arbeidd vidare med industrielle symbiosar, FoU-prosjekt og reiselivssamarbeid, og hoppid.no har støtta nær 400 etableringsprosessar.

Digi Møre og Romsdal og samarbeid med andre fylkeskommunar har gitt felles digitale løysingar som styrkar innovasjon og effektivitet i kommunal sektor.

Arbeidet med krafttilgang og energisystem er høgt prioritert. Det vart produsert 6,5 TWh kraft i 2024, medan forbruket var over det dobbelte. Fylkeskommunen har delteke aktivt i høyringar og samarbeidsprosessar for å utvikle framtidas energiløysingar og har støtta prosjekt som fremjar energieffektivisering og ny fornybar produksjon. Dialogen med nasjonale aktørar er styrkt, og fleire utgreiingar om energiomstilling og infrastruktur er bestilt.

Eit trygt og miljøvennleg transportsystem er følgt opp gjennom store investeringar i bru- og tunnelprosjekt, vedlikehald på fylkesvegnettet og asfaltarbeid på 120 km veg. Ferjedrifta hadde høg regularitet og vekst i trafikken. Vedlikehaldsetterslepet er framleis stort, og oppdaterte estimat viser behov for om lag 490 mill. kroner meir årleg for å unngå vidare forfall.

Fylkeskommunen arbeider systematisk for eit seriøst og inkluderande arbeidsliv, mellom anna gjennom streng oppfølging av leverandørar i vegprosjekt og nye system for kontraktsoppfølging. HMS-arbeidet er prioritert både internt og i kontraktshandsaming.

For å sikre berekraftig økonomisk utvikling er det lagt vekt på kostnadseffektiv drift og

betre risikohandtering i kontraktar, blant anna gjennom større bruk av mengderegulering. Alle avslutta investeringsprosjekt på fylkesveg over 10 mill. kroner er gjennomført innanfor kostnadsramma, med kvaliteten kontrollert og dokumentert.

## 5 Usikre forpliktingar og betinga eigedelar

Møre og Romsdal fylkeskommune har frå tid til anna ueinigheiter med leverandørar knytt til faktura for leverte varer og tenester. Desse situasjonane oppstår særleg i større veg- og byggeprosjekt der fylkeskommunen er byggherre, og der dei omtvista beløpa kan vere vesentlege.

I tråd med forsiktigheitsprinsippet blir uavklarte faktura vanlegvis kostnadsførte i drifts- eller investeringsrekneskapen når kravet er motteke, sjølv om grunnlaget er omstridt. I rekneskapen for 2025 er det bokført fleire slike krav, både i drift og investering, som samla utgjer fleire titals millionar kroner.

Avklaringsprosessen kan vere omfattande og tidkrevjande, sjølv om fylkeskommunen legg vekt på god dialog og samarbeid med leverandørane for å løyse sakene. I enkelte tilfelle kan slike tvistar i ytterste konsekvens bli handsama i rettsapparatet. Per 31.12.2025, og på tidspunktet for avlegging av årsrekneskapen, har fylkeskommunen ingen saker til rettsleg behandling.

Tilsvarande kan det oppstå usemje knytt til krav fylkeskommunen har mot eksterne partar. I slike tilfelle blir kravet som hovudregel redusert til det nivået der ein vurderer det som meir enn 90 prosent sannsynleg at beløpet vil bli innfridd. Krav i rekneskapen for 2025 er justert ned med nokre millionar på bakgrunn av vurdering opp mot sannsynlegheit.

## 6 Likestilling, inkludering og mangfald

Tiltak som sikrar inkludering og deltaking for alle er prioritert av fylkeskommunen. Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta på ein likeverdig måte. Våre rådgivande utval; eldrerådet, ungdomspanelet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne er viktige for å lykkast med dette. Desse har jamlege møte gjennom året og gir råd i spørsmål som vedkjem råda sine verkeområde. Universell utforming skal ligge i botn for vårt tenestetilbod på alle fagområde.

For å møte krava til universell utforming er innhaldet på nettsidene til fylkeskommunen i samsvar med gjeldande krav til offentlege nettsider. Det er også utarbeidd tilgjengelegheitserklæringar for nettsidene, og desse blir årleg oppdatert. Frå 2026 vil krav om tilgjengelegheitserklæringar også gjelde for applikasjonar (digitale løysingar) som skal nyttast av innbyggarar og våre brukarar.

Fylkesplan for Møre og Romsdal er overordna plandokument for all regional utvikling. Likestilling, inkludering og universell utforming ligg implisitt i fleire av fylkesplanmåla for 2025-2028, til dømes: "Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle, uansett bakgrunn, kan få ytre seg, påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn".

All rekruttering til Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge vekt på likestilling mellom kjønn og mellom minoritetar og majoritetar i alle delar av organisasjonen.

Grunnlaget for vurdering i all rekruttering skal vere:

- Utdanning, kompetanse, erfaring, kjønn og mangfald, jf. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering.
- Likestilling og mangfald skal være ein del av vurderinga ved samansetting av team og organisasjon.

I rekrutteringsprosessen blir ikkje enkeltgrupper nemnd særskilt, men ved utlysing av stillingar oppfordrar fylkeskommunen om at alle med relevant kompetanse er velkomne til å søke på alle stillingar. Leiarar med ansvar for rekruttering er også pålagt, og har ansvaret for, at all rekruttering er i tråd med krava i lova. Dette vert også poengtert ved tilsetting av nye leiarar.

Ved utgangen av 2025 var det i Møre og Romsdal fylkeskommune totalt 2 485 tilsette fordelt på 2 283 årsverk. Av desse var 1 537 kvinner (62 prosent) og 948 menn (38 prosent). Toppleiargruppa i fylkeskommunen, består av 5 kvinner og 5 menn. Kjønnsfordelinga leiande stillingar er på 62 prosent kvinner og 38 prosent menn.

Møre og Romsdal fylkeskommune kartlegg kvart år lønnsforhold etter kjønn. Resultatet av kartlegginga blir publisert i årsrapporten. Fylkeskommunen sin lønnspolitikk legg vekt på lik lønn for likt arbeid av same kvalitet, innsats og resultat og lik moglegheit for lønnsutvikling uavhengig av kjønn.

Fylkeskommunen vedtok i 2023 ein handlingsplan for likestilling. I steg 1 inneheld planen innsatsområda, som vart anbefalt av Europakommisjonen og forskningsrådet. Kvart innsatsområde inneheld fleire delmål som konkretiserer og målrettar arbeidet med likestilling. Handlingsplanen vil i steg 2 vidareutviklast til å ta opp i seg alle områda som er nemnt i likestilling- og diskrimineringslova. Arbeidet med steg 2 vil skje i 2026/2027. Handlingsplan for likestilling skal sikre at alle arbeidstakarar skal ha like moglegheiter til arbeid, utvikling (fagleg og personleg), opplæring, avansement og lønnsvekst uavhengig av kjønn.

### HMS-system

Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) inngår som ein del av den heilskaplege verksemdstyringa og kvalitetsarbeidet i fylkeskommunen. Styrande dokument for HMS-arbeidet og dokumentasjon på korleis vi følgjer dette opp inngår i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem. Nytt kvalitetssystem vart tatt i bruk i 2023, og HMS-rammeverket er no implementert i dette.

Kvart år blir det utarbeidd ein eigen HMS-årsrapport. Rapporten vart behandla i toppleiargruppa og i Hovudsamarbeidsutvalet (HSAMU) i april 2026. Rapporten vert offentleg tilgjengeleg.

## 7 Styring og kontroll

I samsvar med kommunelova har fylkeskommunedirektøren innretta verksemda på ein slik måte at den er underlagt forsvarleg styring og kontroll, derunder risikobasert til prioriteringar, på alle ansvarsområde. Det er etablert heilskapleg verksemdsstyring med nødvendige styrande prosessar, dokument og delegeringar med bakgrunn i organisasjonsstrategien og kvalitetspolitikken. I det daglege har kvar fagdirektør og stabssjef ansvar for å etablere og følge opp styringsprosessar og styrande dokument som sikrar etterleving av regelverk innafor sitt fag- og tenesteområde. Fylkeskommunedirektøren har regelmessige møte med toppleiargruppa, samt oppfølging med sine leiarar i tråd med styringsdokumentet om leiardialog.

Den heilskaplege verksemdsstyringa, som vart etablert gjennom «Program nye digitale arbeidsformer», ivaretek dimensjonane planlegging, utføring, kontroll og korrigering (sjå under i figuren) i tråd med ISO 9001:2015. I programmet var det sju prosjekt, som alle er ferdigstilt og i drift. Prosjekta hadde som felles

mål å forbetre arbeids- og samhandlingsformene i heile organisasjonen, samt løyse lovpålagte krav knytt til internkontroll/eigenkontroll, informasjonssikkerheit og personvern, kommunikasjon, saksbehandling, arkiv og HR-prosessar.




Figur 7: Heilskapleg verksemdstyring

Figur 7 viser PUKK–hjulet som er den etablerte metodikken for kvalitetsarbeid – og internkontroll. Heilskapleg verksemdstyring/kvalitetsleiing inneber å «gjere dei rette tinga» og «gjere tinga rett»:

- Styre/leie arbeidsprosessane i samsvar med gjeldande lover og forskrifter på ein slik måte at vi kan nå måla i den regionale planstrategien og FN sine berekraftsmål.
- Lage planar for å gjennomføre politiske vedtak og rapportere på disse.
- Følgje opp alle verksemdsområda fylkeskommunen har ansvar for ved å sjekke tilstand (eigenkontroll/intern kontroll), vurdere behov og forbetringar, risikovurdere kva som er viktigast og prioritere tiltak/korrigeringar.

Fylkeskommunedirektøren er opptatt av å følge opp anbefalingane frå kontrollutvalet på bakgrunn av dei undersøkingane og forvaltningsrevisjonane som er gjennomført i perioden.

For å gje betre oversikt over aktivitetane i den heilskaplege verksemdstyringa er det utvikla eit styringsårshjul der kvalitetsaktivitetar, internkontroll, planaktivitetar, økonomiaktivitetar og HMS-aktivitetar inngår. I verksemdstyringa er det lagt opp til tertialvis rapportering av økonomien i

fylkeskommunen. Fylkesplanmåla med resultatmål og tilhøyrande måleindikatorar, vert rapportert tertialvis til administrasjonen og årleg til fylkestinget. Leiinga sin kvalitetsgjennomgang er etablert med tilhøyrande prosessar (i tråd med ISO 9001:2015) og blir gjennomført kvart år. Det er etablert eit eige fagnettverk for kvalitetsarbeid og internkontroll som har kopling til fylkeskommunen si plangruppe. Møre og Romsdal fylkeskommune har ein plan for internrevisjon der ein gjennomførte følgande internrevisjon i 2025: Handlingsprogrammet i økonomiplanprosessen (ikkje funn av avvik, men forslag til forbetringar).

# 8 Etikk

Fylkeskommunen sitt etiske reglement vart vedtatt av fylkestinget i desember 2023. Fylkeskommune sin visjon og verdigrunnlag er den raude tråden og den etiske grunnmuren som skal sikre fylkeskommunen, som ein velfungerande, ansvarleg og inkluderande institusjon. Det etiske reglementet konkretiserer korleis medarbeidarane skal opptre for å handle på ein måte som sikrar god etisk praksis.

Reglementet gjeld for alle leiarar og tilsette. Fylkeskommunedirektøren har utarbeidd tilhøyrande rutinar, som skal sikre etterleving av reglementet. Til støtte for implementeringa er det utarbeidd ei verktøykasse for etisk refleksjon som inneheld case for dilemmatrening knytt opp mot sentrale tema i reglementet. Reglementet med tilhøyrande rutinar og verktøykasse legg eit godt grunnlag for forståing av kva som er god etisk praksis. Våre leiarar skal legge til rette for at tilsette er kjent med, og har forstått, fylkeskommunen sitt etiske reglement. Leiarar har eit særleg ansvar for å tydeleggjere kva som er etisk forsvarleg åtferd, legge til rette for etisk refleksjon over praksis, og byggje ein kultur basert på openheit og tillit. Introduksjon til det etiske reglementet er gjort tilgjengeleg som e-læring.

Det blir gjort årlege kartleggingar av transaksjonar med nærståande. Vinteren 2026 er det utarbeidd Rutine for bruk av fylkeskommunalt utstyr og fylkeskommunal eigedom til private formål, og Rutine for sal av tenester i samband med undervisningsverksemd.

Etiske retningslinjer for folkevalde vart vedtatt av fylkestinget i april 2024. I samband med behandling av saka vart det som ein del av folkevaldopplæringa gjennomført ei opplæringsøkt knytt til ytringsklima forankra i organisasjonsstrategien og dei etiske retningslinjene.

Ein god etisk standard på alt vi gjer er avgjerande for at dei som tek i mot våre tenester, eller som vi samarbeider med, skal ha tillit til oss.

# 9 Utfordringane framover

Møre og Romsdal fylkeskommune har store utfordringar i åra som kjem. Dei viktigaste utfordringane kan vi summere opp slik:

- Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje store nok rammetilskot til å redusere, eller halde vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg uendra (asfalt, vegforsterkning og liknande). Kartlegginga frå hausten 2023 viser at det vil koste om lag 17 mrd. kroner å fjerne etterslepet.
- **Demografiske endringar** pga. færre ungdommar i alderen 16-19 år gjer at fylkeskommunen vil få lågare overføringar frå staten. Etter ein midlertidig auke på 200 elevar hausten 2025 vil

elevtalet gå ned med 1 700 elevar fram mot 2040. Demografiendringane vil også innebere at kampen om arbeidskrafta blir tøffare i åra som kjem.

- **Underfinansiering av ferjedrifta**. Møre og Romsdal fylkeskommune har over tid hatt ei vesentleg underfinansiering av ferjedrifta, noko som og vil kunne påverke det økonomiske handlingsrommet i åra som kjem. Regjeringa har innført krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester frå 1. januar 2025. Det er usikkert kva kravet vil medføre av kostnader for fylkeskommunen.
- Rammetilskota for å etterleve **tunnelsikkerheitsforskrifta** er ikkje store nok. Utan ei auka nasjonal satsing på dette, så vil ikkje Møre og Romsdal vere ferdig med utbetringane før i 2050.
- Risiko knytt til **klimaendringar**, dvs. auka skredaktivitet (jordskred, flaumskred og sørpeskred).
- På grunn av den høge lånegjelda er Møre og Romsdal fylkeskommunen spesielt utsett for endringar i **rentesatsen**.
- Fylkeskommunen har dei siste åra opplevd **høg prisvekst på både veg- og kollektivområdet**, som følgje av utviklinga i sentrale kostnadsindeksar. Svingingar i desse indeksane utgjer løpande ein vesentleg risikofaktor for dei store og langsiktige kontraktane på desse områda.
- Krav om **nullutslepp i ferjedrifta** vart innført per 1.januar 2025. Det er framleis stor usikkerheit knytt til korleis finansieringa av dei resterande sambanda vil vere. Halvparten av fylkesvegferjesambanda i Møre og Romsdal har no miljøferjer. Kompensasjonen som fylkeskommunen har mottatt knytt til dette, er langt under dei samla kostnadane. Det vil krevje store investeringar i infrastruktur for å få nullutslepp i dei siste 10 sambanda.
- Statlege føringar knytt til **rabattordningar for el-bilar,** kombinert med at talet på el-bilar aukar, har ført til at ferjeinntektene er kraftig svekka.
- **Nye anbod for buss og båt i Møre og Romsdal har ein venta prisauke** knytt til krav om miljø, standardheving og auka sikkerheit. Denne prisauken er også høg nasjonalt. I tillegg vil det komme investeringskostnadar knytt til etablering av ladeinfrastruktur. For å oppnå kostnadsnøytralitet så må nye anbod til dømes bli lyst ut med ein lågare kilometer-produksjon enn tidlegare.
- Utviklinga i tannhelseområdet med **fleire pasientar** i gruppa av eldre, flyktningar og rusmiddelavhengige med lovfesta rettar, samt utvida grupper med krav på tannbehandling, gir eit auka press på tenestane vidare framover. Dette er delvis grupper med generelt større og meir kompliserte behandlingsbehov. Dei nye pasientane krev meir ressursar sett i samanheng med utviding av romkapasitet, talet på behandlarar og rekruttering av disse i åra som kjem.
- **Bygningsmassen** er i hovudsak i god teknisk stand. Likevel har enkelte skolebygg til dels store behov for opprusting.
- **Teknologiutvikling/digitalisering** krev nye arbeidsformer og nye verktøy.

Molde, 16. mars 2026



Toril Hovdenak

Fylkeskommunedirektør

# Økonomirapportering drift

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| **Frie disponible inntekter** | | | | | |
| Rammetilskot | −4 554 694 | −4 665 096 | −4 598 530 | −66 566 | −1,4 % |
| Inntekt- og formuesskatt | −2 018 700 | −2 049 126 | −2 100 610 | 51 484 | 2,5 % |
| Andre generelle driftsinntekter | −62 400 | −65 164 | −64 915 | −249 | −0,4 % |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **−6 635 794** | **−6 779 386** | **−6 764 055** | **−15 331** | **−0,2 %** |

## Rammetilskot

Møre og Romsdal fylkeskommune fekk om lag 4,599 mrd. kroner i rammetilskot, inkl. skatteutjamninga i 2025. Dette er om lag 67 mill. kroner lågare enn budsjettert og utgjer ein auke på om lag 438 mill. kroner frå året før. Mindreinntekta skuldast lågare skatteutjamning mot slutten av året enn føresett i budsjettet. Budsjettet var basert på KS sin prognosemodell av 20. oktober 2025. Lågare skatteutjamning har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal, sett i samanheng med skatteinngangen i resten av landet.

## Inntekt- og formuesskatt

Inntekt- og formuesskatt utgjorde om lag 2,101 mrd. kroner i 2025. Dette er om lag 51,5 mill. kroner høgare enn budsjettert. Naturressursskatten blir ført under andre generelle driftsinntekter og viser ein meirinntekt på om 380 000 kroner. Totale meirinntekter knytt til skatt utgjer derfor om lag 51,9 mill. kroner i 2025.

## Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter utgjorde om lag 64,9 mill. kroner i 2025, som er ein reduksjon på 249 000 kroner samanlikna med budsjett.

Andre generelle driftsinntekter består av rentekompensasjonsmidlar knytt til fylkesvegnettet, rentekompensasjonsmidlar knytt til skolebygg, inntekter frå Havbruksfondet og naturressurskatt.

## Sentrale utgifter

*Beløp i 1000*

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| **Finansinntekter/-utgifter** | | | | | |
| Renteinntekter | −80 800 | −125 800 | −123 131 | −2 669 | −2,1 % |
| Utbytte | −2 500 | −2 500 | −2 524 | 24 | 0,9 % |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | 0 | 0 | −14 643 | 14 643 | 0,0 % |

| | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Renteutgifter | 393 500 | 393 500 | 394 783 | −1 283 | −0,3 % |
| Avdrag på lån | 390 000 | 412 624 | 412 624 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **700 200** | **677 824** | **667 109** | **10 715** | **−1,6 %** |

Netto finansutgifter viser ei mindreutgift på om lag 10,7 mill. kroner i 2025.

Mindreutgifta skriv seg frå følgande:

- I sum om lag 12 mill. kroner netto høgare generelle renteinntekter og avkastning på kapitalfondet enn budsjettert
- Om lag 1,3 mill. kroner høgare renteutgifter enn budsjettert
- 24 000 kroner meir i utbytte enn budsjettert, dette gjeld likvidasjonsutbytte frå Ocean Industry School AS.

## Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

*Beløp i 1000*

| | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| **Avsetningar og bruk av avsetningar** | | | | | |
| Overføring til investering | 277 000 | 277 000 | 277 000 | 0 | 0,0 % |
| Avsetningar til disposisjonsfond | 72 603 | 201 357 | 292 762 | −91 405 | −45,4 % |
| Bruk av disposisjonsfond | −1 000 | −95 411 | 0 | −95 411 | −100,0 % |
| **Netto avsetningar** | **348 603** | **382 946** | **569 762** | **−186 816** | **48,8 %** |

Med bakgrunn i mindreforbruk i 2025 er avsetting til disposisjonsfond auka med om lag 91,4 mill. kroner og bruk av disposisjonsfond stroke med om lag 95,4 mill. kroner. Dette aukar disposisjonsfond med om lag 186,8 mill. kroner meir enn budsjettert.

# Finansrapport

## Bakgrunn

I samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning» (heretter kalla finansreglementet), som sist vart vedtatt av fylkestinget 06.12.2021, skal det rapporterast om finansforvaltninga til fylkestinget i samband med ordinær tertialrapportering per april og per august, og ved årsavslutninga.

### Status

Gjennom tredje tertial 2025 har stemninga i finansmarknadene halde fram med å stabilisere seg, etter eit første halvår prega av betydeleg uro og politisk usikkerheit. Hausten har vore kjenneteikna av noko betre føreseielege rammer rundt amerikansk økonomisk politikk, samstundes som marknadene i større grad har kunna rette merksemda mot underliggjande økonomiske og verksemdsmessige forhold. Sjølv om usikkerheita langt frå er borte, har risikosentimentet betra seg ytterlegare samanlikna med sommar-månadene.

Med dette bakteppet har aksjemarknadene hatt ei relativt god utvikling gjennom seinsommaren og tidleg haust. Særleg dei amerikanske marknadene har vist styrke, støtta av solide selskapsresultat for tredje kvartal og framleis robust innteningsvekst i fleire sektorar. Dei europeiske marknadene har hatt ei meir moderat, men likevel positiv utvikling. Makroøkonomiske nøkkeltal tyder samla sett på at både amerikansk og europeisk økonomi har klart å unngå ein markant nedgang, sjølv om veksttakta framstår meir dempa enn tidlegare år. Det geopolitiske bildet og utviklinga i globale råvaremarknader representerer likevel framleis vesentlege risikofaktorar.

I Noreg har aktiviteten i fastlandsøkonomien halde seg relativt god gjennom tredje tertial. Veksten i hushaldningane sitt konsum har halde fram, om enn i eit meir moderat tempo enn tidlegare i år. Forbetra kjøpekraft kombinert med større optimisme har bidrege til å styrkje etterspurnaden i fleire næringar. Samstundes viser delar av næringslivet teikn til større investeringsvilje, særleg innan tenesteyting og utvalde delar av industrien. Anslaga for veksten i fastlandsøkonomien ligg framleis rundt halvannan prosent på mellomlang sikt.

Utviklinga i hushaldsøkonomien må sjåast i samanheng med pengepolitikken. Etter det første rentekuttet før sommarferien har Norges Bank følgt opp med ytterlegare lettingar gjennom hausten, i tråd med tidlegare signal. Den gradvise reduksjonen i styringsrenta speglar lågare prispress og eit ønske om å støtte den økonomiske aktiviteten utan å skape nye ubalansar. Samstundes understrekar sentralbanken at renteutviklinga framover er avhengig av at inflasjonen held seg under kontroll og at lønnsveksten utviklar seg som venta.

Ser ein framover, vil finansmarknadene framleis vere sensitive for utviklinga i amerikansk økonomi og politiske avgjerder, særleg knytt til handel og finanspolitikk. Geopolitikk vil òg prege 2026.

**Styringsrenta** i Noreg er den renta som bankane får på sine innskot i Norges Bank opp til eit fastsett beløp – ein kvote.

Styringsrenta og forventningane om den framtidige utviklinga i styringsrenta påverkar i første rekke rentene mellom bankar og kva rentenivå bankane tilbyr på innskot og utlån til sine kundar.

Marknadsrentene påverkar i sin tur kronekursen, prisane på verdipapir, bustadsprisene og etterspørselen etter lån, forbruk og investeringar.

Styringsrenta frå Norges Bank kan også påverke forventningane til framtidig inflasjon og økonomisk utvikling. Endringar i styringsrenta verkar med andre ord styrande på mange viktige storleikar i økonomien, derav namnet styringsrente.

**3 mnd-Nibor** (Nibor med 3 månaders løpetid) er mykje brukt som referanserente i den profesjonelle marknaden. Dette gjeld både for utlån og innskot og på derivatområdet. For lån med knyting mot 3 mnd-Nibor betaler Møre og Romsdal fylkeskommune 3 mnd-Nibor + eit påslag, som lånerente. For innskot med knyting mot 3 mnd-Nibor mottar fylkeskommunen 3 mnd-Nibor + eit påslag, som innskotsrente. Påslaget for lån er høgare enn påslaget for innskot, slik at vi betaler meir for å låne enn vi får i innskotsrente.

Norges Bank si styringsrente er på 4,0 prosent per 31.12.25, medan 3 mnd-Nibor rente (marknadsrente) er på 4,07 prosent.

Tabell 1 nedanfor viser forventa 3 mnd-Nibor fram i tid (implisitte renter), basert på marknadsdata per 31.12.25.

| Indeks | Per 31.12.25 | Forventa om 1 år | Forventa om 2 år | Forventa om 3 år |
|---|---|---|---|---|
| NIBOR 3M | 4,07% | 3,83% | 3,74% | 3,78% |
| Endring | | -0,24% | -0,33% | -0,29% |

Tabell 1

## Gjeldsporteføljen

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement gir rammer for korleis gjeldsporteføljen skal forvaltast. Fylkeskommunedirektøren skal forvalte gjeldsporteføljen med dei avgrensingar reglementet legg på andelen til fast rente, gjennomsnittleg rentebindingstid på porteføljen og instrument som kan nyttast.

Møre og Romsdal fylkeskommune har per 31.12.25 ein renteeksponert gjeldsportefølje på om lag 10,082 mrd. kroner. Reknar vi med forskoteringar til veg på om lag 37,6 mill. kroner, utgjer den totale gjeldsporteføljen per 31.12.25, om lag 10,119 mrd. kroner.

Av renteeksponert gjeld på om lag 10,082 mrd. kroner, utgjer om lag 43 prosent fastrenteavtalar. Finansreglementet krev at minst 30 prosent av fylkeskommunale innlån skal vere til fast rente. Alle lån der rentebindingstida er kortare enn eitt år, blir å betrakte som lån med flytande rente, jf. finansreglementet pkt. 2.b.5. Heile 57 prosent av gjeldsporteføljen er flytande renteavtalar. Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt eksponert for endringar i rente ved endringar i marknadsrenta. Andel fastrentelån er redusert frå 44 prosent per 31.12.24 til 43 prosent per 31.12.25.

Figur 1 under viser rentebindingsintervall i NOK. Lån med utløp av rentebindingstid i 2026 utgjer 5 724 mill. kroner, dette er om lag 57 prosent av sum gjeldportefølje per 31.12.2025.




Figur 1

Gjennomsnittleg vekta lånerente per 31.12.2025 er på 3,79 prosent. Renta har vore aukande det siste året, per 31.12.24 var gjennomsnittleg vekta lånerente på 3,92%.

Vekta gjennomsnittleg rentebindingstid er på 2,26 år. Gjeldande finansreglementet seier at vekta gjennomsnittleg rentebindingstid skal vere mellom 1 - 5 år.

## Gjeldsporteføljen fordelt på långivarar

Største långivar er Kommunalbanken som har ein andel på om lag 50 prosent. Nest største er KLP med om lag 11 prosent.

Tabell 2 under viser ei oversikt over Møre og Romsdal fylkeskommune sin gjeldsportefølje fordelt på långivarar i kroner og prosent.

| Långivar | Gjeld i kroner | Andel i % |
|---|---:|---:|
| Kommunalbanken | 5 027 034 028 | 49,9 % |
| KLP | 1 120 416 191 | 11,1 % |
| DNB | 970 220 000 | 9,6 % |
| Danske Bank | 720 000 000 | 7,1 % |
| SEB | 964 595 000 | 9,6 % |
| Nordea | 1 249 472 510 | 12,4 5% |
| Andre (Seriana AS og Rofisk AS) | 30 000 000 | 0,3 % |
| **TOTALT** | **10 081 737 729** | **100%** |

Tabell 2

Porteføljen inneheld ingen derivat.

## Spesifisert gjeldsportefølje

Tabell 3 under viser ein spesifikasjon over alle låna i porteføljen. Denne inneheld långivar, restgjeld per 31.12.25, rentevilkår og rentebindingstid.

| Långivar | Restgjeld per 31.12.25 | Rentevilkår | Fast/Flytande | Rentebindingstid |
|---|---|---|---|---|
| Kommunalbanken | 52 110 560 | 4,91 % | Flytande/NIBOR | 30.01.26 |
| Kommunalbanken | 16 190 440 | 4,83 % | Flytande/NIBOR | 02.01.26 |
| Kommunalbanken | 123 195 511 | 4,85 % | Flytande | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 168 356 580 | 4,91 % | Flytande/NIBOR | 23.02.26 |
| Kommunalbanken | 140 667 301 | 4,92 % | Flytande/NIBOR | 02.03.26 |
| Kommunalbanken | 183 333 280 | 2,54% | Fast | 18.10.27 |
| Kommunalbanken | 156 193 340 | 4,81% | Flytande grøn NIBOR | 23.02.26 |
| Kommunalbanken | 196 113 380 | 2,72 % | Fast | 30.11.28 |
| Kommunalbanken | 127 999 960 | 2,36 % | Fast | 02.07.29 |
| Kommunalbanken | 160 000 040 | 2,23 % | Fast | 17.09.29 |
| Kommunalbanken | 73 320 000 | 4,85 % | Flytande | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 316 666 950 | 1,35 % | Fast | 27.05.30 |
| Kommunalbanken | 333 333 350 | 1,65 % | Fast | 25.09.35 |
| Kommunalbanken | 143 500 000 | 1,69 % | Fast | 30.11.32 |
| Kommunalbanken | 433 333 320 | 2,26 % | Fast | 26.05.36 |
| Kommunalbanken | 346 666 680 | 1,93 % | Fast | 25.08.36 |
| Kommunalbanken | 360 000 010 | 3,73 % | Fast | 14.06.32 |
| Kommunalbanken | 92 929 510 | 4,75 % | Flytande grøn p.t. | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 159 300 000 | 4,75 % | Flytande grøn p.t. | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 312 766 650 | 4,75 % | Flytande grøn p.t. | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 148 257 166 | 4,78 % | Flytande grønt NIBOR | 10.03.26 |
| Kommunalbanken obl.lån | 232 800 000 | 4,61 % | Fast | 09.11.28 |

| Långivar | Restgjeld per 31.12.25 | Rentevilkår | Fast/Flytande | Rentebindingstid |
|---|---|---|---|---|
| Kommunalbanken obl.lån | 450 000 000 | 4,16 % | Fast | 27.09.28 |
| Kommunalbanken obl.lån | 300 000 000 | 4,47 % | Fast | 04.06.31 |
| | | | | |
| KLP | 39 999 988 | 4,89 % | Flytande/NIBOR | 27.01.26 |
| KLP | 18 504 256 | 4,83 % | Flytande/NIBOR | 02.01.26 |
| KLP | 48 334 244 | 4,71 % | Flytande/NIBOR | 17.03.26 |
| KLP | 122 279 992 | 4,80 % | Flytande/NIBOR | 05.03.26 |
| KLP | 126 666 674 | 4,83 % | Flytande/NIBOR | 01.01.26 |
| KLP | 194 600 006 | 2,31% | Under 1 år, vurd. som flytande | 28.10.26 |
| KLP | 225 055 000 | 1,30% | Fast grønt lån | 07.07.27 |
| KLP | 278 633 332 | 2,24% | Fast | 13.10.31 |
| KLP | 66 342 699 | 4,74 % | Flytande grønt lån | 01.02.26 |
| | | | | |
| Rofisk AS | 15 000 000 | 1% | Fast | 31.12.30 |
| Seriana AS | 15 000 000 | 1% | Fast | 31.12.30 |
| | | | | |
| Sertifikatlån Nordea | 400 000 000 | 4,68 % | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 16.01.26 |
| Sertifikatlån DNB | 400 000 000 | 4,48 % | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 27.02.26 |
| Sertifikatlån SEB | 380 000 000 | 4,62 % | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 11.06.26 |
| Sertifikatlån Nordea | 300 000 000 | 4,24 % | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 27.08.26 |
| Sertifikatlån DNB | 120 220 000 | 4,28 % | Fast 6 mnd. (vurd. flytande) | 28.04.26 |
| | | | | |
| Obligasjonslån Danske Bank, FRN | 300 000 000 | 4,88 % | Flytande/NIBOR | 28.01.26 |
| Obligasjonslån SEB, FRN | 244 595 000 | 4,91 % | Flytande/NIBOR | 10.02.26 |

| Långivar | Restgjeld per 31.12.25 | Rentevilkår | Fast/Flytande | Rentebindingstid |
|---|---|---|---|---|
| Obligasjonslån Danske Bank, FRN | 420 000 000 | 4,42 % | Flytande/NIBOR | 27.03.26 |
| Obligasjonslån DNB, FRN | 450 000 000 | 4,45 % | Flytande/NIBOR | 20.03.26 |
| Obligasjonslån SEB, FRN | 340 000 000 | 4,42 % | Flytande/NIBOR | 16.03.26 |
| Obligasjonslån Nordea | 309 472 510 | 4,54 % | Flytande/NIBOR | 07.01.26 |
| Obligasjonslån Nordea | 240 000 000 | 4,36 % | Fast | 01.10.30 |
| | | | | |
| **TOTALT** | **10 081 737 729** | | | |

Tabell 3

Årets budsjetterte låneopptak på om lag 468,670 mill. kroner er tatt opp som vist i tabell 4 under.

| Låneopptak | Beløp | Rentevilkår per 31.12.25 | Fast/ flytande | Rente-bindingstid | Note |
|---|---|---|---|---|---|
| Nordea - sertifikatlån | 300 000 000 | 4,24 % | frå 07.02.25 - 07.05.25, 07.05.25-27.08.25, 27.08.25-27.08.26 | 27.08.26 | 1 |
| Kommunalbanken | 150 770 000 | 4,78 % | Flytande grønt NIBOR lån | 10.03.26 | 2 |
| DNB andel av sertifikatlån | 17 900 000 | 4,28 % | Sertifikatlån for perioden 03.11.25 - 28.04.26 | 28.04.26 | 3 |
| **TOTALT** | **468 670 000** | | | | |

Tabell 4

1. Det vart tatt opp eit sertifikatlån i Handelsbanken frå 07.02.25-07.05.25 med rentesats 4,564 %. Dette lånet vart refinansiert i Handelsbanken frå 07.05.25-27.08.25 med rentesats 4,665%. Neste refinansiering skjedde i Nordea frå 27.08.25-27.08.26 med rentesats 4,24%.

2. Det vart tatt opp eit flytande grønt NIBOR lån per 10.06.25 hos Kommunalbanken. Lånet har 0,10 prosentpoeng lågare rente enn ordinære rentevilkår på NIBOR lån.
3. I samband med refinansiering av eit lån i Kommunalbanken på 102,320 mill. kroner per 03.11.25, vart det opp eit sertifikatlån. Sertifikatlånet vart auka med 17,9 mill. kroner (rest budsjettert låneopptak i 2025) og utgjorde totalt 120,220 mill. kroner. Lånet løpar i perioden 03.11.25-28.04.26 med rentesats 4,28 prosent.

Låna i Kommunalbanken og KLP Kommunekreditt løpar i 30 år etter opptak av låna, uavhengig av rentevilkår. Unnatak er fastrenteobligasjonane hos Kommunalbanken på 232,8 mill. kroner med forfall 09.11.28, på 450 mill kroner med forfall 27.09.28 og 300 mill. kroner med forfall 04.06.31. Desse løpar til forfall utan avdrag og må refinansierast i sin heilheit da. Møre og Romsdal fylkeskommune betaler årlege avdrag som totalt samsvarer med utrekna minimumsavdrag.

**Sertifikatlån og obligasjonslån**

Når det gjeld dei fem sertifikatlåna er det ein refinansieringsrisiko knytt til desse. Låna må innfriast og refinansierast på dato for bindingstid. Dei utgjer per 31.12.25, 1,600 mrd. kroner dvs. om lag 16 prosent av total gjeldsportefølje. I høve til finansreglementet kan lån med forfall inntil 12 månader fram i tid utgjere maksimalt 30 prosent av den samla gjeldsportefølje.

Det er også ein refinansieringsrisiko knytt til dei fire FRN-obligasjonslåna samt fastrenteobligasjonslåna i Kommunalbanken. Desse låna er utan avdrag og forfell på sluttdato for obligasjonen. Sertifikatlån og obligasjonslån må sjåast i samanheng når det gjeld lån med forfall inntil 12 månadar fram i tid. Det første obligasjonslånet har forfall per 27.03.26.

**Andre låneopptak**

Når det gjeld lån i Kommunalbanken med restsaldo på 128 mill. kroner per 31.12.25 og utløp av fastrenteavtale per 02.07.2029, er dette eit lån knytt til Nordøyvegen der Ålesund kommune betaler årlege tilskot til dekning av faktiske renter og avdrag på lånet. Lånet utgjorde 160 mill. kroner ved opptak, forholdet er regulert i avtale av 09.06.17 og gjeld i heile lånet si løpetid.

Når det gjeld lån i Kommunalbanken med restsaldo på om lag 160 mill. kroner per 31.12.25 og utløp av fastrenteavtale per 17.09.2029, er dette eit lån knytt til Nordøyvegen der Ålesund kommune betaler årlege tilskot til dekning av faktiske renter og avdrag på lånet. Lånet utgjorde 200 mill. kroner ved opptak, forholdet er regulert i avtale av 20.05.19 og gjeld i heile lånet sin løpetid.

Felles for begge desse låna, er at dei ikkje eksponerer fylkeskommunen for renterisiko.

**Oversikt over rentereguleringar på gjeldsporteføljen**

Tabell 5 nedanfor viser kor stor del av gjeldsporteføljen som har renteregulering kvart år. Om lag 57 prosent av låna vil få regulert renta i 2026, dvs. alle låna med flytande rente og dei fastrentelåna som har opphøyr av bindingstid i 2026.

| År | Restgjeld per 31.12.25 | Andel | Antall lån |
|---|---:|:---:|:---:|
| 2026 | 5 725 302 427 | 56,8 % | 29 |
| 2027 | 408 388 280 | 4,1 % | 2 |

| År | Restgjeld per 31.12.25 | Andel | Antall lån |
|---|---|---|---|
| 2028 | 878 913 380 | 8,7 % | 3 |
| 2029 | 288 000 000 | 2,9 % | 2 |
| 2030 | 586 666 950 | 5,8 % | 4 |
| 2031 | 578 633 332 | 5,7 % | 2 |
| 2032 | 503 500 010 | 5,0 % | 2 |
| 2033 | 0 | 0,0 % | 0 |
| 2034 | 0 | 0,0 % | 0 |
| 2035 | 333 333 350 | 3,3 % | 0 |
| 2036 | 780 000 000 | 7,7 % | 2 |
| **TOTALT** | **10 081 737 729** | 100,0% | 48 |

Tabell 5

## Likviditetsforvaltning

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement gir rammer for korleis likviditetsbehaldninga skal forvaltast. Ledig likviditet er plassert i bank og pengemarknadsfond i samsvar med rammene i finansreglementet.

Tabell 6 nedanfor viser oversikt over plasseringar av likviditet, saldo per 31.12.25, avkastning i kroner, avkastning i prosent i 2025 samt bindingstid.

| PLASSERINGAR LIKVIDITET | | Saldo per 31.12.25 | Avkastning i kr i 2025 | Avkastning i % i 2025 | Bindingstid |
|---|---|---|---|---|---|
| DNB konsernkonto | Innskot hovudbank | 924 896 589 | 72 783 607 | 4,88% | Flytande |
| Sparebank 1 SMN | Innskot | 989 634 181 | 46 956 175 | 4,93% | 31 dagar |
| KLP banken | Innskot | 29 047 745 | 1 190 691 | 4,27% | 31 dagar |
| Alfred Berg Likviditet | Pengemarknadsfond | 31 022 202 | 1 475 518 | 4,99% | Flytande |
| DNB Likviditet kort C | Pengemarknadsfond | 30 859 917 | 1 461 347 | 4,97% | Flytande |
| Holberg OMF | Pengemarknadsfond | 29 018 068 | 1 413 079 | 5,12% | Flytande |

| PLASSERINGAR LIKVIDITET | | Saldo per 31.12.25 | Avkastning i kr i 2025 | Avkastning i % i 2025 | Bindingstid |
|---|---|---|---|---|---|
| Pluss Likviditet II | Pengemarknadsfond | 71 468 078 | 3 446 829 | 5,07% | Flytande |
| **TOTALT** | | **2 105 946 780** | **128 727 246** | **4,90%** | |

Tabell 6

Vår referanserente har vore 3-mnd NIBOR med kvartalsvis kapitalisering. Referanserenta utgjorde 4,42 prosent i 2025, som er vesentleg lågare enn vår gjennomsnittlege vekta avkastning på 4,90 prosent.

I Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement er det lagt til grunn følgjande avkastningsmål når det gjeld likviditetsforvaltning:

Avkastningsmålet skal vere minimum den avkastninga Møre og Romsdal fylkeskommune har på sin hovudbankavtale.

Avkastninga på hovudbankavtalen for 2025 utgjorde 4,88 prosent. Gjennomsnittleg vekta avkastning for likviditetsforvaltninga utgjorde 4,90 prosent.

## Langsiktig finansielle aktiva – Kapitalfondet

Kapitalfondet er delt i ein del for kortsiktige aktiva og ein del for langsiktige aktiva.

Oslo Børs hovudindeks starta på 1458,15 den 02.01.25. OSBEX har vore svingande gjennom året med lågaste notering 9. april på 1362,84. Per 31.12.25 utgjorde Oslo Børs hovudindeks 1687,77.

I Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement er det lagt til grunn følgjande avkastningsmål når det gjeld kapitalfondet:

*«Avkastningsmålet på den langsiktige delen av kapitalfondet skal minimum vere den avkastning Møre og Romsdal fylkeskommune har på sin bankavtale, pluss 2 prosentpoeng.»*

Avkastning på hovudbankavtalen utgjorde 4,88 prosent i 2025. Avkastningsmål utgjer derfor 6,88 prosentpoeng for 2025. Faktisk gjennomsnittleg vekta avkastning på den langsiktige delen av kapitalfondet var på 8,07 prosent i 2025.

Tabell 7 nedanfor viser fordeling av kapitalfondet på ulike aktivaklasser med behaldningsverdi per 01.01.25 og 31.12.25, avkastning for 2025 i kroner og avkastning for 2025 i prosent, samt indeks for 2025.

## KORTSIKTIGE AKTIVA:

| | Behaldnings-verdi per 01.01.25 | Behaldnings-verdi per 01.01.25 | Avkastning per 31.12.25 i kroner | Avkastning per 31.12.25 i % | Indeks hittil i år | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bankinnskot DNB | 3 101 465 | 144 | 29 470 | 4,88 % | 4,42 % | |
| **SUM KORTSIKTIGE AKTIVA** | 3 101 465 | 144 | 29 470 | | | |

## LANGSIKTIGE AKTIVA:

| | Behaldnings-verdi Pr. 01.01.25 | Behaldnings-verdi Pr. 31.12.25 | Avkastning hittil i år | Avkastning hittil i år % | Indeks hittil i år | Andel av porteføljen pr. 31.12 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **AKTIVAKL. 1: Norske og utanlandske aksjefond** | | | | | | |
| Storebrand Aksje Innland | 9 794 006 | 9 298 330 | 1 504 325 | 17,85 % | 17,64 % | |
| Storebrand Norge Horisont | 2 690 629 | 3 214 825 | 524 197 | 19,48 % | 19,55 % | |
| Delphi Global | 12 038 119 | 10 338 216 | 1 300 097 | 13,17 % | 5,38 % | |
| Div aksjefond SBM Innland | 9 218 869 | 11 941 200 | 2 285 022 | 24,18 % | 18,44 % | |
| Div aksjefond SBM Global | 11 110 428 | 10 354 970 | 717 547 | 8,23 % | 7,25 % | |
| **SUM AKTIVAKLASSE 1** | 44 852 051 | 45 147 541 | 6 331 188 | | | 29 % |
| **AKTIVAKL. 2: Obligasjonar/obligasjonsfond** | | | | | | |
| Aktiv Forvaltning SBM | 15 719 390 | 15 046 557 | 622 832 | 4,12 % | 3,34 % | |
| **SUM AKTIVAKLASSE 2** | 15 719 390 | 15 046 557 | 622 832 | | | 10 % |
| **AKTIVAKL. 3: Særinnskot i bank/sertifikat/ pengemarknadsfond** | | | | | | |
| Bankinnskot i Sparebanken Møre | 3 194 860 | 5 903 734 | 389 772 | 4,47 % | 4,42 % | |
| Aktiv Forvaltning SBM | 92 553 322 | 89 904 536 | 5 277 108 | 6,53 % | 4,42 % | |
| **SUM AKTIVAKLASSE 3** | 95 748 182 | 95 808 270 | 5 666 880 | | | 61 % |
| **SUM LANGSIKTIGE AKTIVA** | 156 319 623 | 156 002 368 | 12 620 900 | 8,07 % | | 100 % |
| **SUM KAPITALFOND** | 159 421 088 | 156 002 512 | 12 650 370 | 7,94 % | | |

Tabell 7

Per 31.12.25 er andel av porteføljen fordelt på dei ulike aktivaklassar innafor avgrensingane i finansreglementet.

Tabell 8 nedanfor viser rammene for minimum, maksimum og nøytral eksponering jf. finansreglementet, samt Møre og Romsdal fylkeskommune sin faktiske eksponering per 31.12.25.

| **Aktivaklasse** | **Minimum** | **Maksimum** | **Nøytral** | **Eksponering per 31.12.25** |
|---|---|---|---|---|
| Norske og utanlandske aksjefond | 10 % | 30 % | 20 % | 29 % |
| Av dette: | | | | |
| Norske aksjefond | 0 % | 30 % | 12,50 % | 16 % |
| Utanlandske aksjefond | 0 % | 15 % | 7,50 % | 13 % |
| Norske obligasjonar/obligasjonsfond | 10 % | 50 % | 30 % | 10 % |
| Særinnskot i bank/sertifikat/pengemarknadsfond | 30 % | 70 % | 50 % | 61 % |

Tabell 8

## Stresstest

Eit uttrykk for den faktiske risiko i Møre og Romsdal fylkeskommune sin portefølje er den verdiendring som kjem fram ved gjennomføring av ein såkalla stresstest. Stresstesten er eit verktøy for å måle tapspotensialet i porteføljen dersom gitte føresetnader slår til. Finanstilsynet sitt rundskriv 30/2001 beskriv standardiserte minimumskrav som ein slik stresstest må innehalde for å oppfylle nødvendige krav til målinga av marknadsrisiko. Vi ser på utfall som ut i frå erfaring kan oppstå statistisk sett ein til to gangar i tiåret. Finanstilsynet anbefaler følgjande føresetnader for ein stresstest:

- Eit fall i hovudindeksen ved Oslo Børs på 30 prosent.
- Eit fall på 20 prosent på tilsvarande indeksar i den internasjonale marknaden.
- Ein renteauke på 2 prosent i den norske marknaden.
- Dersom det er nødvendig skal testen også omfatte ei vurdering av valutarisiko.

Stresstesten i tabell 9 nedanfor tar for seg det verst tenkelege scenario. Nemleg at renta stig samtidig som aksjekursane fell og endrar seg negativt. Dette medfører eit mogleg tap på 118,4 mill. kroner, gitt same verdi på aktiva og passiva som per 31.12.25. Stresstesten føresett dessutan at vi har maksimal durasjon (renteløpetid) på heile renteporteføljen og at berre 30 prosent av gjelda har fast rente. Stresstesten føresett også at vi er maksimalt eksponert i obligasjonsmarknaden og i aksjemarknaden, jf. finansreglementet.

(i mill.kroner)

| Aktiva/passiva | Balanse % | Balanse MNOK | Endrings parameter | Durasjon | Utrekna tap |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjeld med flytande rente | 70 % | 7 057 | 2 % | | -141,1 |
| Gjeld med fast rente | 30 % | 3 025 | 2 % | | 0,0 |
| **Finanspassiva** | **100 %** | **10 082** | | | **-141,1** |
| Kortsiktig likviditet, flytande rente | 100 % | 2 106 | 2 % | | 42,1 |
| Kortsiktig likviditet, fast rente | 0 % | 0 | 2 % | | 0,0 |
| **Kortsiktig likviditet** | **100 %** | **2 106** | 2 % | | **42,1** |
| **Netto gjeld og kortsiktig likviditet** | | | | | **-99,0** |
| Pengemarknad | 30 % | 47 | 2 % | 1 | -0,9 |
| Obligasjonar/obligasjonsfond | 40 % | 62 | 2 % | 3,50 | -4,4 |
| Norske aksjar | 30 % | 47 | -30 % | | -14,0 |
| Utanlandske aksjar | 0 % | 0 | -20 % | | 0,0 |
| Netto valutaposisjon | | 0 | -20 % | | 0,0 |
| **Langsiktig aktiva** | **100 %** | **156** | | | **-19,3** |
| **Samla finansaktiva** | | **2 262** | | | |
| **Mogleg tap vil utgjere** | | | | | **-118,4** |

Tabell 9

Dersom stresstesten baserer seg på faktisk fordeling mellom fast og flytande gjeld, faktisk fordeling når det gjeld langsiktige aktiva, samt faktisk durasjon pr. 31.12.25 vil eit mogleg tap utgjere 89,8 mill. kroner, sjå tabell 10 nedanfor.

(i mill.kroner)

| Aktiva/passiva | Balanse % | Balanse MNOK | Endrings parameter | Durasjon | Utrekna tap |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjeld med flytande rente | 57 % | 5 747 | 2 % | | -114,9 |
| Gjeld med fast rente | 43 % | 4 335 | 2 % | | 0,0 |
| **Finanspassiva** | **100 %** | **10 082** | | | **-114,9** |
| Kortsiktig likviditet, flytande rente | 100 % | 2 106 | 2 % | | 42,1 |
| Kortsiktig likviditet, fast rente | 0 % | 0 | 2 % | | 0,0 |
| **Kortsiktig likviditet** | **100 %** | **2 106** | 2 % | | **42,1** |
| **Netto gjeld og kortsiktig likviditet** | | | | | **-72,8** |
| Pengemarknad | 62 % | 96 | 2 % | 0,25 | -0,5 |
| Obligasjonar/obligasjonsfond | 10 % | 15 | 2 % | 2,93 | -0,9 |
| Norske aksjar | 15 % | 24 | -30 % | | -7,2 |
| Utanlandske aksjar | 13 % | 21 | -20 % | | -4,2 |
| Netto valutaposisjon | | 21 | -20 % | | -4,2 |
| **Langsiktig aktiva** | **100 %** | **156** | | | **-17,0** |
| **Samla finansaktiva** | | **2 262** | | | |
| **Mogleg tap vil utgjere** | | | | | **-89,8** |

Tabell 10

Møre og Romsdal fylkeskommune har per i dag disposisjonsfond som er tilstrekkelege til å dekke moglege tap som kjem fram i begge stresstestane over.

**Gjeld med rentekompensasjon**

Staten kompenserer ein del av renteutgiftene knytt til nybygg og utbetring av skolebygg og investeringar i fylkesvegar. Tilskotta er basert på låneramme og rentesats fastsett av staten. Grunnlaget for utrekninga utgjorde per 31.12.25, 81 mill. kroner i skolebygg og 704 mill. kroner i fylkesvegar, totalt 785 mill. kroner tilsvarande 8 prosent av total gjeld.

Møre og Romsdal fylkeskommune har budsjettert med rentekompensasjonsinntekter på 3,9 mill. kroner for skolebygg og 28,2 mill. kroner for investeringar i fylkesvegar, totalt 32,1 mill. kroner i 2025. Utrekning og utbetaling skjer i desember kvart år. Rentekompensasjonsmidlar for 2025 vart om lag 600 000 kroner lågare enn budsjettert, da vi fekk innbetalt om lag 3,3 mill. kroner i rentekompensasjonsmidlar skolebygg og 28,2 mill. kroner i rentekompensasjonsmidlar fylkesvegar.

Det moglege tapet i stresstesten over blir redusert som følgje av rentekompensasjonen, men ikkje slik at ein vanlegvis kan seie at renterisikoen blir heilt eliminert for desse midlane. Når det gjeld 2025, fekk fylkeskommunen utbetalt rentekompensasjon tilsvarande 4 prosent av grunnlaget. Per 31.12.25 utgjorde gjennomsnittleg vekta lånerente 3,79 prosent.

Stresstest utført jf. faktisk eksponering per 31.12.24 viste eit mogleg tap på 93,5 mill. kroner, som har blitt redusert til om lag 89,8 mill. kroner per 31.12.25. Dette skuldast at kortsiktig likviditet er auka.

## Fylkeskommunedirektøren sine kommentarar til den faktiske aktiva og passiva forvaltninga

Risikoen både på aktiva og passiva forvaltninga er vurdert til å vere moderat.

Møre og Romsdal fylkeskommune si finansforvaltning skjer innanfor rammene gitt i gjeldande finansreglement per 31.12.25, jf. sak T-100/21 «Revisjon av reglement for finans- og gjeldsforvaltning», både når det gjeld kortsiktig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og gjeldsforvaltning.

Fylkestinget gjorde i sak T-71/16 Grøn finansforvaltning følgande vedtak:

*«Fylkeskommunen skal prioritere å plassere midler i grønne obligasjoner, der disse oppfyller fylkeskommunen sine vanlige rating-krav til obligasjoner.»*

Vi har informert våre forvaltarar om fylkestinget sitt vedtak og dei arbeider derfor fortløpande med å finne investeringar som oppfyller krava. Gjennom aktiv forvaltningsavtale med Sparebanken Møre har vi per 31.12.25 investert 41 mill. kroner i ulike grøne FRN-obligasjonar (obligasjonar med variabel rente med tilknyting til 3-mnd. NIBOR) og om lag 1,2 mill. kroner i aksjefondet Storebrand Global Solution, som består av dei selskapa som Storebrand meiner er mest berekraftige innan sine bransjar. Gjennom aktiv forvaltningsavtale med Storebrand har vi investert 2 mill. kroner i aksjefondet Storebrand Norge Horisont. Samla marknadsverdi på dei grøne investeringane utgjer om lag 30 prosent av den langsiktige delen av kapitalfondet per 31.12.25.

Møre og Romsdal fylkeskommune har per 31.12.25 sju lån, totalt om lag 1,161 mrd. kroner som er kvalifisert til grøn rente:

| Långivar | Restgjeld per 31.12.25 | Formål |
|---|---:|---|
| Kommunalbanken | 156 193 340 | Nybygg Romsdal vgs. |
| Kommunalbanken | 92 929 510 | Tilpassing til batteridrift/miljøvenlege fartøy, Spjelkavik Arena samt Undervisningsfjøs på Gjermundnes vgs. |

| Långivar | Restgjeld per 31.12.25 | Formål |
|---|---:|---|
| Kommunalbanken | 159 300 000 | Gang- og sykkelvegar på Nordøyvegen. |
| Kommunalbanken | 312 766 650 | Spjelkavik Arena, Gjermundnes vgs undervisningsfjøs, ladeinfrastruktur Indre Sunnmørspakken og gang og sykkelvegar Nerlandsøybrua, Vindøla-Røv samt knytt til rundkøyring i Sykkylven. |
| Kommunalbanken | 148 257 166 | Ladeinfrastruktur Indre Sunnmørspakken , Nerlandsøybrua og Bådalen |
| KLP | 225 055 000 | Tilpassing til batteridrift/miljøvenlege fartøy. |
| KLP | 66 342 699 | Spjelkavik Arena, ladeinfrastruktur Indre Sunnmørspakken |
| **TOTALT** | **1 160 844 365** | |

Tabell 11

Alle desse låna har 0,10 prosentpoeng lågare rente enn ordinære rentevilkår og utgjer til saman 11,5 prosent av total renteberande gjeld per 31.12.25.

# Organisasjonen

## Slik er vi organisert




## Leiargruppa til fylkeskommunedirektøren

- Toril Hovdenak, fylkeskommunedirektør
- Gunn Randi Seime, ass.fylkeskommunedirektør
- Erik Brekken, kompetanse- og næringsdirektør
- Jesper Wiig, samferdselsdirektør
- Heidi- Iren Wedlog Olsen, kulturdirektør
- Tone Nord, fylkestannlege
- Torgeir Haukebø, bygg- og eigedomssjef
- Dag Lervik, organisasjonssjef
- Finn Lervik, juridisk sjef
- Inger Johanne Moene, kommunikasjonssjef

Du kan lese meir om fylkeskommunen som organisasjon på mrfylke.no

## Tilsette og årsverk i tal

Ved slutten av 2025 hadde fylkeskommunen 2485 tilsette og 2283 årsverk.

### Tal på årsverk

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| 2385 | 2408 | 2427 | 2462 | 2295 | 2283 |

Tabellen inneheld alle lønnsaktive årsverk per 31.12.25. Dette betyr at både fast tilsette, vikarar, lærlingar, traineear og engasjement er med i oversikta.

### Tal på tilsette

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 1565 | 1607 | 1610 | 1653 | 1548 | 1537 |
| **Menn** | 1062 | 1088 | 1046 | 1022 | 961 | 948 |
| **Totalt** | 2627 | 2695 | 2656 | 2675 | 2509 | 2485 |

### Tal på tilsette i deltidsstillingar

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 535 | 514 | 515 | 510 | 473 | 423 |
| **Menn** | 224 | 217 | 198 | 169 | 171 | 144 |
| **Totalt** | 759 | 731 | 713 | 679 | 616 | 567 |

Talet på tilsette i deltidsstillingar har gått ned frå 759 til 567 sidan 2020.

### Tal på mellombels tilsette

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 167 | 176 | 158 | 82 | 115 |
| **Menn** | 168 | 164 | 92 | 68 | 124 |
| **Totalt** | 335 | 340 | 250 | 150 | 239 |

## Kjønnsfordeling i dei ulike sektorane

| | Skolane | Tannhelse | Fag-og stabsavdelingar | Heile fylkeskommunen |
|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 62 % | 91 % | 51 % | 62 % |
| **Menn** | 38 % | 9 % | 49 % | 38 % |

## Kvinner og menn i leiande stillingar (tilsette)

| | Rektor / ass. rektor | Mellomleiarar skole | Mellomleiarar | Toppleiargruppa | Heile fylkeskommunen |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 45 % | 60 % | 61 % | 44 % | 62 % |
| **Menn** | 55 % | 40 % | 39 % | 56 % | 38 % |

## Gjennomsnittsalder på tilsette

| | Skolane | Tannhelse | Fag- og stabsavdeling | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 49 år | 45 år | 49 år | 48 år |
| **Menn** | 50 år | 39 år | 48 år | 50 år |
| **Alle** | 50 år | 44 år | 49 år | 49 år |

## Sjukefråvær

| 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 5,5 % | 5,2 % | 5,5 % | 5,8 % | 5,5 % | 5,6 % | 6,8 % | 6,4 % | 6,7 % | 6,10 % |

## Sjukefråvær i ulike aldersgrupper fordelt på kjønn

| | 0-29 år | 30-39 år | 40-49 år | 50-59 år | 60 år og over |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 7,3 % | 9,2 % | 6,9 % | 7,2 % | 8,4 % |
| **Menn** | 1,8 % | 3,9 % | 3,4 % | 3,9 % | 3,8 % |
| **Totalt** | 5,2 % | 7,1 % | 5,7 % | 5,9 % | 6,2 % |

### Gjennomsnitt tal på veker foreldrepermisjon

| | Tal på veker |
|---|---|
| **Kvinner** | 21 |
| **Menn** | 14 |

### Gjennomsnittleg årsløn i fylkeskommunen

| | Kapittel 3 | Kapittel 4 | Kapittel 5 | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 1 013 930 | 665 961 | 815 018 | 717 601 |
| **Menn** | 1 042 259 | 691 051 | 814 365 | 750 480 |
| **Alle** | 1 025 906 | 675 017 | 814 725 | 730 144 |

## Organisasjonsutvikling

### Omstilling av organisasjonen

Med 2485 tilsette fordelt på lokasjonar i heile fylket, er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i Møre og Romsdal.

### Organisasjonsstrategi

Organisasjonsstrategien er den felles plattforma vår for korleis vi som organisasjon skal løyse samfunnsoppdraget og nå måla i den regionale planstrategien og fylkesplan. 25. februar vart organisasjonskonferansen gjennomført med nærare 300 deltakarar (leiarar, verneombod og tillitsvalde). Tema for årets konferanse var endring, omstilling, endringsleiing og digitalisering. I tillegg vart det 5. november gjennomført opplæring knytt til presentasjon og oppfølging av resultata etter medarbeidarundersøkinga MTM. Einingsleiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod deltok fysisk på MTM-opplæringa medan resten deltok digitalt. Undersøkinga utgjer eit viktig grunnlag for å utvikle arbeidsmiljøet og organisasjonen.

### Organisasjonsutvikling

Både i 2024 og 2025 er det gjennomført omstillingstiltak for å tilpasse organisasjonen til lågare driftsrammer. Omstillingsprosessen har medført både organisatoriske endringar og lågare bemanningsnivå i ulike delar av organisasjon. På bestilling av kontrollutvalet er det gjennomført ein forvaltningsrevisjon, jf. fylkestingsak 53/25 Forvaltningsrevisjon av personalforvaltning –

revisjonsrapport. Fylkeskommunedirektøren har utarbeidd ein handlingsplan for oppfølging av tilrådingane etter denne revisjonen som det vil bli arbeidd med i 2026/2027.

Sentrale omstillingstiltak som er behandla politisk eller administrativt i 2025 er:

- Oppfølging av omstillingsprosess for å tilpasse teneste- og driftsnivå til lågare driftsrammer for alle deler av organisasjonen
- Skole- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring 2026-2029 (sak 55/25)
- Oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak T-68/24 om klinikkstruktur (sak 66/25)
- Justering av organisasjons- og bemanningsplanar for kulturavdelinga, Stab for strategi og styring og Stab for organisasjon og tenesteutvikling. For stabsavdelingane innebar dette m.a. avvikling av seksjon for berekraftig samfunnsutvikling i Stab for strategi og styring, avvikling av Prosjektarenaen og ny organisering av digitaliseringsarbeidet i stab for organisasjon og tenesteutvikling
- OU-prosess og digitalisering innafor reinhald som no er samla under bygg- og eigedomstenestene
- Både ved NMK og inn mot etableringa av Campus Kristiansund er det lagt vekt på ei fysisk utforming av arbeidslokala som skal gi god arealutnytting og fremme nye arbeidsformer med vekt på tverrfagleg samarbeid. Tilsvarande prosess med arbeidsplassutforming er i 2025 gjennomført ved fylkeshuset i Molde der det er gjort nokre bygningsmessige tilpassingar på plan 1 og 5. Samferdsel sine tilsette i Molde er etter denne prosessen samlokaliserte på plan 5. Det nye arbeidsplasskonseptet inneber fritt plassval, bookingløysing og "clean desk". Det blir arbeidd med å redusere leigearelet eller få til framleigeavtalar ved alle tre lokasjonane då fag- og stabsavdelingane no har overkapastet (for høg dekningsgrad) i høve eit redusert bemanningsnivå.
- Fellestenesta ved fylkeshuskvartalet vart frå 01.01.25 verksemdoverdratt frå fylkeskommunen til Fylkeshuset AS. Fylkeshuset AS er ansvarleg utleigar og gjer avtalar med leigetakarane. Vurderinga er at selskapet sjølv er best rusta til å ta ansvaret for å drifte og utvikle Fellestenesta som tenesteleverandør i samsvar med leigetakarane sine behov. Det inneber at alle oppgåvene Fellestenesta har levert til Fylkeshuset AS, og som inngår i husleigeavtalane eller andre standardavtalar Fylkeshuset AS har med leigetakarane, no er overført til Fylkeshuset AS og blir ein del av selskapet si verksemd og ansvar.

## Digitalisering

Dei siste par åra har det vore eit auka samarbeid mellom fylkeskommunane på ei rekke viktige område, og spesielt knytt til digital utvikling. I den samanheng deltar fylkeskommunane i kollegie- og nettverkstruktur for å strukturere og styrke samarbeidet. Både internt i eigen organisasjon og inn mot det nasjonale samarbeidet er det innført behovsstyring for felles digitaliseringsprosjekt. Novari IKS har fått ei sentral rolle i digitaliseringssamarbeidet mellom fylkeskommunane. Fylkeskommunen er også deltakar i det regionale digitaliseringarbeidet gjennom Digi Møre og Romsdal. I 2025 er det landa nye modellar for behovs- og porteføljestyring og organisering av digitaliseringsarbeidet i fylkeskommunen. Det er også gjennomført eit større applikasjonsforvaltningsprosjekt innafor kompetanse- og næringsområdet som skal sikre etterleving av regelverk innafor personvern og ved anskaffing og bruk av IT-applikasjonar. Prosjektet vil bli avslutta i 2026 med konkrete tilrådingar til vidare oppfølging.

I 2025 er det utvikla retningslinjer for tilsette og beslutta KI-prinsipp, samt gjennomført pilotprosjekt for å teste ut bruk av KI-assistentar (Microsoft 365 Copilot). Bruk av KI blir viktig satsing dei neste åra. I samarbeid med Nordland fylkeskommune er det etter anbodskonkurranse inngått ny avtale om ERP-løysing (økonomi- og personalsystem). Her ligg det også inne opsjon om kompetansestyringssystem som

vil bli vurdert i løpet av 2026. ERP-løysinga skal implementerast gjennom 2026 og vere klar til bruk frå 2027.

## Kompetanseutvikling

Fylkesakademiet (sektorovergripande opplæring) har ei sentral rolle for heve kompetansen blant tilsette i fylkeskommunen. I 2025 som i 2024 var opplæring og vidareutvikling av digitale ferdigheiter eit prioritert område i tillegg til opplæring i HMS. Dette innebar opplæring i nye digitale verktøy som ble tatt i bruk i løpet av 2024 samt vidareutvikling av ferdigheiter i bruk av verktøy som allereie er i bruk.

I 2025 vart det også gjennomført ei opplæringsuke med spesielt fokus på å løfte digitale ferdigheiter blant dei tilsette. «Digiløftet» vart gjennomført siste uka i februar. Denne uka var det digitale kurs i forskjellige digitale system og arbeidsmetodar mellom kl. 08.00 og 15.30 kvar dag. Tema var alt frå «bruk av teams» og «grunnleggande excel» til «digital sjølvleiing» og «bruk av Copilot». Målet med arrangementet var å få økt fokus på digitale verktøy, auke kompetansen blant tilsette og å produsere opplæringsmateriell som kan brukast vidare ut i året. Det kom gode tilbakemeldingar på arrangementet og «Digiløftet» blir tatt med inn i 2026 med nokre tilpassingar.

Fylkeskommunen har bygd opp kompetanse på prosjekt og prosessarbeid internt. Gjennom Prosjektarenaen har det vore tilrettelagt ein felles møteplass for samarbeid, utvikling og kompetansebygging på tvers av stabane, fag- og tenesteområda. Som følgje av nye innsparingskrav for stabsavdelingane blir Prosjektarenaen avvikla frå 2026.

I regi av Prosjektarenaen er det i 2025 gjennomført oppfølgande tiltak overfor tidlegare kursdeltakarar på Prosjektarenaen sitt eige prosessleiarkurs. Det vart starta opp ei kursgruppe med nye deltakarar hausten 2024 som vart avslutta i mars 2025. Det har også blitt utvikla og gjennomført eit tilpassa prosessleiarkurs for leiargrupper ved to skolar i 2025.

## HMS og arbeidsmiljø

HMS-arbeidet og arbeidsmiljøet var også i 2025 prega av utviklingsarbeid innan kvalitetsleiing, standardisering av HMS-prosessar, samt oppbygging av HMS prosessar i kvalitetssystemet.

Vi har prioritert lovpålagt HMS-opplæring for verneombod, AMU-medlemmar og leiarar, samt gitt opplæring på HMS-områder som til dømes vald og truslar, brannvern og sjukefråvær, samt opplæring i bruk av stoffkartotek og handtering av kjemikaliar.

Hausten 2025 gjennomførte fylkeskommunen medarbeidarundersøkinga MTM. Føremålet med undersøkinga er å kartlegge kor tilfreds våre tilsette er med kvalitetar ved arbeidsforholdet og organisasjonen Møre og Romsdal fylkeskommune. Undersøkinga gir kunnskap om forhold ved arbeidsmiljøet som er grunnlag for forbetrings- og bevaringstiltak både på den enkelte eining og i fylkeskommunen som organisasjon. Alle einingar skal innan 1. april 2026 utarbeide handlingsplanar for å følge opp medarbeiderundersøkinga. Dei overordna resultata viser at tilfredsheit i Møre og Romsdal fylkeskommune er veldig god. Tilsette gir uttrykk for at dei trivst på jobb og har høg arbeidsglede. Det er særleg meiningsfylt arbeid, sosialt samspel, medarbeidarskap og engasjement, som vi skårar høgt på. Møre og Romsdal fylkeskommune har arbeidsoppgåver som tilsette opplever som stimulerande, uavhengig av sektor. Det sosiale samspelet mellom medarbeidarane er godt, samt at næraste leiar blir vurdert positivt.

På overordna nivå ser vi ein liten tilbakegang på opplevd arbeidsmengde og opplevinga av tilhøyre samanlikna med resultata frå 2021. Sjølv om det er normale resultat på desse områda er dette forbetringsområde vi bør sette søkelyset på, og som gir grunnlag vidare oppfølging.

## Rekruttering

I 2025 rekrutterte fylkeskommunen 190 nye tilsette. Av desse var 101 faste tilsette og 89 var tilsette i midlertidige stillingar/vikariat.

I tillegg har syv lærlingar starta i fylkeskommunen i 2025.

Tala inkluderer tilsette som har starta i arbeid hos fylkeskommunen i 2025, då tilsetting gjeld frå tidspunktet vedkommande trer til i stillinga.

## Overtal

24 tilsette vart meldt å vere i overtal i 2025.

Av desse er fire sagt opp av arbeidsgivar i heile eller delar av stillinga si. Dei resterande 20 er enten omplassert i anna stilling, har sagt opp sjølv eller overtalet har blitt trekt på grunn av endringar.

## Lønsutvikling

I 2025 er det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i kapittel 3 og 5 i HTA, jf. kriteria i lønspolitisk plan. Forhandlingsklimaet med organisasjonane blir opplevd som godt.

For alle forhandlingar har partane halde seg innanfor totalramma for lønnsutvikling i 2025, som var på 4,4 %.

## Partsamarbeid

Fylkeskommunen legg vekt på gode samarbeidsforhold mellom partane i organisasjonen. Det er etablert mange møteplassar for informasjon, drøfting og samarbeid på ulike nivå i organisasjonen. Hovudsamarbeidsutvalet er arena for partane sentralt i fylkeskommunen, og fungerer som både drøftingsarena og arbeidsmiljøutval for heile verksemda. I tillegg blir tillitsvalde og verneombod inviterte til å delta på viktige møteplassar som læringsnettverk, kompetansetiltak og i arbeidsgrupper for organisasjonsutvikling, jamfør intensjonane i Hovudavtalen.

# Politikk

## Politiske møte i 2025

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt øvste politiske organ er fylkestinget.

- Det vart gjennomført fire (9 møtedagar) fylkestingssamlingar i 2025. Her vart det behandla til saman 71 saker.
- Fylkesutvalet, som er fylkestinget sitt arbeidsutval, hadde 15 møtedagar og behandla 122 saker.

I tillegg har det vore orienteringar frå bedrifter, organisasjonar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har tre hovudutval, ei plannemnd og åtte rådgivande utval.

| Utval | Tal på medlemmar | Leiar i utvalet | Møte | Saker |
|---|---|---|---|---|
| Fylkestinget | 47 | Anders Riise (H) | 4 | 71 |
| Fylkesutvalet | 13 | Anders Riise (H) | 15 | 122 |
| Klagenemnda | 13 | Anders Riise (H) | 8 | 25 |
| Kontrollutvalet | 5 | Fredric Holen Bjørdal (Ap) | 7 | 62 |
| Samferdselsutvalet | 13 | Hans Olav Myklebust (FrP) | 9 | 50 |
| Kompetanse- og næringsutvalet | 13 | Geir Asle Stenseth (FrP) | 9 | 73 |
| Kultur- og folkehelseutvalet | 13 | Jessica Gärtner (H) / Leif Bjarne Ersnes (H) frå 16.10.25 | 11 | 78 |

| Rådgivande utval | Tal på representantar | Leiar |
|---|---|---|
| Ungdommens fylkesråd | 9 | Magnus Smørdal / Iver Aarebrot frå 22.03.25 |
| Eldrerådet | 7 | Bengt Gustav Eriksson (PFMR) |
| Rådet for personar med nedsett funksjonsevne | 8 | Hanne Notøy (Ap) |

| Andre utval | Tal på representantar | Leiar |
|---|---|---|
| Politisk eigarskapsutval | 5 | Frank Sve (FrP) |

| Andre utval | Tal på representantar | Leiar |
|---|---|---|
| Fagskolestyret | 9 | Geir Asle Stenseth (FrP) |
| Ungdommens fylkesting | | Magnus Smørdal / Iver Aarebrot frå 22.03.25 |
| Utbyggingsutval for bygg og vegsaker | 5 | Harry Valderhaug (KrF)/Randi W. Frisvoll (KrF) frå 16.10.25 |
| Yrkesopplæringsnemnda | 10 | Kari Hoset Ansnes (LO) |

## Politikarane våre

### Fylkesordførar Anders Riise

Anders Riise (H) vart vald som fylkesordførar hausten 2023.



Fylkesordførar Anders Riise (H), foto: Per-Kristian Bratteng

## Politisk organisering




## Medlemmar av fylkestinget 2023 -2027

| Namn | Parti |
|---|---|
| Frank Sve | FrP |
| Geir Asle Stenseth | FrP |
| Anne Marie Fiksdal | FrP |
| Hans Olav Myklebust | FrP |
| Inger Lise Nerland Skogstad | FrP |
| Gro Anita Sve | FrP |
| Knut Erik Engh | FrP |
| Joakim Myklebust Tangen / Roger Bach frå 16.10.2025 | FrP |
| Lovise Nikoline Voldsund | FrP |
| Håkon Lykkebø Strand | FrP |

| Namn | Parti |
|---|---|
| Monica Molvær | H |
| Anders Riise | H |
| Trygve Grydeland | H |
| Leif Bjarne Ersnes | H |
| Lene Vadseth Larsgård | H |
| Bente Bruun | H |
| Carl-Henrik Myrseth Moltumyr | H |
| Jessica Gärtner | H |
| Torgeir Dahl | H |
| Line Hatmosø Hoem | Ap |
| Geir Ove Leite | Ap |
| Hanne Notøy | Ap |
| Erling Vestre | Ap |
| Eirin Andersen Gravem | Ap |
| Jens Einar Aklestad | Ap |
| Hege Merethe Gagnat | Ap |
| Fredric Holen Bjørdal | Ap |
| Per Ivar Lied | Sp |
| Tove Henøen | Sp |
| Henrik Stensønes | Sp |
| Dordi Boksasp Lerum | Sp |
| Lisa Alvestad | Sp |
| Harry Valderhaug | KrF |
| Randi Walderhaug Frisvoll | KrF |
| Victoria Smenes | KrF |
| Yvonne Wold | SV |
| Marit Aklestad | SV |
| Anders Lindbeck | SV |

| Namn | Parti |
|---|---|
| Pål Farstad | V |
| Lena Landsverk / Frank Stenløs frå 17.12.2025 | V |
| Nils Olav Moen | INP |
| Bjarne Kvalsvik | KDL |
| Jonas Nilsen | MDG |
| Stig Anders Ohrvik | NML |
| Hans Kjetil Knutsen | Sunml |
| Finn Arne Follestad | uavh. |
| Silje Alise Ness | uavh. |

## Ung medverknad

## Ungdommens fylkesting (UFT)

UFT er ungdommane sitt øvste politiske organ i fylket. Dei diskuterer viktige saker som gjeld ungdom i fylket. Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom frå 13 og 19 år med folkeregistrert adresse i Møre og Romsdal.

Kommunane i Møre og Romsdal blir invitert til å sende to til tre delegatar til ungdommens fylkesting. Kommunar større enn 20 000 innbyggarar får sende tre delegatar. Desse blir valt av sine ungdomsråd. Ungdomspanelet inviterer i tillegg inntil ti delegatar frå organisasjonar som representerer ungdom til UFT.

Ungdommens fylkesting skal gi ungdom meir innflytelse, opplæring i korleis dei kan delta i demokratiske kanalar og bidra til å auke ungdom sitt samfunnsengasjement.

Ei viktig oppgåve for UFT er å lage strategidokument for ungdomspanelet, UFT sitt arbeidsutval med faste møte gjennom heile året.

## Ungdommens fylkesråd

Under Ungdommens fylkesting blir det innstilt eit nytt ungdommens fylkesråd (UFR). Ungdomsrådet har ni faste og fem varamedlemmar. Medlemane blir formelt valt av fylkestinget. Utvalet skifta namn frå ungdomspanelet til ungdommens fylkesråd april 2025.

Ungdommens fylkesråd har hatt 9 møte i 2025. Møta blei arrangert over heile fylket og dei har behandla totalt 74 saker. I tillegg til eigen møteverksemd har ungdomsrådet deltatt aktivt i ei rekke forskjellige møte, fylkeskommunale prosjekt, grupper, forskjellige samarbeid, konferansar og hovudutvalsmøte. Ungdommens fylkesting vart arrangert i mars.

Du kan lese meir om ungdommens fylkesråd på mrfylke.no

## Ungdomsrådet 2024/2025

(Valt april 2025)

1. Iver Aarebrot, leiar
2. Lisa Marie Nikolaisen Roald, nestleiar
3. Ida Fjerstad, medlem
4. Kasper Dalhaug, medlem
5. Linda Mordal, medlem
6. Olivier Karkoszka, medlem
7. Paul Daniel Roth, medlem
8. Sandra Hjelvik, medlem
9. Thanura Premakumar, medlem

- Anders Krogset, vara
- Kenni Dogbey, vara
- Leni Blank, vara
- Marius Ringstad, vara
- Sara Hasselø Berg, vara

# Klimarekneskap 2025

## Samandrag

Fylkeskommunen sine direkte utslepp går kraftig ned, mykje takka vere elektriske ferjer. Indirekte utslepp frå investeringar og materialbruk er store, og desse treng vi meir kunnskap om.

Verksemda brukar store mengder energi og samferdsel er den dominerande energibrukaren og utsleppskjelda.

Klimagassutsleppa i fylket (geografisk område) går sakte ned, men for sakte. Siste år gjekk dei faktisk opp. Framskrivinga viser at fylket (geografisk område) **ikkje er i rute** til å nå klimamåla med dagens planar og tiltak.

Fylkeskommunens arbeid med klima og miljø er styrt av fylkesplanen og relevante fylkesstrategiar, spesielt Fylkesstrategi for miljø, klima og energi. Det er i år laga ein eigen statistikkpublikasjon, Grøn status , som viser status på måleindikatorane i sist nemnte fylkesstrategi.

### Kva betyr dette for fylkespolitikken framover?

**Dei store utsleppskjeldene som ferje og hurtigbåt krev strategiske grep.** Elektrifisering fungerer, men er avhengig av politiske prioriteringar regionalt og nasjonalt og kraftnettet.

**Scope 3 må bli ei prioritering.** Dette gir store moglegheiter for reduksjon gjennom:

- klimakrav i anskaffingar
- krav til klimabudsjett for alle prosjekt
- bruk av lågutsleppsmateriale

**Energisparing i bygg = rask gevinst.** Energisparing reduserer kostnader og effektbehov, men også indirekte klimarisiko. Fylkeskommunen kan gå føre i energieffektivitet og lokal energiproduksjon.

## Innleiing

Noreg har forplikta seg til Parisavtalen, og Møre og Romsdal må også bidra med å få ned dei norske klimagassutsleppa.

Møre og Romsdal fylkeskommune bruker klimarekneskap og klimabudsjett som styringsverktøy for å følgje utviklinga i eigne utslepp og for å planleggje utsleppskutt

Årsrapporten inneheld klimarekneskapen til Møre og Romsdal fylkeskommune si verksemd, og for Møre og Romsdal fylke som eit geografisk område.

Beskriving av omgrep som blir brukt i klimarekneskapen finn du på fylkeskommunen sine nettsider.

## Systematisering av klimarekneskapen

Møre og Romsdal fylkeskommune jobbar for å følgje GHG-protokollen i oppsettet av klimarekneskapen. Ifølge GHG-protokollen skal utsleppa delast inn i tre kategoriar:

- Scope 1 (direkte utslepp): Direkte utslepp frå kjelder verksemda eig eller kontrollerer.
- Scope 2 (indirekte utslepp): Utslepp frå produksjon av elektrisitet som verksemda kjøper.
- Scope 3 (indirekte utslepp): Alle andre indirekte utslepp som er ein konsekvens av verksemdas aktivitet og som kjem frå kjelder som verksemda ikkje eig eller kontrollerer

Verksemder skal rapportere på scope 1 og 2 i følgje GHG-protokollen, medan scope 3 er valfri.

Scope 3 kartlegginga i verksemda er under utvikling. Tal vil endre seg i kommande år etter kvart som fleire utsleppskjelder kjem inn.

## Klimarekneskap for verksemda (2025)

Ein klimarekneskap skal presentere dei samla utsleppa i form av CO2-ekvivalentar (CO2e). Målet er å kartlegge dei viktigaste kjeldene og drivarane bak klimagassutsleppa. Då kan ein finne og iverksette tiltak retta mot dei mest sentrale utsleppskjeldene. Klimarekneskapen skal vise om vi klarer å følge opp tiltaka som er beskrive i klimabudsjettet.

### Samla utslepp

Figuren under viser at dei totale utsleppa for scope 1 og 2 i 2025 var på 55 699 tonn CO2-ekvivalentar, dvs. at utsleppa er redusert med om lag 40 prosent sidan 2019. Reduksjonen kjem hovudsakleg av elektrifisering av ferjesambanda.

Med vedtatte tiltak (nullutsleppsbussar og elektriske ferjer) kan verksemda nå om lag 50 prosent utsleppsreduksjon innan 2030.




## Scope 1 - direkte utslepp

Fossildrivne ferjer og bussar er dei største kjeldene til fylkeskommunen sine direkte utslepp.

*Tabell 1 Scope 1, direkte utslepp frå verksemda.*

| Scope 1 - direkte utslepp<br><br>Årleg bruk av fossil energi | Drivstoff<br><br>[liter] | Energi<br><br>[kWh] | Utslepp<br><br>[tonn CO2e] |
|---|---|---|---|
| Fossildrivne ferjer | 7 964 735 | 79 947 906 | 21 186 |
| Fossildrivne bussar | 6 029 068 | 60 518 192 | 16 037 |

| **Scope 1 - direkte utslepp**<br><br>**Årleg bruk av fossil energi** | **Drivstoff**<br><br>**[liter]** | **Energi**<br><br>**[kWh]** | **Utslepp**<br><br>**[tonn CO2e]** |
|---|---|---|---|
| Fossildrivne hurtigbåtar | 4 706 772 | 47 245 334 | 12 520 |
| Fossildrivne tenestebilar vegavdelinga | 37 408 | 572 891 | 100 |
| Fossildrivne vegdriftsbilar (entreprenør sine bilar) | 1 690 596 | 16 969 758 | 4 497 |
| Fossildrivne tunge køyretøy ifm undervisning | 46 168 | 463 426 | 0 |
| Fossildrivne anleggsmaskiner og motorreiskap ifm undervisning | 4 336 | 43 061 | 123 |
| Fossildrivne fartøy ifm undervisning | 0 | 0 | 11 |
| Fossildrivne bilar i skulane og sentraladministrasjonen | 13 297 | 133 467 | 9 |
| Oljekjel videregåande skular | 7 500 | 75 600 | 20 |
| **SUM** | **20 499 880** | **205 969 634** | **54 502** |

## Scope 2 – indirekte utslepp (frå innkjøpt energi)

Med lokasjonsbasert metode (NVE sin utsleppsfaktor) er utsleppa i scope 2 om lag 1 200 tonn $CO_2$e i 2025.

*Tabell 2 Scope 2, indirekte utslepp frå verksemda*

| **Scope 2 - indirekte utslepp**<br><br>**Årleg bruk av straum og fjernvarme** | **Energi**<br><br>**[kWh]** | **Utslepp**<br><br>**[tonn CO2e]**<br><br>**Lokasjon** | **Utslepp**<br><br>**[tonn CO2e]**<br><br>**Marknad** |
|---|---|---|---|
| Administrasjonsbygg | 4 317 950 | 52 | 2 309 |
| Tannklinikkar | 567 543 | 7 | 304 |
| Vidaregåande skular | 19 649 678 | 236 | 10 509 |
| Straum til vegdrift (veglys, sanitær og venterom, tunnel, trafikkdata) | 14 495 157 | 174 | 7 753 |
| Eldrivne ferjer | 47 875 407 | 575 | 25 606 |
| Eldrivne bussar | 5 110 920 | 61 | 2 734 |
| Eldrivne hurtigbåtar | 0 | 0 | 0 |
| Eldrivne tenestebilar vegavdelinga | 3 084 | 0 | 2 |
| Eldrivne vegdriftsbilar (entreprenør sine bilar) | 15 066 | 0 | 8 |
| Eldrivne bilar i skulane og sentraladministrasjonen | 0 | 0 | 0 |
| Fjernvarme vidaregåande skular | 6 779 570 | 101 | 101 |
| **SUM** | **98 814 374** | **1 205** | **49 325** |

Solceller produserte totalt 42 061 kWh straum, berre 0,5 promille av total straumforbruk i verksemda.

*Tabell 3 Straumproduksjon frå solceller*

| **Produksjon [kWh/år]** | **2025** |
|---|---|
| Fagerlia VGS | 38 654 |
| Gjermundnes VGS | 45 578 |
| Hustadvika VGS | 41 985 |
| Spjelkavik Arena | 40 454 |
| Bussdepot Kristiansund | 1 300 |

| Produksjon [kWh/år] | 2025 |
|---|---|
| **SUM** | **42 061** |

## Scope 3 – indirekte utslepp

Kartlegging av scope 3 pågår. I klimarekneskapen for 2025 har vi med nokre av dei indirekte utsleppa frå verksemda.

Iht. GHG-protokollen for verksemder og organisasjonar skal scope 3 innehalde desse femten kategoriane:

*Tabell 4 Kategoriar i scope 3 iht. GHG-protokollen.*

| Oppstraums aktivitetar (indirekte utslepp knytt til kjøpte varer og tenester) | Nedstraums aktivitetar (Indirekte utslepp knytt til selde varer og tenester) |
|---|---|
| 1 **Innkjøp av varer og tenester** | 9 Nedstraums transport og distribusjon |
| 2 Anleggsmiddel | 10 Prosessering av selde produkt |
| 3 Drivstoff- og energirelaterte utslepp som ikkje er inkludert i scope 1 eller scope 2 | 11 Bruk av selde produkt |
| 4 Innkjøpte transport- og distribusjonstenester | 12 Slutthandtering av selde produkt |
| 5 **Avfallshandtering** | 13 **Utleige av lokale og/eller utstyr** |
| 6 **Tenestereiser** | 14 Franchisar |
| 7 **Tilsette si pendling til og frå jobb** | 15 Investeringar[1] |
| 8 Leige av lokale og/eller utstyr | |

[1] Denne kategorien gjeld for investorar som bankar og finansinstitusjonar.

Kategoriane som er utheva, har vi med i klimarekneskapen for 2025. Vi gjer merksam på at tala ikkje fangar opp all aktivitet innanfor dei enkelte kategoriane. Investeringsprosjekta som er med i 2025-tala er ny Nerlandsøybru, Holamyra rundkøyring, Sandesambandet og Molde bussdepot.

*Tabell 5 Scope 3, indirekte utslepp frå verksemda*

| Scope 3 - indirekte utslepp | Utslepp [tonn CO2e] |
|---|---|
| 1 Investeringsprosjekt | 11 453 |
| 1 Materiale til vegdrift: salt, sand/grus og asfalt | 3 369 |

| Scope 3 - indirekte utslepp | Utslepp<br>[tonn CO2e] |
|---|---|
| 5 Avfall | 15 |
| 6 Tenestereiser | 1 082 |
| 7 Tilsette si pendling til og frå jobb | 1 500 |
| 8 Utleige av lokale (bussdepot: straum og fjernvarme) | 5 |
| **SUM** | **17 419** |

## Energibruk i verksemda

Energibruken i verksemda omfattar både straum, fjernvarme og fossilt drivstoff.

**Hovudtrekk:**

- Møre og Romsdal fylkeskommune har framleis ein stor del fossil energibruk.
- Straumbruken aukar pga. elektrifisering av ferjer og bussar.
- Fossil energibruk går ned over tid — særleg i ferjedrifta.
- Samferdselssektoren er den klart største energibrukaren i verksemda, som følgje av kollektivtilbodet.




Årleg fossil energibruk [kWh/år]
400 000 000
350 000 000
300 000 000
250 000 000
200 000 000
150 000 000
100 000 000
50 000 000
0
2019
2020
2021
2022
2023
2024
2025
Oljekjel vidaregåande skular
Fossildrivne bilar i skulane og sentraladministrasjonen
Fossildrivne fartøy ifm. undervisning
Fossildrivne anleggsmaskiner og motorreiskap ifm. undervisning
Fossildrivne tunge køyretøy ifm. undervisning
Fossildrivne vegdriftsbilar (entreprenør sine bilar)
Fossildrivne tenestebilar vegavdelinga
Fossildrivne hurtigbåtar
Fossildrivne bussar
Fossildrivne ferjer




## Status klimatiltak

Tabellane under viser status på tiltaka som var beskrive i klimabudsjett 2025-2028.

### Tiltak som gir store utsleppskutt

- **Elektriske ferjer:** 60 prosent reduksjon i ferjeutslepp frå 2019 til 2025. Alle ti planlagde samband er elektrifiserte.

- **Nullutsleppsbussar:** 9 prosent reduksjon i utslepp frå bussar samanlikna med 2019.

**Tiltak med framdrift**

- Krav om $CO_2$-rapportering i vegdriftskontraktar
- God avfallssortering i anleggsprosjekt (91 prosent i 2025)
- Nye gang- og sykkelvegar starta/førebudde
- Betra innkjøps- og miljøoppfølging i tannhelsetenesta
- Arbeid med klimabudsjett for investeringsprosjekt blir trappa opp

*Tabell 6 Status klimatiltak retta mot direkte utslepp.*

| Klimatiltak | Status |
|---|---|
| Overgang til elektriske ferjer<br><br>Samferdsel | Alle dei ti planlagde sambanda er elektrifisert. Utsleppsreduksjonen i ferjedrifta er på 60 prosent i 2025 samanlikna med 2019, grunna introduksjon av elferjene. Alle dei elektrifiserte ferjesambanda brukar framleis fossilt drivstoff i tillegg til elektrisk straum. |
| Overgang til nullutsleppsbussar<br><br>Samferdsel | Utsleppsreduksjonen for busspakkane er på 9 prosent samanlikna med 2019 som eit resultat av elbussar i ruteproduksjonen. |

*Tabell 7 Status klimatiltak retta mot indirekte utslepp.*

| Klimatiltak | Status |
|---|---|
| Krav om CO2-rapportering i nye vegdriftskontraktar<br><br>Samferdsel | Det er krav til rapportering på forbruk diesel og strømiddel i alle driftskontraktar. |
| Sykkelvegar<br><br>Samferdsel | Det er planlagt ferdigstilling og oppstart av nokre nye gang- og sykkelvegar i økonomiplanperioden. Bygging av gang- og sykkelveg med lengde 1 km inkludert gangbru mellom Bådalen og Vebenstad starta opp i 2025 og skal ferdigstillast i 2026. |
| Avfallshandtering i utbyggingsprosjekt på fylkesveg<br><br>Samferdsel | Dette er ein av måleindikatorane til samferdsel på alle avslutta prosjekt med ein avfallshandtering på 80 % eller meir. Det ligg også krav om dette i alle kontraktane våre. For 2025 rapporterte vi eit resultat på 91 %. |

| Klimatiltak | Status |
|---|---|
| Drift og forvalting av tannklinikkar - samarbeid med BYE<br><br>Tannhelse | • Rapportert i tråd med krava i Miljøfyrtårn-sertifiseringa.<br>• Kontinuerlege samarbeidet med BYE for god oppfølging av leigeavtalar og miljørelaterte driftsforhold ved tannklinikkane. Det er gjennomført jamlege samhandlingsmøter, prioritering av klinikkprosjekt etter kapasitet og etablert prosjektgrupper for pågåande bygge- og rehabiliteringsprosessar.<br><br>Gjennomført gjennomgang av rom- og funksjonsprogram samt prosjekteringsanvisningar for å sikre at nye tannklinikkar planleggjast med omsyn til klima, berekraft og god tilgjenge. Dette arbeidet legg grunnlaget for lågare klimaavtrykk i framtidige lokalar. |
| Redusere klimagassutsleppa frå eigne bygg<br><br>BYE | Det blir jobba kontinuerleg med klimagassutslepp i fylkeskommunen sine bygg saman med fag- og stabsavdelingane innan skolebygg, tannhelseklinikkar, kulturbygg og bygg for samferdselsområdet. Sentrale område det blir gjort tiltak innafor:<br><br>• redusere energibruken gjennom energieffektivisering (isolasjon, LED-belysning, behovsstyrt ventilasjon),<br>• Fornybare løysingar med varmepumper og/ - eller fjernvarme<br>• Produsere lokal fornybar energi som f.eks. solceller som igjen kan gi gevinst for fylkeskommunen sine bygg<br>• Sikre klimakrav gjennom materialbruk, sentral driftskontroll ved bygg/eigedom og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse |
| Redusere energibruken i eigne bygg<br><br>BYE | • Forbetra energimåling og redusere forbruk gjennom energistyring.<br>• Ettergå unødvendig arealbruk i bygg og administrasjonslokale. |
| Aluminiumsbru<br><br>Samferdsel | Ein del av FoU-samarbeidet blir å dokumentere om bruk av aluminium som brumateriale er berekraftig. FoU-prosjekt pågår med prosjektering av ny bru i aluminium. Brua er planlagt sendt til kontroll og godkjenning i Vegdirektoratet i løpet av våren 2026. Dersom kostnadene er akseptable vil ein gå vidare med å bygga aluminiumsbrua. Planlagt installasjon er i 2027/28. |
| Gjenbruk i FRAM sine nye kontraktar<br><br>Samferdsel | Gjenbruk blir vurdert i førebuande arbeid i nye driftskontraktar innanfor FRAM sitt område. |
| Innkjøp i tannhelsetenesta - samarbeid med innkjøpsseksjonen<br><br>Tannhelse | • Vidareført arbeidet med berekraftige anskaffingsprosessar, med særleg vekt på gjenbruk av dentalt utstyr, reduksjon av eingongsartiklar og bestillingsrutinar lokalt på klinikkane.<br>• Fokus på «orden i eige hus» og utstyrskontroll gjennom månadens HMS-tema. Dette arbeidet styrker intern ressursbevisstheit og bestillingsrutinar, noko som indirekte reduserer unødvendig forbruk og fremjar meir berekraftige driftsprosessar. |

| Klimatiltak | Status |
|---|---|
| | • Gjennomført oppfølgingsmøter med sentrale leverandørar, der miljø- og klimakrav har vore eit sentralt tema både i vurderingane og i samarbeidet med oppfølging av avtalane.<br><br>Starta planlegginga for styrking av innkjøpskompetansen i samarbeid med Innkjøpsseksjonen MRFK, som er venta å vere på plass våren 2026. Denne satsinga vil gi betre kapasitet og moglegheit for meir systematisk og regelmessig leverandøroppfølging, og vil bidra til meir ressursbevisste og miljøvenlege innkjøpsprosessar framover. |
| Klimabudsjett og -rekneskap for bygging av Ny Nerlandsøybru<br><br>Samferdsel | Utført. Klimarekneskapen for Ny Nerlandsøybru er presentert i årets klimarekneskap for verksemda. |
| Auke i talet på passasjerar med kollektivtrafikk<br><br>Samferdsel | Totalt er det ein oppgang på buss (0,1 prosent). |
| Bypakkar<br><br>Samferdsel | Det er ikkje laga klimabudsjett- og rekneskap for fylkeskommunen sine vegtiltak i Bypakke Ålesund.<br><br>Ferdige prosjekt 2025:<br><br>-Kollektivknutepunkt i Ålesund sentrum: bidra til at fleire brukar buss<br><br>-Sykkelveg Tonningsgate, Skarbøvika i Ålesund: bidra til at fleire brukar sykkel som framkome.<br><br>Prosjekt som er i gang:<br><br>-Fv. 60 Blindheim – Flisnes, ferdig i løpet av 2026 og vil då ha: utbetra haldeplassar til buss, utbetra og bygd nye gang- og sykkelvegar og andre tiltak for å bidra til auka bruk av kollektiv, gange og sykkel.<br><br>Det vil bli starta opp fylkesvegtiltak i Bypakke Kristiansund i år. I hovudsak tiltak for å fremje bruk av kollektiv (buss) som utbetring av haldeplassar og liknande. |

*Tabell 8 Status klimatiltak retta mot andre samfunnseffektar.*

| Klimatiltak | Status |
|---|---|
| Rammeavtale energiutgreiingar<br><br>KON | I 2025 er det gjort fem avrop på rammeavtalen, med 2,4 mill. kroner i samla budsjett. Eit av utgreiingsprosjekta er gjennomført og avslutta, resterande forventast ferdig 1.halvår 2026. 2 av utgreiingane er leia av Samferdselsavdelinga. Avropa har følgande tittel: 1: "Situasjonsrapport |

| Klimatiltak | Status |
|---|---|
| | med forbetringspunkt". 2: "Tiltaksplan energi". 3: "Energiflytanalyse, mal og utgreiing Bingsa". 4: "ROS-analyse nullutslepp FRAM buss". 5: "FRAM ferje - Vurdere krav til nullutslepp på nye kontraktar". |
| Tilskot til nye løysingar for redusert energibruk<br><br>KON | I 2025 er det gitt 1,45 mill. kroner i tilskot til 3 utgreiingsprosjekt for redusert energibruk og auka produksjon av fornybar energi. Samla budsjett for dei 3 prosjekta er 3 mill. kroner, og ferdigstilling er forventa i løpet av 2026. Utgreiingane har følgande tittel: "Solkraft i myrområder", "Felles energiløsninger på NorSea Atlantic - industripark" og "Kraftilag - Forstudie". |
| Etablering av sirkulære industrihubar<br><br>KON | Industrihubar i Sunndal, Risnes i Hareid, Hustadvika, Bingsa i Ålesund og Tjeldbergodden har gjennomført forprosjekt og avdekka mellom anna materialstraumar med potensiale for samarbeid. Fleire har fått gå vidare med nye prosjekt med mål om forretningssamarbeid, og nokon samarbeider allereie om ressursar. Fleire tekstilinitiativ jobbar også vidare saman og kvar for seg. |
| Reduserte klimautslepp frå landbruket<br><br>KON | Det er gitt økonomisk støtte til 3 prosjekt som bidreg til reduksjon i klimagassutslepp direkte. Det gjeld optimalisering av bruken av nitrogen gjennom urea og husdyrgjødsel, kompetanse og kunnskap om biogass og biorest, meir økologisk og miljøvennleg landbruk. I tillegg er det gitt ei rekke tilskot til klimatiltak som påverkar utslepp gjennom verdikjeda, kunnskap og struktur.Det er laga eigen statistikk som viser utviklinga innan landbruk, inkludert klimagassar. |
| Miljø- og berekraft i tannhelsetenesta<br><br>Tannhelse | • Miljø- og berekraft har vore tema i fylkestannlegens leiargruppe og i dialogen ut mot klinikkane.<br>• Miljø- og berekraftsrelaterte tema blir planlagt inn som del av månadens HMS-tema i tannhelsetenesta.<br>• Det har vore særleg fokus på gjenbruk av dentalt utstyr, reduksjon av unødvendig forbruk og forbetring av driftsprosessar.<br>• Opplæring og auka bruk av kvalitetssystemet Compilo har vore prioritert for å styrke internkontroll og systematikk i driftsprosessar.<br><br>Miljø- og berekraftsperspektiv er integrert i anskaffingsprosessar og i planlegging av byggeprosjekt, for å fremje meir miljøvenlege og ressursbevisste val på tvers av verksemda. |

## Klimarekneskap for samfunnet Møre og Romsdal (2024)

Utsleppa i fylket har gått ned 8,7 prosent frå 2009 til 2024. Men frå 2023 til 2024 auka utsleppa med om lag 2 prosent. Auken kjem hovudsakleg frå energiforsyning, sjøfart og industri.




I 2024 fordelte utsleppa i samfunnet Møre og Romsdal seg som i figuren under.




Dei største sektorane verksemda har direkte innverknad på utsleppa frå er:

- *sjøfart, passasjer:* gjennom ferje- og hurtigbåttilbodet
- *vegtrafikk, bussar:* gjennom busstilbodet

## Mål og framskriving

Noreg har lovfesta mål om å kutte utsleppa med :

- 55 prosent innan 2030
- 75 prosent innan 2035
- 95 prosent innan 2050

Framskrivinga viser at fylket **ikkje er i rute** med dagens planer og tiltak.

# Status fylkeskommunal planlegging

## Rapportering regional planlegging i fylkeskommunen

I Regional planstrategi Møre og Romsdal 2025 - 2028 (RPS) vedtatt i fylkestinget 10.06.2024, er det lagt inn at det skal rapporterast årleg på arbeidet med revidering og utarbeiding av nye planar vedtatt i RPS. Då rapporteringa for 2024 vart behandla i fylkesutvalet i sak U - 02/25 vart det gjort vedtak i punkt 2 om at: «Fylkesutvalet ber om at framtidig rapportering på Regional planstrategi Møre og Romsdal 2025 - 2028 skjer i Framsikt, og blir ein del av årsrapporten for Møre og Romsdal fylkeskommune kvart år i april». Denne rapporteringa er derfor i 2025 eit eige kapittel i årsrapport for Møre og Romsdal fylkeskommune.

Planbehovet i RPS er presentert i tabell som er organisert etter dei fire langsiktige utviklingsmåla som er vedtatt i strategien. Rapporteringa følgjer denne organiseringa.

## Planbehov og planarbeid under samarbeidsfylket

Langsiktig utviklingsmål: Møre og Romsdal skal vere god på regionbygging og samarbeid.

Under dette målet var det ikkje aktuelt planarbeid i 2025. Utarbeiding av dei overordna planane Regional planstrategi og Fylkesplan ligg under samarbeidsfylket, men det var ikkje arbeid knytt til rullering av desse i 2025.

## Planbehov og planarbeid under miljøfylket

Langsiktig utviklingsmål: Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane

Her var det sett opp arbeid med tre regionale planar/fylkesstrategiar i 2025:

- Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi
- Regional plan for vassregion Møre og Romsdal
- Eventuell NY Regional plan for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap
- Vurdering av Regional plan/fylkesstrategi for arealbruk i løpet av planperioden

**Eventuell ny Regional plan for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap**

I RPS står det mellom anna: «Miljødirektoratet og Riksantikvaren har uttrykt ønske om ein ny regional plan for verdsarvområdet Geirangerfjorden - Nærøyfjorden i eit samarbeid mellom Møre og Romsdal og Vestland fylker. Dette er eit stort, omfattande og langvarig arbeid der det er behov for minst ei full stilling for å utarbeide ein slik plan. Dette er ein ressurs Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje har. Føresetnaden for ein slik plan er derfor at dei to fylka saman får ekstern finansiering frå staten til ei prosjektstilling i om lag tre år. Oppstarts-tidspunkt for eit slikt planarbeid er avhengig av når eventuell ekstern finansiering kan vere på plass». Vestland gjorde seinare vedtak om å ta stilling til eit eventuelt planarbeid etter at eit kunnskapsgrunnlag er på plass. Rett før nyttår 2025 fekk dei to fylkeskommunane tildelt kr 750 000 frå miljødirektoratet til felles arbeid med eit kunnskapsgrunnlag, med fokus på arealbruk. Midlane vart overført til Vestland fylkeskommune. Arbeid med oversikt over eksisterande kunnskap, og utarbeiding av ein kravspesifikasjon for eit innkjøp, starta opp hausten 2025. Anbodet blir lyst ut i første halvdel av 2026. Arbeidet er organisert med ei felles arbeidsgruppe leia av Vestland, og ei felles styringsgruppe.

**Regional plan for vassregion Møre og Romsdal 2022 – 2027 ➡ Regional plan for vassregion Møre og Romsdal 2028 - 2033**

Denne regionale planen er under rullering, og arbeidet er omfattande og langvarig. Planprogram (oppstartsmelding) for arbeidet med ny Regional plan for vassregion Møre og Romsdal 2028 – 2033 var behandla i fylkesutvalet, sak U-153/24 . I dette arbeidet krev miljødirektoratet 6 mnd. høyringsfrist. Planprogrammet var derfor ute på høyring frå 01. januar til 30. juni 2025. Høyringsinnspela er summert opp, og det er gjort vurderingar av korleis desse vil påverke det vidare planarbeidet. Føremålet med dette planarbeidet er at vi skal sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og ein berekraftig bruk av vassførekomstane. Arbeidet går etter oppsett framdrift, og planen er tenkt ferdigstilt i 2027.

**Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi**

Denne planen står under kategorien rullering i Regional planstrategi, og arbeidet skulle skje i 2025, 2026 og 2027. Det kulturavdelinga som har ansvar for denne planen. Dei har også ansvar for Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022 – 2025, som også skulle bli rullert. I oppstarten av nytt planarbeid, måtte det gjerast vurderingar av kva for tema som skulle ligge i kva for plan, eller om alt skulle ligge i ein og same plan. Resultatet vart etter kvart deling i to plandokument, der ein måtte konsentrere seg om den eine i første omgang, altså rullering av Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022 – 2025. Dette arbeidet har, som ein kan sjå under, komme heilt til eit høyringsutkast no i starten av 2026. Planen er å starte arbeidet med rullering av regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi i 2026.

**Vurdering av Regional plan/fylkesstrategi for arealbruk i løpet av planperioden**

I RPS står det mellom anna: «Presset på arealbruk er stort, behovet for nye arealkrevjande næringar er stort, og nedbygging av areal er eit stort miljøproblem. Det er behov for at fylkeskommunen tar ei regional utviklingsrolle for arealbruk. Men plankapasiteten er liten». «Møre og Romsdal har ingen regionale planar som styrer bruk av geografisk kartfesta areal slik mange andre fylke har. I dette biletet

kan det vere riktig å vurdere ein regional plan for arealbruk knytt til arealkrevjande næringsverksemd, arealbruk og transport. Det bør derfor bli gjort ei vurdering i løpet av planperioden på om arbeid med ein slik plan let seg gjennomføre, og kva som skal til. Dette arbeidet kan ta utgangspunkt i dei planane/strategiane som allereie finnast som tek opp arealbruk gjennom prinsipielle føringar og retningsliner.» Dette behovet har berre auka i 2025, og i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er planar med regionale perspektiv knytt til både næringsareal, kraft, utbyggingsareal, senterstruktur og overordna transportløysingar omtalt i punkta 34 og 50.

Fylkeskommunedirektøren kjem tilbake til dette behovet i ei eiga sak i løpet av 2026.

## Planbehov og planarbeid under inkluderings- og kompetansefylket

Langsiktig utviklingsmål: Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu

Her var det sett opp arbeid med to regionale planar/fylkesstrategiar i 2025:

- Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022 – 2025
- Regional delplan tannhelse 2013

Førebuingane til rullering av Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022 – 2025 starta opp i slutten av 2024, og det har vore arbeidd med denne i heile 2025, i tråd med framdriftsplanen. Høyringsutkast vart lagt fram i Fylkesutvalet i sak U-14/26, og høyringsfristen er 13. april 2026. Den nye Fylkesstrategien skil seg frå den noverande fylkesstrategien for kultur på fleire måtar. Den nye strategien Inneheld vesentleg færre, og meir tverrfaglege resultatmål, tek utgangspunkt i store samfunnsutfordringar og legg hovudvekt på kulturfeltet sin samfunnsverdi. Strategien har tre hovudtema. Dette er : Inkludering og livskvalitet, verdiskaping og stadutvikling, perspektiv og motstandskraft.

**Regional delplan tannhelse 2013 ➡ Fylkesstrategi for tannhelse**

Tannhelsearbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune har vore styrt etter Regional delplan for tannhelse frå 2013, men i tillegg på grunnlag av rapporten: «Omstilling 2020 delrapport – organisering og struktur for den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal». Heilt på slutten av 2025 vart det sett i gang førebuingar til arbeidet med ein ny Fylkesstrategi for tannhelse. Den skal ta for seg kapasitet, organisering og «ein universell tannhelseteneste». Dette er i tråd med NOU 2024:18 – «En universell tannhelsetjeneste». Oppstartsmelding er planlagt behandla i Kultur- og folkehelseutvalet 25. mars 2026. Soleis er planarbeidet noko forseinka, men mesteparten av arbeidet vil likevel skje i 2026 som planlagt. Høyring og vedtak er planlagt å skje i løpet av 1. halvår 2027.

## Planbehov og planarbeid under verdiskapingsfylket

Langsiktig utviklingsmål: Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Her var det sett opp arbeid med to regionale planar/fylkesstrategiar og eit kunnskapsgrunnlag i 2025:

- Fylkesstrategi for forsking og innovasjon 2021 – 2024
- Fylkesstrategi for samferdsel 2021 – 2024
- Arbeid med kunnskapsgrunnlag for mineralressursar og massse-handtering

Fylkesstrategien vart rullert, arbeidet gjekk som planlagt, og ny strategi: Fylkesstrategi for forsking og innovasjon Møre og Romsdal 2025 – 2028 vart vedtatt i Fylkestinget i sak T-27/25. Strategien var på høyring våren 2025, og det kom inn 19 høyringsinnspel. Fylkesstrategien for forsking og innovasjon 2025-2028 skal bidra til å løyse regionale utfordringar som er tett kopla til globale og europeiske trendar. Kommunane og næringslivet må i aukande grad bruke forsking og innovasjon som verktøy for å løyse samfunnsutfordringane og sikre berekraftig vekst og utvikling i Møre og Romsdal. Fylkesstrategien fortel kva mål vi har for Møre og Romsdal som region, kva område som er prioritert, og korleis vi skal jobbe saman for å nå måla.

**Fylkesstrategi for samferdsel 2021 – 2024 ➡ Fylkesstrategi for samferdsel 2027 – 2030**

Det har vore arbeidd med rullering av Fylkesstrategi for samferdsel i heile 2025, og høyringsutkastet var behandla i fylkesutvalet i sak U-100/25. Høyringa vert våren 2026. Den nye strategien bygger på den gamle, men med tilpassing til dagens rammer og føresetnadar. Samferdselsutvalet peikte på trafikktryggleik som eit sentralt tema for ny fylkesstrategi for samferdsel i sak SA-31/25. Forlag til nytt mål for trafikktryggleik er derfor: "Vi skal styrke trafikksikkerheitsarbeidet gjennom målretta tiltak og samarbeid, med særleg fokus på skolevegar, utforkøyringsulykker og motorsykkelulykker, og arbeide for å vere godkjent som trafikksikker fylkeskommune». Strategien skal etter planen bli vedtatt våren 2026. Arbeidet har god framdrift og går etter planen.

**Arbeidet med kunnskapsgrunnlag for mineralressursar og masse-handtering**

Dette arbeidet fekk finansiering og blei vedtatt i sak. (T-300/22) 2022 – 2025. Det står i RPS at: Dette er eit viktig arbeid, men førebels ingen plan/strategi. Her vil behovet for ein ny plan/strategi bli vurdert når kunnskapsgrunnlaget er ferdig i løpet av 2025. Kunnskapsgrunnlaget er ferdig, og vart presentert kort for Fylkestinget i referatsak  T-06/25 Geologisk næringsgrunnlag, Møre og Romsdal 2022 – 2025. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er både heilskapleg masseforvaltning, og sikring av viktige mineralførekomstar nemnt i punkta 43 og 44 knytt til regional planlegging.

Fylkeskommunedirektøren kjem tilbake med eiga sak om ein eventuell regional plan/fylkesstrategi for dette i løpet av 2026.

# Fylkeskommunen sine tenesteområde

## Fellesutgifter og fellesinntekter

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 66 307 | 45 798 | 20 509 | 30,9 % |

### Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 20,5 mill. kroner i 2025.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak:

- færre uføresette fellesutgifter enn budsjettert
- lågare husleige og felleskostnader enn budsjettert på Campus Kristiansund
- lågare og utsette utgifter knytt til MTM (medarbeidarundersøking)
- SOC-tenestene (tryggleiksovervåking) er ikkje kjøpt inn enda
- Ordning av papirarkiv etter tilsyn frå arkivverket, som er eit prosjekt over sju år, starta seint i 2025
- Store deler av den årlege potten på tilskot i *Berekraftig by- og tettstadutvikling* vart ikkje utbetalt, samt at fleire kommunar måtte tilbakebetale tilskot, då dei ikkje hadde gjennomført tiltak dei hadde fått tilskot til.

### Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre 3,721 mill. kroner av samla netto mindreforbruk på fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" i 2025 til 2026. Dette gjeld aktivitetar og prosjekt som ikkje vart utført i 2025 som føresett.

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre 2,325 mill. kroner knytt til arkivprosjektet til 2032. Heile prosjektet er eit år forsinka.

## Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 149 406 | 145 806 | 3 600 | 2,4 % |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar" viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på 3,6 mill. kroner i 2025.

Det skuldast i hovudsak:

- Færre tiltak og utbetalingar av fleirårige *samhandlings- og fylkesplanmidlar og kompetanseheving og UU-midlar*
- Omstilling og stram økonomistyring
- Aktivitetar knytt til prosjektet "Nye utdanningar til Campus Kristiansund" vart gjennomført til lågare kostnad enn føresett i budsjettet
- Tre vakante stillingar dei tre siste månadene i 2025
- Budsjetterte middel til kjøp av konsulenttenester og lisensar (300 000 kroner) vart rekneskapsført på fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" i staden

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre samla netto mindreforbruk på fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar" på 3,6 mill. kroner i 2025 til 2026. Dette gjeld aktivitetar og prosjekt som ikkje vart utført i 2025 som føresett.

## Status fylkesplanmål og resultatmål

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **IK 1: Møre og Romsdal skal ha trygge og tilgjengelege lokalsamfunn som fremmer god folkehelse, og som har gode og tilstrekkelege helsetenester til alle** | Menneskeleg målestokk * (sjå ordliste) i dei bygde omgjevnadane, god folkehelse, utjamning av sosial ulikskap, tilbod og aktivitetsmoglegheiter, god framkome og tilgjenge for alle grupper skal ligge til grunn for forming av byar og tettstader | Tilskota til kommunane i 2025 bidreg til satsingsområda samarbeid om sentrum og utvikling av byrom for alle og bustad og bustadpolitikk. Arbeid med både planlegging, utgreiing, detaljplanlegging, samarbeid og fysiske tiltak medverkar til gode trygge og attraktive lokalsamfunn, og eit variert bustadtilbod. Dette gir i neste runde handel, kulturaktivitet og legg grunnlaget for å utvikle tenestetilbodet. Sjå eigen årsrapport for Program for berekraftig by- og tettstadutvikling | 2 byromsprosjekt er fullfinansiert og klart for opparbeiding | 0,0 % | 100,0 % | 5 kommunar spreidd i heile fylket, fekk til saman i overkant av 5 mill. kr i tilskot til utviklingstiltak i 2025. Samstundes vart 4 by-rom ferdigstilt. Tilskota til kommunane i 2025 bidreg til satsingsområda samarbeid om sentrum og utvikling av byrom for alle og bustad og bustadpolitikk. Prosjekta det vart løyvd støtte til i 2025 gjekk både til utgreiing og strategisk planlegging, samt prosjektleiing som sørgjer for at kommunane har utviklingskapasitet, men også til konkrete fysiske tiltak. Til saman vart det delt ut 3 120 833 millionar kroner til utviklingstiltak i kommunane. |
| | | | Bygdevekstavtalar Aure og Smøla: 1.Avtale er inngått, | 0,0 % | 80,0 % | Bygdevekstavtalen, som inneheld fem delmål, vart signert 4. juni 2025 og har gyldigheit fram til 30. desember 2028. I 2025 har kommunane Aure og Smøla utarbeida handlingsplan for året og starta opp organiseringa av delmålsarbeidet. Bare |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat at 2025 | Oppnådd resultat at | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2.handlings-programer utarbeida, 3.arbeideter starta opp | | | delmål 1 «Utvikle attraktive sentrum i tettsteder og tilrettelegge for flere boliger» er starta opp. |
| | | | Mål om gode byar og tettstader for alle grupper er følgd opp i alle typar by- og tettstadprosjekt | 0,0 % | 100,0 % | |
| | | | Tilby 8 kompetansehevingstiltak innan by- og tettstadutvikling til kommunane | | 80 | By- og tettstad programmet har gjennomført 6 frukostwebinar, 1 by- og tettstadseminar BU + Stad og wi  samling for kommunar og sentrumskoordinatorar. |
| **IK 2: Møre og Romsdal skal ha eit fleksibelt og inkluderande utdannings- og kompetansetilbod som møter arbeidslivet og innbyggarane sine behov** | Etablere tre nye utdanningstilbod ved Campus Kristiansund | | Antal nye utdannings-program som er oppretta | 3 | | |
| | I Møre og Romsdal skal vi ha god fagleg | 67 prosent av kommunane hadde klimabudsjett i | Del kommunar som bruker | 50,0 % | 67,0 % | 67 % av kommunane hadde klimabudsjett i 2025 (tal innhenta av Statsforvaltaren). Det førelegg ikkje tal på del kommunar |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | kompetanse og oppdatert kunnskap om verktøy, metodar, rammeverk og verkemiddel som bidrar i den grøne omstillinga. | 2025 viser tal frå Statsforvaltaren. Dette er betre enn dei 50 prosentane som var sett opp som måltal. Dette viser at det er fleire og fleire kommunar som får betre og sikrare kunnskap og styringsverktøy for å arbeide med klima og utslepp.<br><br>Når det gjeld arealrekneskap, har fylkeskommunen til no arbeidd med å legge til rette verktøyet for at kommunane kan nytte arealrekneskap. Dette er no tilgjengeleg for alle kommunane, men er eit nokså nytt verktøy. Det førelegg derfor ikkje tal på del kommunar som har arealrekneskap enno.<br><br>Eit positivt trekk i dette arbeidet er at 7 kommunar fekk støtte frå Klimasatsmidlar i 2025 for å arbeide med | klimabudsjett, del kommunar som bruker arealrekneskap, tal kommunar som søker Klimasatsmidlar | | | som har arealrekneskap. 7 kommunar fekk støtte frå Klimasatsmidlar i 2025. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | klima og klimatiltak. | | | | |
| | Støtte realiseringa av Campus Kristiansund som senter for undervisning, innovasjon og verdiskaping | | Byggetrinn 1 er fyllt med leigetakarar frå relevante sektorar | 100,0 % | | |
| **M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa i tråd med det nasjonale målet om 55 prosent innan 2030** | Lokalisering av ulike funksjonar og fysiske anlegg i byar og tettstader skal skje på ein måte som aktivt reduserer transportarbeidet, klimagassutsleppa og miljøulempene, og som reduserer støv og støyplager | Måla og realiseringa av dei er avhengige av dei politiske vedtaka i kommunane. I saksbehandlinga vår har vi gitt råd og rettleiing til kommunane, og der det var nødvendig, har vi brukt dei verkemidla plan- og bygningslova gir oss. Motsegnene har som regel blitt løyste, slik at resultatet kan aksepterast. Ingen saker enda i mekling hos Statsforvaltaren i 2025. | Mål for lokalisering er følgd opp i alle samfunnsplanar, arealplanar og samarbeidsprosjekt der dette er relevant. | | 100,0 % | Oppfølging betyr ikkje at kommunen også gjennomfører tiltaket. Fylkeskommunen har gjennom si rettleiing, det regionale planarbeidet og behandlinga av dispensasjons- og plansaker gitt fråsegner som sikrar at kommunen er merksam på dei regionale føringane. Det har ikkje vore nødvendig å oppretthalde motsegn mot planar eller å fremje klage i denne samanhengen. |
| **M2: Møre og Romsdal skal ha ei arealforv** | Blågrøne strukturar i byar og tettstader skal bli bevart, | I våre fråsegner til plansaker og dispensasjonssøknader har vi vurdert verknaden av | Mål for blågrøne strukturar i byar og tettstader er følgd | 0,0 % | 100,0 % | Oppfølging betyr ikkje at kommunen også gjennomfører tiltaket. Fylkeskommunen har gjennom si rettleiing, det regionale planarbeidet og behandlinga av dispensasjons- og plansaker gitt fråsegner som sikrar at kommunen er merksam på dei regionale føringane. Det har ikkje vore nødvendig å |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **altning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser og oppfyller behovet for berekraftig verdiskaping og varetaking av natur, dyrka mark og vasskvalitet** | restaurert og nytta med tanke på vasskvalitet, naturmangfald og berikande landskapselement | tiltaka på blågrøne strukturar i byar og tettstader, og vi har gitt kommunane tilbakemelding og råd for å sikre desse. Den endelege avgjerda er det kommunestyrra i dei enkelte kommunane som har teke. | opp i alle samfunnsplanar, arealplanar og samarbeidsprosjekt der dette er relevant. | | | oppretthalde motsegn mot planar eller å fremje klage i denne samanhengen. |
| | I Møre og Romsdal skal vi ha ei arealforvaltning som vernar om viktige landskap, ressursar og økosystem på land og i sjø. | Vi har i arbeidet med planhøyringar og dispensasjonar hatt spesielt fokus på å ta vare på jordbruksareal, landskap, myr og vassførekomstar. Når det har vore nødvendig, har fylkeskommunen fremma motsegn for å hjelpe kommunane mot betre løysingar. I nokre få saker har vi òg klaga på kommunale dispensasjonsvedtak. For meir informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid med | Del av byggesøknader i område med restriksjonar som vart innvilga ved dispensasjon av kommunen [SSB; 13128 /KOSTRA] | 0,0 % | 23,6 % | Teoretisk skal fylkeskommunen eller Statsforvaltaren klage på vedtak som er lovstridige, eller der krava i pbl. § 19-2 ikkje er oppfylte. Føringar frå leiinga og dei ressursane administrasjonen har til disposisjon, gjer likevel at ikkje alle saker som burde vore påklaga, faktisk blir klaga på. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | kommunale planar og dispensasjonar sjå [sak 12/26](#) i fylkesutvalet i februar 2026.<br><br>Vi har ikkje klart å nå målet i Fylkesstrategi for landbruk om å ikkje byggje ned meir enn 100 dekar dyrka jord. Store vegprosjekt har teke mykje av arealet og også brukt opp kvota for dei neste to åra. | | | | |
| | I Møre og Romsdal skal vi ha mål om berekraftig arealbruk. | Med tanke på berekraftig arealbruk og tap av areal, får vi stadig betre verktøy og kunnskap, som er særleg nyttige for kommunane. For å unngå tap av areal, må vi vite kva vi har, og kva for verdiar som ligg i landskapet. Vi treng og ein heilskapleg oversikt som gjer at vi kan sjå kva den enkelte nedbygginga har å seie for heilskapen og det totale tapet. Arbeidet som er gjort i 2025 medverkar til dette. Arbeidet gjekk også litt betre enn | Andel arealplaner frå kommunane der det er gjennomført planvask? Evt. Alder arealplan? Samanlikningstal frå MRFK sitt arealrekneskap? | 0,0 % | | I nasjonale register finn vi at det vart vedtatt 52 reguleringsplanar i Møre og Romsdal i 2025. Samstundes arbeida mange kommunar med rullering av både kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel i 2025. I dette planarbeidet veit vi at det skjer "planvask" i mange av planane, spesielt i kommuneplanen sin arealdel. Den samla effektane av dette på arealbruken kan vi fyst sjå når alle kommunane som er i gang med planarbeid har fått vedtatt sine arealplanar, og fått digitale/vektoriserte planar. Då vil tala for planreserver bli meir presise, og vi kan sjå i arealrekneskapen om arealreservane endrar seg.<br><br>Behandlinga av innkomne planhøyringar og dispensasjonar hadde særleg fokus på å ta vare på jordbruksareal, landskap, myr, sjøareal m.m. Ved behov har fylkeskommunen fremja innsigelse for å rettleie kommunen mot betre løysingar. I enkelte tilfelle har vi òg klaga når det har vore nødvendig.<br><br>Nedbygging av areal kjem hovudsakleg av store vegprosjekt i fylket.<br><br>Fylkeskommunen har fått støtte frå Miljødirektoratet sine Klimasatsmidlar til å gjennomføre eit prosjekt for kommunane. Målet med prosjektet, som har fått kortnamnet KAK, er å auke kompetansen på **k**art, **a**realrekneskap og **k**lima. I 2025 har kommunane fått tilgang til kart over karbonrike areal i Møre og Romsdal og kommunar som har ønska det har fått digitalisert reguleringsplanar av ein innleidd ressurs. I tillegg har kommunalt tilsette fått delta på webinar for å lære meir om karbonrike areal og arealrekneskap. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | forventa då søknaden om klimastasmidlar til KAK-prosjektet slo til. | | | | |
| | I Møre og Romsdal skal vi stanse tap av artar og naturtypar /økosystem. | I våre fråsegner til kommuneplanens arealdel, arealplanar for sjøområde og temaplanar har fylkeskommunen gitt kommunen råd om bevaring av artar der dette har vore vurdert som nødvendig. Den endelege avgjerda ligg hos kommunestyret, dersom vi ikkje har fremja motsegn til planen. Fylkeskommunedirektøren fremja i 2025 tre motsegner som omhandla nedbygging av myr og fulldyrka jord. Fylkesutvalet trakk ei motsegn og dei to andre løyste seg etter dialog med kommunane. | Samanlikningstal frå MRFK sitt arealrekneskap på naturtypar planlagt nedbygd i kommuneplanar | 0,0 % | | Det er utarbeidd ein oversikt over naturtypar planlagt nedbygd i kommuneplanar for alle kommunar i 2025. Det finnes ikkje data på dette for 2024, slik at samanlikning mellom år er ikkje mogleg. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tilpassing til klimaendringar skal bli vektlagt i tilknyting til arealbruk, utforming av teknisk infrastruktur og bruk av material i byar og tettstader | | Mål for klimatilpassing er følgd opp i alle samfunnsplanar, arealplanar og samarbeidsprosjekt der dette er relevant. | 0,0 % | | |
| **M4: Møre og Romsdal skal fremme utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi, med høg grad av gjenbruk og god avfallshandtering** | Møre og Romsdal skal ha ein grøn, sirkulær økonomi som utnyttar ressursane betre | Fylkeskommunen har vore pådrivar for samarbeid mellom kommunar, frivillig organisasjonar, næringsliv og renovasjonsselskap for å akselerere omstilling til ein grøn, sirkulær økonomi. Arbeidet med å få til sirkulærøkonomi har resultert i eit regionalt ombruksforum. Dette aukar samarbeidet og fokuset på sirkulærøkonomi og moglegheitene som ligg der. I tillegg er det konkret arbeid i gang for å få til ombrukssentralar i dei største byane i fylket og i Volda. Dette kan gi konkrete resultat på det generelle | Arrangere to seminar på offentlege anskaffelsar og innovative innkjøp | | | Det har ikkje vore arbeidd med dette målet i 2025. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | forbruket i fylket, og på omfanget av avfall. | | | | |
| | | | Etablere 2 prosjekt om korleis utnytte sidestrømmar i regionen frå enten tekstil, bygg og anlegg eller renovasjon | | | Det har ikkje vore arbeidd med dette målet i 2025. |
| | | | Etablere forum for ombrukssentralar i Møre og Romsdal på tvers av sektorar | 2 | 2 | Fylkeskommunen har vært pådriver for samarbeid mellom kommunar, frivillig organisasjoner, næringsliv og renovasjonsselskap for å akselerere omstilling til en grøn, sirkulær økonomi. Gjennom dette arbeidet er det etablert et regionalt ombruksforum. Fylkeskommunen har også bidratt til fire pågående initiativ til ombrukssentral i Kristiansund, Molde, Ålesund og Volda. |
| | Sirkulærøkonomi, gjenbruk, fleirbruk og god funksjonalitet skal ligge til grunn for utvikling og vedlikehald av bygningsmasse, arenaer og anlegg i byar og tettstader | | Mål for sirkulærøkonomi er følgd opp i spelemidlar til kunstgrasbanar | 0,0 % | | |
| **S1: Møre og Romsdal skal løyse felles** | Bidra til det nasjonale samfunnsoppdraget for å | Utanforskap mellom unge er ei stor og alvorleg utfordring. Partane som | Deltaking frå minst 6 ulike avdelingar, sektorar og | 6 | 8 | Deltakelse på møtearenaer for inkludering av barn og unge i 2025: Fylkeskommunen med avdelingane KON, KULog SOS, samt KS, Statsforvaltaren, Høgskolen i Molde, NAV, Ungt entreprenørskap |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **samfunnsutfordringar gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar og forvaltningsnivå, akademia, frivilligheit, næringsliv og kulturliv** | inkludere fleire barn og unge i utdanning, arbeid og samfunnsliv ved å koordinere innsatsen mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå | har delteke i arbeidet med samfunnsoppdraget for inkludering av barn og unge er heilt avgjerande for å kunne løyse utfordringane, og det er desse partane som sitt med verktøya og kunnskapen for å kunne gjere noko med det. Samarbeidet som starta opp i 2025 er eit godt fundament for vidare arbeid. | organisasjonar på kvar møtearena for inkludering av barn og unge | | | |
| | | | Minst to nye samarbeidsprosjekt for auka inkludering av barn og unge i arbeid og samfunnsliv med deltaking på tvers av sektorar og forvaltningsnivå | 2 | 2 | Det blei søkt om midlar til samarbeidsprosjektet YOUTH hos Norges Forskningsråd, og prosjektet fikk tilsegn i 2025 (prosjektperiode 2025-2029).<br><br>Det blei også etablert samarbeid mellom Nordland, Buskerud og Trøndelag fylkeskommuner, KS og Norges Forskningsråd om koordinering av oppdrag frå HOD om samfunnsoppdraget i fylkene. |
| | Nyttårskonferansen skal være den viktigaste møteplassen for politisk og administrativ toppleiing i offentleg | Nyttårskonferansen har vore ein møteplass som har samla leiarar frå offentlege aktørar og politikarar i fylket årleg. Sentrale og aktuelle overordna | Deltakarane på Nyttårskonferansen opplever at konferansen er ein viktig møtearena for samarbei | 5 | 5 | Deltakerne evaluert Nyttårskonferansen i ettertid. Gjennomsnittlig skår ble 5,13 på spørsmålet: Kor viktig er Nyttårskonferansen som møteplass for offentleg sektor? (Seks er best, ein er dårlegast) |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | sektor med ansvar for Møre og Romsdal | samfunnsutfordringar har vore belyst og drøfta. Konferansen har vore evaluert, og har fått svært gode resultat, noko som indikera at dette har vore ein ønska og attraktiv arena. Denne arenaen blir borte i samband med avslutninga av Møre og Romsdal 2025 og nedlegginga av seksjon for berekraftig samfunnsutvikling i fylkeskommunen. | d og har relevant fagleg innhald | | | |
| | | | Politisk og administrativ toppleiing frå alle kommunane og fylkeskommunen deltek, saman med statlege aktørar, Mørebenken og Ungdomsrådet | 50,0 % | 90,0 % | Nyttårskonferansen ble arrangert i 2025. Alle kommuner deltok på konferansen – ikke alle var fulltallig med både administrativ og politisk ledelse, men nesten. De andre aktørene deltok også.<br><br>Deltakerne evaluert konferansen i ettertid. Gjennomsnittlig skår ble 5,13 på spørsmålet: Kor viktig er Nyttårskonferansen som møteplass for offentleg sektor? (Seks er best, ein er dårlegast) |
| | Offentlege, private og frivillige aktørar skal ha eit systematisk og breitt samarbeid | Medverknad er eit svært viktig side ved å drive med by- og tettstadutvikling. Prosjekta må ha forankring i befolkninga, og | Plan for medverknad er eit vilkår for tilskot til lokale utviklingsprosjekt | 0,0 % | 101,0 % | Vilkåra om plan for medverknad har vore til stades i alle søknadar innan by- og tettstadutvikling til Møre og Romsdal i 2025. Alle prosjekt innan by- og tettstadutvikling som har fått tilskot, har derfor oppfylt vilkåret. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | knytt til alle typar by- og tettstadarbeid, og skal så langt som råd vere formalisert i politiske vedtak eller avtalar | befolkninga må som ein del av demokratiet få vere delaktige, og påverke utviklinga av eigen by- og tettstad. Alle prosjekt som har fått støtte til by- og tettstadutvikling er forankra i politiske vedtak om prosjektmål, organisering, framdrift og disponering av eksterne og kommunale ressursar i prosjektet. Politisk forankring gir godt grunnlag for gjennomføring og måloppnåing i prosjekta.<br><br>I tillegg har fylkeskommunen vore meir aktiv i å organisere plannettverks-samlingar for dei kommunale planleggarane. Her kan kommunane informere kvarandre om pågåande prosjekt og bli betre kjende. Temaet for samlingane i haust (i Ålesund/Molde /Kristiansund) har vore kommuneplana | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | rbeid, og fylkeskommunen har medverka med faglege innspel til kommunane. | | | | |
| | | | Politiske vedtak eller formelle avtalar av ulike typar, er inngått eller ligg til grunn for alt by- og tattstadarbeid som er starta opp i 2025 | 0,0 % | 100,0 % | Politiske vedtak ligg til grunn for alle prosjekt som har fått støtte gjennom ordninga berekraftig tettstadutvikling. |
| | Systematisere og vidareutvikle samarbeid og kompetansedeling på sirkulærøkonomi mellom aktørar på tvers av sektorar | Samarbeid og systematisk arbeid med sirkulærøkonomi sto høgt på dagsorden i 2025, og det er avholdt møter, etablert eit fylkesnettverk, og det er koordinert inn mot det nasjonale samfunnsoppdraget. Det etablerte fylkesnettverket vil kunne vere ein viktig pådrivar for vidare arbeid med sirkulærøkonomi i tillegg til det som skjer i og direkte | Minst to nye samarbeid på sirkulærøkonomi med mer enn seks forskjellige partnere fra forskjellige sektorer. | 2 | | • Det har vært fire møter i Regionalt ombruksforum for 5 interkommunale renovasjonsselskap, fem kommuner, samt andre interessenter.<br>• Det er etablert fylkesnettverk på strategisk arbeid med sirkulærøkonomi for utveksling av best practise og mulige samarbeid<br>• Seksjon for berekraftig samfunnsutvikling har koordinert og bidratt inn i det nasjonale samfunnsoppdraget på sirkulærøkonomi.<br>• Forskningsprosjekt på logistikk ble ikke gjennomført pga omstillingsprosess |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | mellom bedriftene i fylket.<br><br>Av dei aktivitetane som var planlagt i 2025, var det berre eit forskingsprosjekt på logistikk som ikkje vart starta opp på grunn av omstillingsprosessar i fylkeskommunen. | | | | |
| | | | MRFK satsing på sirkulærøkonomi er blitt nevnt i media minst 5 ganger | 5 | | |
| **S2: Møre og Romsdal skal hente kunnskap, kompetanse og midlar til regional utvikling gjennom samarbeid i internasjonale nettverk og prosjekt** | Kunnskapsbygging og auka verdiskaping i regionen gjennom internasjonalt samarbeid | Det har vore arbeidd med mobilisering for Horisont Europa-prosjektsamarbeid, og Ungdomspanelet/Fylkesungdomsrådet fekk gjennomslag for ein søknad om internasjonalt samarbeid saman med fleire andre partar. Slike samarbeide gjer at vi både kan lære av andre og få kunnskap om kva som skjer og korleis det blir arbeidd utanfor landets grenser. | Skape nye internasjonale samarbeid innan sirkulærøkonomi gjennom aktiv deltaking i nettverk som CCRI og OECD | 0,0 % | 0,0 % | Det har ikkje vore arbeidd med dette i 2025. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Bidra til to nye internasjonale samarbeid for forsking og innovasjon i offentleg sektor | 2 | 1 | Horisont Europa-prosjektet RINA ble sendt inn til vurdering, men fikk ikke tilskudd. Det ble likevel en oppfølging med Giske i etterkant med opplæring i bruk av digital tvilling og arealplanlegging.<br><br>Fylkeskommunen har bidratt til mobilisering for Horisont Europa-prosjektsamarbeid gjennom avtalene med DemoS4EU og NAINE nettverka.  Dette har skjedd gjennom prosjektgruppen til Horisont Europ-prosjektet Circulandia, som omhandler regenerativt landbruk og bruk av ny teknologi |
| | | | Ungdomspanelet har skrive søknad om internasjonalt prosjekt som skal gjennomførast i 2026 | 50,0 % | 100,0 % | Ungdommens fylkesråd sende inn søknad om Erasmusmidlar saman med fylkesungdomsrådet i Vestfold og ESPON KAUPUNKI frå Finland. Søknaden fekk ei løyving på kr 600 000. Prosjektet har namnet Youth participation- A Show For the Crowd? Gjensidig utvekslinga skal bli gjennomført i juni og oktober 2026.<br><br>Alle fylkesungdomsråda i Norge fekk i tillegg i 2025 støtte på ein felles søknad om prosjektmidlar til felles konferanse for alle fylkesungdomsråda. Det vart søkt om midlar til felleskonferanse for fylkesungdomsråd: Medverknad som fungerer - ungdom i avgjersdsprosessar. Konferanse skal gå av stabelen i Tromsø i september 2026. |
| **S3: Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle, uansett bakgrunn, kan få ytre seg, påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine** | Betre tilrettelegging for innbyggardialog og medverknad på digitale plattformer | | Alle møta i fylkestinget er streama | 100,0 % | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **lokalsamfunn** | | | | | | |
| | | | Redusere talet som svarar nei på "Fann du det du leitar etter?" | -20,0 % | | |
| | Legge til rette for kunnskapsbaserte avgjerder | For å overvake utviklingstrekk og bidra til kunnskapsbaserte avgjerder utarbeider fylkeskommunen kvart år Kommunestatistikk ( mai og november) og Fylkesstatistikk (oktober) som ligg tilgjengeleg på fylkeskommunen sine heimesider. I portalen til Kommunestatistikken vart det i 2025 i tillegg publisert ein eigen bustadanalyse med statistikk for den enkelte kommune i Møre og Romsdal. Det hadde vore diskutert å utarbeide eitt felles system for slikt arbeid, saman med fleire fylke. Tida var kanskje ikkje mogen for dette, og interessa var svært ulik i ulike fylke. Dette arbeidet er derfor no lagt | Ny felles statistikk-portal for Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal er under etablering og vil være klar frå januar 2026. | 100,0 % | 0,0 % | Tiltaket er ikkje gjennomført. Det vart krevjande å gjere avtale med dei andre fylka i forhold til å utvikle eit slikt system. Fylka hadde kome litt ulikt i prosessen og hadde ikkje den same interne forankringa for eit slikt arbeid. Det blir per dato ikkje arbeidd opp mot dei andre fylka for å få til ein felles statistikkportal. Team for statistikk, analyse og kart har i år som tidlegare år utarbeidd Kommunestatistikk og Fylkesstatistikk som ligg tilgjengeleg på fylkeskommunen sine heimesider. I portalen til Kommunestatistikken har vi i år i tillegg til anna statistikk publisert ein eigen bustadstatistikk for den enkelte kommune i Møre og Romsdal. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | på is, og planseksjonen vil halde fram med å utarbeide og forbetre den statistikken vi har og der kommunane sitt behov er prioritert. | | | | |
| | Nytte fylkeskommunen sine rådgivande utval aktivt i arbeid med styringsdokument og i utvikling av vårt tenestetilbod | | Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Ungdomspanelet har vore involvert i minst to relevante saker eller planer på kvar fagavdeling | 0 | | |
| | Offentlege, private og frivillige aktørar skal gjennomføre systematisk og brei innbyggarmedverknad mot alle berørte grupper, herunder barn og unge, knytt til alle typar | By- og tettstadprogrammet har hatt medverknad som tema på eit furkostwebinar. Medverknad er ein del av prosessen i alle tettstadprosjekt som fylkeskommunen har gitt tilskot til i 2025. | Medverknad med dei som blir berørt, er gjort i alle typar by- og tettstadar beid som er gjennomført i 2026 | 0,0 % | 100,0 % | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | by- og tettstadarbeid | | | | | |
| | Støtte og styrke kommunane sin omstillings- og innovasjonsevne i møte med demografiske endringar | Gjennom satsinga "Tett på" rettleiar fylkeskommunen i fellesskap med Statsforvalteren og Distriktssenteret kommunane Fjord, Gjemnes, Sande, Stranda og Vanylven i meir heilskapleg politisk styring gjennom plan.<br><br>Felles utfordringsbilete kring demografiske endringar og naudsynt omstillingsbehov er bakteppe for koordinerte og skreddarsydde politiske verkstader og aktivitetar i og for kommunane.<br><br>Satsinga går gjennom heile inneverande kommunestyreperiode (2023-2027). | Koordinere ei regional satsing for auka forståing for og dialog om omstillingsbehov og å redusere gapet mellom innbyggaranes forventningar til offentleg velferd og kva som er mogleg å tilby | 1 | 1 | Helse i overordna planlegging har vore sentral tematikk i prosjektet "Tett på" - politikaropplæring i kommunane gjennom 2025. Kvar kommune har fått utarbeidd si eiga heilskaplege innsatstrapp som grunnlag for vidare forankring av naudsynt ressursvridning og omstilling.<br><br>"Tett på" har også starta opp eit arbeid kring ei felles utfordring på kommunikasjon av forventningsgapet internt i kommuneorganisasjonane, mellom administrasjon og politikk og ut til innbyggarane som vil fortsette inn i 2026.<br><br>I tillegg har det vore Samarbeid med KS om pilotering av National Dialouges etter erfaringsdeling frå Finland. I Norge kalt «Den store samtalen». Opplæring av dialoginstruktører og totalt åtte samtaler er gjennomført i MR (Kristiansund, Molde, Ålesund og Volda). Rapporten sammenstilles av Telemarksforskning og kommer i begynnelsen av 2026.<br><br>Det har og vore kommunikasjonskurs med omfattende veiledning ett år etter kursslutt er etablert. Nettverk for samarbeid mellom kommuner og Høgskulen i Volda skjer under oppfølgingen. Prosjektet har fått 700 000 i støtte til etablering av nytt utdanningstilbud. Kurset starter i mars 2026.<br><br>IPRene var aktive deltakere under møtearenaer for forskning og innovasjon i kommunene – de deltok med sitt «krafttak for omstilling og innovasjon» på alle fire møteplasser. På bakgrunn av dette satte Sunnmøre regionråd forskning og innovasjon i kommunene på programmet under Arena Sunnmøre; innledningen ble gitt av fylkesordfører Anders Riise |
| **V1: Møre og Romsdal skal ha eit arbeids- og næringsliv med** | Arbeidsplassar knytt til kontor, handel og service skal bli lokalisert i sentrumsområda i | Offentlege arbeidsplassar blir framleis i for stor grad lokalisert lokalisert utanfor sentrumsområda. Avgjerd om | Mål om lokalisering av arbeidsplassar er følgd opp i alle samfunnsplanar, | 0,0 % | 100,0 % | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat at 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **auka innovasjonstakt, som lukkast med det grøne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og dei teknologiske moglegheitene** | byar og tettstader for å skape meir byliv, og lettare tilgjenge til fleire funksjonar innanfor sentrumsområda. Kompetansearbeidsplassar i privat og offentleg sektor bør bli samlokalisert som eit «campus» i sentrum av byar og tettstader. | lokalisering blir tatt i den enkelte sektor (td. NAV) der andre kriterium blir lagt til grunn. | arealplanar og samarbeidsprosjekt i by- og tettstadarbeidet der dette er relevant. | | | |
| | Auke innovasjonsevna i offentleg sektor i MR gjennom samordning og samarbeid | Vi ser økt deltakelse på søknader, men lav tilsagnsprosent gjør at dette ikke fanges opp av andel FoU virkemidler til offentlig sektor. Som følge av ressursbehovet i FoU prosjekter har også eksempelsvis Kristiansund kommune satt prosjektledelsen til samarbeidspartnere i prosjekt. De slår derfor heller ikke ut på statistikken. | Auka deltaking frå kommunar i Møre og Romsdal i FoI-prosjektsøknadar til verkemiddelapparatet som følgje av fasilitering | 6 | 6 | Nye prosjektsamarbeid er kommet til under møtearenaer for forsking og innovasjon i kommunene. Eksempel på to søknader som oppsto ifm møtearenaene:<br>• KLAR – Kommunal leiing av realistiske forventninger i helse og omsorgstjenestene – 3 kommuner, NTNU Ålesund, alle IPRene, flere brukerorganisasjoner fra MR deltok.<br>• Bruk av VR teknologi i opplæring i helse og omsorgstjenestene – Ålesund kommune, NTNU Ålesund, Utviklingssenteret for helse og omsorgstjenester med flere deltok. |
| | | | Bidra til minst to nye samarbei | 2 | 2 | Kommunane sine uttalte utfordringar knytta til forskings- og innovasjonsbehov for omstilling i møte med demografiendringane er følgd opp. Det er arrangert arbeidsverkstadar, fysiske og digitale møteplassar for |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat at 2025 | Oppnådd resultat at | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | d om søknadar for forsking og innovasjon for og med kommunane kvart år | | | prosjektutvikling, kunnskapsformidling og nye samarbeid gjennom året. |
| | | | KS Kommunanes samarbeidsarena for forsking blir etablert med kommuneklynger i fylket | 1 | 1 | KSF etableres nå i MR. Kristiansund ble motorkommune ila 2025 – som følge av fasilitering og koordinering av kontakt via SBSU. Ålesund kommune går inn som motorkommune fra 2026. Det er planlagt at disse to skal ivareta to kommuneklynger som skal dekke alle kommunene i MR. |
| | Bidra til å sikre kvalitet og auka kraft i digitaliseringa i kommunane i Møre og Romsdal | Digi Møre og Romsdal har etablert flere felles kommunale digitaliseringsprosjekter i 2025 for å styrke kommunenes tjenestetilbud. Dette inkluderer også konkrete verktøy for bruk i kommunene. Dette viser at samarbeid om digitalisering gir nye løsninger, og fellesløsninger. Dette er løsninger som vher enkelt kommune kanskje ikkje hadde klart å få til aleine, og/eller der kommunene | Digi Møre og Romsdal etablerer minst 4 felles prosjekt for å styrke kommunane sitt tenestetilbod | 4 | 4 | Digi Møre og Romsdal har etablert flere felles kommunale digitaliseringsprosjekter i 2025 for å styrke kommunenes tjenestetilbud. De viktigste prosjektene er:<br><br>1. KI-assistent for skolene i kommunene - "Kiki MR"<br>2. Felles oppvekstadministrativt system - Innsiktsarbeid pågår<br>3. Kompetanseløftet 2.0 - Selvstudiepakke for kommunalt ansatte<br>4. eLås<br><br>I tillegg er det et samarbeid gjennom flere fagnettverk i regi av Digi Møre og Romsdal:<br><br>• Oppvekst<br>• Ehelse<br>• IKT-forum (Teknisk drift)<br>• Personvern og informasjonssikkerhet |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | kommer billigare ut ved å samarbeide enn ved å skulle utvikle og drifte alt på egen kjøl. | | | | |
| | I Møre og Romsdal skal vi jobbe heilskapleg med klima-, miljø-, og energiområdet og arbeide med sosial transformasjon og systeminnovasjon. | | Delta i to innovative prosjekt som utforskar sidestrømmar knytta til enten ombrukssenter, tekstilhåndtering eller bygg og eiendom | 2 | | |
| | | | Auke i tal einingar i MRFK som er miljøfyrtårn-sertifisert | 10,0 % | | |
| | | | Gjennomføre ei materialstrømsanalyse i Møre og Romsdal på eit av dei regionale satsingsområda som OECD løfta fram | 1 | | |
| **V3: Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem både på** | Varetransporten skal bli sikra god framkome, og trafikksikre forhold for | | Trafikktrygging i samband med varetransporten i sentrumsområda er | 100,0 % | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat at 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **land, luft og sjø, som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggarane og næringslivet sine behov så langt som råd** | vareleveringi sentrumsområda | | vurdert i alle interne og eksterne plansaker | | | |
| **V4: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling, inkludering og legg lover og avtalar i arbeidslivet til grunn** | Fylkeskommunen legg til rette for mangfald og inkludering av grupper som står utanfor arbeidslivet ved å tilby praksisplassar og arbeidsutprøving. | | Tal praksisplassar i fylkeskommunen | 30 | 41 | |
| | Fylkeskommunen tilbyr lærlingeplassar innafor relevante fagområder | | Tal læreplassar i fylkeskommunen | 20 | 19 | Tal lærlingar kan endre seg i løpet året då det blir rekruttert nye lærlingar 1 gang per år.<br><br>Fylkeskommunen har ved årsskiftet 19 lærlingar som er fordelt slik:<br><br>**GJERMUNDNES VIDAREGÅANDE SKULE** – **Hestefaget** – **1**<br>MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE STAB – IT-driftsfaget – 17<br>ØRSTA VIDAREGÅANDE SKULE – Barne- og ungdomsarbeiderfaget – 1 |

## Status investeringsprosjekt

### Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjoner

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| **IT** | | | |
| IT - infrastruktur | 8 384 | 9 867 | -1 483 |
| IT - Nettverk | 11 998 | 1 416 | 10 582 |
| Videokonferanserom | 227 | 32 | 195 |
| **Sum - IT** | **20 609** | **11 315** | **9 294** |
| **Sum** | **20 609** | **11 315** | **9 294** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 11,3 mill. kroner i IT-infrastruktur, IT-nettverk og videokonferanserom i 2025. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 9,294 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på fleire prosjekt, der størsteparten av mindreforbruket gjeld IT-nettverk. Det må gjennomførast eit nytt anbod for å kjøpe nye nettverkskomponentar. Mindreforbruket skyldast at anbodet først vert gjennomført i 2026. Prosjektet IT-infrastruktur er finansiert med overføring frå drift for kostnader som overstig budsjettet dvs. 1,483 mill. kroner.

Fylkeskommunedirektøren foreslår som følgje av dette å overføre eit mindreforbruk på 10,777 mill. kroner til 2026.

# Bygg- og eigedomstenester

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 30-Bygg- og eigedom leiing | 5 528 | 5 247 | 281 | 5,1 % |
| 31-Bygg- og eigedomsdrift | 127 258 | 127 104 | 154 | 0,1 % |
| 32-Bygg- og eigedom utvikling | 15 727 | 11 406 | 4 322 | 27,5 % |
| **Sum** | **148 514** | **143 757** | **4 757** | **3,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingramme "Bygg- og eigedomstenester" viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på omlag 4,7 mill. kroner i 2025. Avviket består av fleire meir- og mindreforbruk, men skuldast i hovudsak følgjande:

- Mindreforbruk knytt til prosjektleiing for Sørsida i Ålesund pga. forsinka framdrift, 1,3 mill. kroner. Det er behov for å fordele mindreforbruket knytt til prosjektmidlar over fleire år
- Lågare mindreforbruk knytt til forseinking på fleire vedlikehaldsprosjekt, 1 mill. kroner
- Grunna stor aktivitet på investeringsprosjekt, er det belasta høgare lønnskostnader på investeringsprosjekt enn budsjettert, noko som reduserer lønnskostnadene i drift, 2 mill. kroner.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre 3,4 mill. kroner av mindreforbruket på fylkestingsramme "Bygg- og eigedomstenester" i 2025 til 2026, 400 000 kroner til 2027 og 500 000 kroner til 2028.

## Status fylkesplanmål og resultatmål

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa i tråd med det nasjonale målet om 55 prosent innan 2030** | I Møre og Romsdal skal grøn og blå sektor redusere sine klimagassutslepp og innverknad på miljø. | Det er inngått kontrakt for bygging av undervisningsfartøy for marine fag kor det mellom anna er stilt miljøkriteriar. | Bygg- og eigedomstenester skal rapportere på klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen. | 0 | | Rapporterast gjennom klimaregnskapet. |
| **M4: Møre og Romsdal skal fremme utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi, med høg grad av gjenbruk og god avfallshandtering** | Møre og Romsdal skal ha ein grøn, sirkulær økonomi som utnyttar ressursane betre | I alle prosjekt kor det er relevant søkast det gjenbruk av materialar, utstyr og inventar. | Bygg- og eigedomstenester skal rapportere på avfall frå fylkeskommunale skulebygg. | 0 | | Rapporterast gjennom klimaregnskapet. |
| **V 2: Møre og Romsdal skal ha nødvendig tilgang på kraft og nettinfrastruktur, energieffektivisere og basere auka produksjon på fornybare energikjelder og produksjonsanlegg for kjernekraft** | I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi. | I 2025 har vi fortsett arbeidet med å etablere solcelleanlegg på fylkeskommunale bygg i henhold til fylkestingsvedtak xxxx. 2022 | Bygg- og eigedomstenester skal rapportere på straumbruken på den fylkeskommunale bygningsmassen. | 0 | | Rapporterast gjennom klimaregnskapet. |
| **V4: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling, inkludering og legg lover og avtalar i arbeidslivet til grunn** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for eit seriøst arbeidsliv innanfor alle dei fag/arbeidsområda der fylkeskommunen er aktiv som vare- og tenestekjøpar, slik som t.d. samferdselsområdet, bygg- og eigedomstenester | Bygg- og eigedomstenester nyttar "Møre og Romsdal-modellen" i alle innkjøpsprosessar kor det er aktuelt. | Alle aktive prosjekt skal benytte HMSreg aktivt | 100,0 % | 100,0 % ✓ | Levert. |
| | | | Det skal gjennomføres kontroll av seriøsitet på alle K-prosjekt over 300G | 100,0 % | 100,0 % ✓ | Levert. |
| | | | Det skal gjennomføres risikovurdering av lønns- og arbeidsvilkår i alle nye kontrakter | 100,0 % | 100,0 % ✓ | Levert. |

## Status investeringsprosjekt

### Bygg- og eigedomstenester

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
| **Kjøp av eigedom** | | | |
| Bispegården, Julsundvegen 13 i Molde | 8 850 | 0 | 8 850 |
| **Sum - Kjøp av eigedom** | **8 850** | **0** | **8 850** |
| **Opprusting av bygningsmassen** | | | |
| Opprusting av bygningsmassen | 20 535 | 15 027 | 5 508 |
| **Sum - Opprusting av bygningsmassen** | **20 535** | **15 027** | **5 508** |
| **Solenergianlegg** | | | |
| Solenergianlegg | 5 600 | 77 | 5 523 |
| **Sum - Solenergianlegg** | **5 600** | **77** | **5 523** |
| **Sum** | **34 985** | **15 104** | **19 881** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 15,1 mill. kroner knytt til kjøp av eigedom, opprusting av bygningsmassen og solenenergianlegg i 2025. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 19,9 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på prosjekta. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2026.  Fylkeskommunedirektøren foreslår som følge av dette å overføre mindreforbruket på om lag 19,9 mill. kroner til 2026.

# Kompetanse- og næringsområdet

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 40-Kompetanseområdet | 464 361 | 463 783 | 579 | 0,1 % |
| 41-Vidaregåande skolar | 1 496 241 | 1 447 663 | 48 578 | 3,2 % |
| 44-Næringsområdet | 62 918 | 48 018 | 14 900 | 23,7 % |
| **Sum** | **2 023 520** | **1 959 464** | **64 056** | **3,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme «Kompetanse- og næringsområdet» viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 64,1 mill. kroner i 2025.

## Kompetanseområdet

Resultatet for utvalsramme «Kompetanseområdet» viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 579 000 kroner i 2025.

## Vidaregåande skolar

Resultatet for utvalsramme «Vidaregåande skolar» viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 48,6 mill. kroner i 2025.

- 17 vgs. med mindreforbruk **(+54,1 mill. kroner**)
- Tre vgs. med meirforbruk **(-5,5 mill. kroner)**
- Fleire skolar ville hatt betydeleg meirforbruk utan ekstra tildelingar i 3. tertial.

Mindreforbruket kjem hovudsakleg av:

- **Omfattande omstillingstiltak i dei vidaregåande skolane i 2024**, kuttet er om lag 90 årsverk, med full effekt frå 2025
- **Lågare lønsutgifter** grunna vakansar og ikkje erstatta stillingar
- **Redusert undervisningsaktivitet**, samanslåtte grupper og avgrensa fagtilbod
- **Høgare inntekter enn budsjettert** (refusjonar, tilskot, fiskeri-inntekter). Ålesund vgs, Hustadvika vgs og Herøy vgs. har høge fiskeri-inntekter i år, men vil få auka driftskostnader når undervisningsfartøy blir levert og tekne i bruk, noko som vil redusere mindreforbruket komande år
- **Ekstra tildelingar i 3. tertial** gjennom fylkestinget si løyving (sak T-40/25) og omdisponering av mindreforbruk på utvalsramme 40 (Kompetanseområdet) til dei vidaregåande skolane
- **Stram drift og innkjøpsstopp**
- «Gamle fond» er inntektsført i 2025, og **påverkar resultatet med 6,7 mill. kroner**

Meirforbruket er knytt til:

- **Høge kostnader i undervisning og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO)**
- **Meirforbruk lønn** samanlikna med budsjett
- **Trekk i ramme frå tidlegare års meirforbruk**, som forsterkar avvika

**Skolar med vesentleg mindreforbruk - over to prosent** (i tusen kroner)

| Skole | Årsavvik | Prosentvis avvik |
|---|---:|---:|
| Sunndal vgs | 8 513 | 21,1 |
| Rauma vgs | 4 396 | 14,3 |
| Ørsta vgs | 6 107 | 9,4 |
| Molde vgs | 6 316 | 6,9 |
| Haram vgs | 2 388 | 5,9 |
| Tingvoll vgs | 1 379 | 5,9 |
| Volda vgs | 3 688 | 5,2 |
| Hustadvika vgs | 2 467 | 4,2 |
| Ålesund vgs | 6 672 | 3,9 |

| Skole | Årsavvik | Prosentvis avvik |
|---|---:|---:|
| Gjermundnes vgs | 1 283 | 3,3 |
| Romsdal vgs | 3 991 | 2,5 |

**Sunndal vgs.**
Mindreforbruket i 2025 er på 8,5 mill. kroner. Avviket kjem hovudsakleg av høgare inntekter frå Udir knytt til opplæring for barn og unge som søker opphald i Noreg. Nøktern drift og utsette investeringar har forsterka mindreforbruket.

**Rauma vgs.**
Mindreforbruket i 2025 er på 4,4 mill. kroner. Resultatet kjem særleg av utsette investeringar og svært nøktern drift som følgje av usikkerheit rundt revidert ressursfordelings-modell for 2026.

**Ørsta vgs.**
Mindreforbruket i 2025 er på 6,11 mill. kroner. Avviket skuldast hovudsakleg stillingskutt frå hausten 2024 og streng økonomistyring, trass auke i elevtalet.

**Ålesund vgs.**
Mindreforbruket i 2025 er på 6,67 mill. kroner, etter fleire år med meirforbruk. Betre resultat kjem av omfattande tiltak frå hausten 2024, med kutt i om lag 20 årsverk, samanslåing av klassar og innkjøpsstopp som gav full effekt i 2025. Mindreforbruket skuldast høgare inntekter frå undervisningskvote, refusjonar, midlertidige vakansar i administrasjon/leiing og ekstra tildelingar.

**Skolar med meirforbruk** (i tusen kroner)

| Skole | Årsavvik | Prosentvis avvik |
|---|---:|---:|
| Ulstein vgs | -4 918 | -6,8 |
| Surnadal vgs | -435 | -1,4 |
| Borgund vgs | -105 | -0,1 |

**Ulstein vgs.**
Meirforbruket er på 4,918 mill. kroner i 2025. Avviket skuldast trekk for tidlegare års meirforbruk og fortsatt for høgt driftsnivå, noko som gjer det vanskeleg å få budsjettet i balanse.

**Fordeling av mindreforbruk og inndekking av tidligare års meirforbruk** (i tusen kroner)

Skolane ønsker å bruke mindreforbruket i 2025 til å dekke meirforbruk frå tidlegare år, slik at budsjettramma ikkje blir redusert i økonomiplanperioden 2026–2029 for skolar med tidlegare års meirforbruk. 32,3 mill. kroner av mindreforbruket vert brukt til å dekke tidlegare års meirforbruk (meirforbruket i 2027-2028 og inkl trekket i 2026). Mindreforbruket som ikkje blir brukt til inndekking av tidlegare års meirforbruk (21,8 mill. kroner) gir ein styrking av ramme i 2026 for skolane.

| | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | Sum 2026-2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| Atlanten vgs | 1 182 | | | | 1 182 |
| Ålesund vgs | 1 928 | 4 105 | 639 | | 6 672 |
| Romsdal vgs | 2 203 | 894 | 894 | | 3 991 |
| Hustadvika vgs | 2 467 | | | | 2 467 |
| Gjermundnes vgs | 1 283 | | | | 1 283 |
| Haram vgs | 2 388 | | | | 2 388 |
| Herøy vgs | 393 | 257 | 257 | | 907 |
| Kristiansund vgs | 2 002 | | | | 2 002 |
| Molde vgs | 4 810 | 1 506 | | | 6 316 |
| Rauma vgs | 4 396 | | | | 4 396 |
| Spjelkavik vgs | 0 | 651 | 812 | | 1 463 |
| Stranda vgs | 537 | | | | 537 |
| Sunndal vgs | 8 513 | | | | 8 513 |
| Sykkylven vgs | 0 | 186 | 590 | | 776 |
| Tingvoll vgs | 1 379 | | | | 1 379 |
| Volda vgs | 2 868 | 410 | 410 | | 3 688 |
| Ørsta vgs | 3 462 | 1 875 | 771 | | 6 108 |
| **Totalt** | **39 811** | **9 884** | **4 373** | | **54 068** |

**Inndekking av meirforbruk 2025** (i tusen kroner)

| | Inndekking 2026 | Inndekking 2027 | Inndekking 2028 | Inndekking 2029 | Sum inndekking 2026-2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| Borgund vgs | -105 | | | | -105 |
| Surnadal vgs | -435 | | | | -435 |

| | Inndekking 2026 | Inndekking 2027 | Inndekking 2028 | Inndekking 2029 | Sum inndekking 2026-2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| Ulstein vgs | -1 230 | -1 230 | -1 229 | -1 229 | -4 918 |
| **Totalt** | **-1 770** | **-1 230** | **-1 229** | **-1 229** | **-5 458** |

## Næringsområdet

Næringsområdet har eit mindreforbruk på 14,9 mill. kroner.

**Avvik per hovudområde** (i tusen kroner)

| Ordning | Mindre-/meirforbruk | Prosentvis avvik |
|---|---|---|
| Tiltaksfondet | 6 812 | 60,5 |
| Regionale prosjektsatsingar | 2 783 | 21,3 |
| Skaparkraft | 1 702 | 20,3 |
| Tilskot etter samarbeidsavtale | -303 | -2,5 |
| Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond | 3 906 | 21,5 |
| **Totalt** | **14 900** | **23,7** |

**Tiltaksfondet**
Mindreforbruk på om lag 4,3 mill. kroner i 2025 grunna færre søknader i Regionalforvaltning enn forventa. 2,5 mill. kroner av mindreforbruket gjeld eit internt tilsegn til Ålesund vgs. Da det ikkje er lov å avsette midlar for interne tilsegn, visast desse tildelte midlane som eit mindreforbruk i rekneskapen til midlane er brukt, og må derfor overførast til budsjettet for 2026.

**Regionale prosjektsatsingar**
Mindreforbruk på om lag 2,8 mill. kroner som følge av utsett oppstart for ph.d.-kandidatar og utsett analyse- og prosjektaktivitet til 2026.

**Skaparkraft**
Mindreforbruk på om lag 1,7 mill. kroner da fire av fem avrop blir gjennomførte i 2026.

**Tilskot etter samarbeidsavtale**
Meirforbruk på om lag 300 000 kroner som følge av indeksreguleringar.

**Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond**
Mindreforbruk på om lag 3,9 mill. kroner knytt til tilbakeført tilsegn frå 2021 (1,85 mill. kroner) og «Tiltak for å hjelpe villaksen». I tillegg er det avsett midlar til fylkespaviljong på Nor-Fishing i 2026 på 1,1 mill. kroner.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår at:

- Vidaregåande skoler med mindreforbruk i 2025 får med seg mindreforbruk på totalt 54,068 mill. kroner til 2026-2028 jf. tabell "Fordeling av mindreforbruk og inndekking av tidligare års meirforbruk"
- Vidaregåande skoler med meirforbruk i 2025 blir trekt for meirforbruk på totalt 5,458 mill. kroner i åra 2026-2029 iht. tabell "Inndekning av meirforbruk 2025"
- 8,4 mill. kroner av mindreforbruket på utvalsramma for «Næringsområdet» i 2025 blir overført for å dekke kostnader som vil kome i 2026
- 3,6 mill. kroner av mindreforbruket til Tiltaksfondet blir overført til 2026 for å nyttast til avviklingsprosessen av dei regionale prosjektsatsingane som ikkje blir vidareført i 2026
- 1 mill. kroner av restmidlar til «Tiltak for å hjelpe villaksen» blir overført til 2026. Halvparten blir heldt av til ei potensiell klagesak, medan resterande beløp (500 000 kroner) blir brukt på nye prosjekt.

## Status fylkesplanmål og resultatmål

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **IK 2: Møre og Romsdal skal ha eit fleksibelt og inkluderande utdannings- og kompetansetilbod som møter arbeidslivet og innbyggarane sine behov** | Auke kompetansenivået og innovasjonstakta i landbruksnæring og forvaltning | Det har vore god etterspørsel etter tilskot til utviklingsprosjekt i landbruket, innanfor eit breitt spekter av tema. Tilskot frå fylkeskommunen har sett i gang utviklingsarbeid for over 11 mill. kroner. | Tilskot til næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving i landbruket skal ha utløyst utviklingsarbeid med ein verdi på minst 5 mill. kroner | | 11 | Vi har tildelt 5,86 mill. kroner i tilskot frå Regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket. Prosjekta som har fått støtte frå landbruksmidlane har utløyst utviklingsarbeid på 11,6 mill. kroner. Dette er totalkostnaden i alle prosjekt som har fått støtte frå oss. Kystskogbruket er ikkje rekna med. |
| | Gjennomføre internasjonale aktivitetar som styrkar kvaliteten og aukar læringsutbyttet i vidaregåande opplæring | Fleire lærlingar enn venta har tatt delar av læretida si i Europa gjennom prosjektet Læretid i Europa. Berre Volda vgs er ikkje engasjert i internasjonale aktivitetar. Fylkeskommunedirektøren vil forsøk å engasjere Volda vgs i løpet av 2026. Erasmus+ er elles godt brukt i både vidaregåande skolar, opplæring i bedrift og vidaregåande opplæring for vaksne.<br><br>Det kan skje noko endring i indikatorane når Læretid i Europa-prosjektet blir ført vidare som eit fast tilbod frå august 2026. Samarbeidsorgan for lærebedrifter vil då ta over fleire oppgåver, men fylkeskommunedirektøren vil framleis ivareta ein støttefunksjon samt den overordna og strategiske styringa av tilbodet. | Alle skolar skal delta i internasjonale prosjekt finansiert gjennom EU/Erasmus+ | 20 | 19 | Det er berre Volda vgs som enno ikkje deltar i internasjonale prosjekt finansiert gjennom EU/Erasmus+. Ein tar sikte på å få skolen engasjert i løpet av 2026. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Antal lærlingar som gjennomfører yrkesfagleg praksis i Europa finansiert av EU/Erasmus+ | 40 | 56 | 56 lærlingar tok delar av læretida si gjennom prosjektet Læretid i Europa i 2025. Ein har no evaluert prosjektet, og vedtatt å føre det vidare som eit fast tilbod, men utan ny stillingsressurs. |
| | | | Delta i søknad om etablering av senter for framifrå fag- og yrkesopplæring innan fiskerifag (CoVE) i regi av i Erasmus+ | 1 | 1 | Fylkeskommunedirektøren søkte CoVE i 2025, men søknaden vann ikkje gjennom. Ein arbeider no med det internasjonale partnarskapet om å søke eit mindre samarbeidsprosjekt i Erasmus+, med moglegheiter for ny CoVE-søknad i 2027 dersom budsjettet blir auka. |
| | Møre og Romsdal har eit inkluderande arbeidsliv som legg til rette for livslang læring, og der fleire blir kvalifiserte i samsvar med behova til arbeidslivet. | Resultatmålet er retta mot arbeidslivet og forpliktingane dei har teke på seg. Livslang læring og inkludering har stor merksemd både nasjonalt og regionalt.<br><br>Når fylkeskommunen lyser ut midlar til prosjekt, stiller vi krav om forpliktande samarbeid mellom arbeidslivet og utdanningsinstitusjonar. I 2025 vart det gitt støtte til åtte prosjekt.<br><br>Dei demografiske endringane vil føre til færre personar i arbeidsdyktig alder. Fylkeskommunen ser, både gjennom media og i dialog med samarbeidspartar, at det er stor merksemd på omdømme, rekruttering og evna til å tiltrekke seg arbeidskraft. | Andel av befolkninga med utdanning frå høgskole og universitet | | 32 | Tal frå SSB. Det er ein auke på 0,6 prosentpoeng frå 31,5 til 32,1. Verdien for landet er 37,9%. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sjølv om utfordringane er kjende, verkar det ikkje som erkjenninga av at rekruttering blir vanskelegare framover, er tilstrekkeleg forandra i arbeidslivet. Fylkeskommunen må derfor halde fram med å dele innsikt om den demografiske utviklinga. Dette kan medverke til at arbeidslivet i større grad nyttar moglegheitene innan livslang læring og inkluderer fleire av dei som står utanfor arbeid og utdanning.<br><br>Mange aktørar i fylket arbeider konstruktivt med desse utfordringane. Gjennom "Arbeidsløftet" set NHO og NAV fokus på behovet for inkludering, og dette står også høgt på agendane hos andre aktørar som LO. Etter- og vidareutdanning får stadig større merksemd hos utdanningsinstitusjonane i fylket. | | | | |
| | | | Andel lærlinger som mener undervisning i yrkesfaga ga godt grunnlag for læretid | | 61 | Lærlingundersøkinga skoleåret 2025/26 viser at 60,5 prosent er heilt einig eller nokså einig i at skolen ga godt grunnlag for det dei skulle lære. |
| | | | Andel sysselsette i formell utdanning dei siste 12 månadane | | | SSB har avvikla denne statistikken og indikatoren blir ikkje vidareført. |
| | | | Andel sysselsette i vidareutdanning dei siste 12 månadane | | | SSB har avvikla denne statistikken og indikatoren blir ikkje vidareført. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Antal elevar i høgare yrkesfagleg utdanning (fagskole, vårsemester) | 385 | 495 | ✔ | Utvikling av tilbodet innanfor høgare yrkesfagleg utdanning er viktig for å møte kompetansebehovet i arbeidslivet. Fylkeskommunen speler ei sentral rolle ved å forvalte statlege midlar til fagskolane.<br><br>Fylkeskommunen har dei siste åra utvikla eit tettare samarbeid med aktuelle tilbydarar og forbetra forvaltninga av midlane. Samtidig jobbar vi kontinuerleg med å kartlegge kompetansebehov i arbeidslivet.<br><br>Eit område vi ser klare resultat, er helsesektoren. Møre og Romsdal har tradisjonelt hatt få fagskoletilbod innan helse, men frå hausten 2026 blir fire nye tilbod søkbare.<br><br>Talet på elevar (495) er henta frå fagskolestatistikken frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HKdir). |
| | | | Gjennomføring i vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år | 85,0 % | 82,5 % | – | Gjennomføringa har gått ned 0,9 prosentpoeng samanlikna med 2017-kullet. Vi ligg 0,5 prosentpoeng over landsgjennomsnittet som er på 82,0 prosent. Av fylka er det berre Oslo, Rogaland, Akershus og Vestland som kan vise til betre resultat enn Møre og Romsdal. |
| | Møre og Romsdal har eit | Utdanningstilbydarar skal prioritere og | Andel vaksne av dei som starta | 0 | 89 | | 558 personar (over 25 år) registrert i |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | omstillingsdyktig og fleksibelt utdanningssystem. | utforme tilbod som tek utgangspunkt i kompetansebehova i fylket. I 2025 har fylkeskommunen støtta åtte prosjekt der arbeidslivet og utdanningsinstitusjonar samarbeider om å utvikle tilbod basert på behov i arbeidslivet. Alle utdanningsnivå er representert, men det er flest prosjekt på universitets- og høgskolenivå.<br><br>Fylkeskommunen vedtok i 2025 ny skole- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring (vgo) for perioden 2026-2040. Strukturen vidarefører ein desentralisert struktur og svarar ut behova i arbeidslivet og behova til innbyggarane.<br><br>Auka gjennomføring i vgo er framleis eit av dei viktigaste måla. Møre og Romsdal er blant fylka med høgast gjennomføring, men det er framleis eit stort potensial for forbetring.<br><br>Vidaregåande opplæring for vaksne (VOV) får ei stadig viktigare rolle i arbeidet med å kvalifisere fleire til arbeidslivet. VOV er organisert med fire ressurssenter i regionen. Desse samarbeider tett med arbeidslivet, NAV og andre partnarar for å dimensjonere tilboda etter dei kompetansebehova som finst. Opplæring i yrkesfag for vaksne skal så langt som råd skje ute i arbeidslivet, og opplæringa skal vere mest mogleg tilpassa | opplæringsløp 1.oktober skal stå i opplæring 1.juni | | | vidaregåande opplæring for vaksne skoleåret 2024/25. Av desse er det registrert avbrot på 60 personar. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | behova til den enkelte deltakar.<br><br>Fylkeskommunen har ansvaret for karriererettleiing i fylket og tilbyr gratis karriererettleiing for alle over 19 år. Tilbodet er lite kjend, og i 2025 har fylkeskommunen jobba med å synleggjere det betre. Dette arbeidet vil halde fram i åra som kjem.<br><br>Demografisk utvikling fører til behov for omstilling i utdanningssystemet. Det er venta færre unge studentar i høgare utdanning framover. Dette aukar behovet for etter- vidareutdanning, og dei høgare utdanningsinstitusjonane har større fokus på dette området. Dette må halde fram. | | | | |
| | | | Antal NEETS (ikkje i utdanning, jobb eller arbeidspraksistiltak) | | 4 409 | 9% av befolkninga i aldersgruppa 15-29 år er ikkje i utdanning, jobb eller arbeidspraksistiltak. Dette er ein liten auke frå året før, men ein nedgang frå 2019. |
| | | | Antal personar under ordinga fagbrev på jobb | | 18 | 2025 var det 99 personar med aktiv kontrakt i ordninga Fagbrev på jobb. Dei fleste er i Helse- og oppvekstfaget. Dette er ein auke frå 2022 (21 personar), 2023 (65 personar) og 2024 (77 personar). |
| | | | Antal vaksne som får karriererettleiing | | 1 300 | Om lag 800 personar fekk rettleiing i gruppe og 500 fekk individuelle |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | frå Karriere Møre og Romsdal | | | rettleiingar. Antal grupperettleiingar har hatt ein stor auke, og det handlar hovudsakleg om rettleiing til ukrainarar. |
| | | | Opplevd kvalitet i karriererettleiinga for voksne (nasjonal brukerundersøkelse) | | 95 | 94,7% er svært fornøgd/fornøgd med karriererettleiinga dei fekk i 2025 |
| | | | Opplevd kvalitet på utdannings og yrkesrettleiinga i grunnskolen | 0,0 % | 65,7 % | I elevundersøkinga for skoleåret 2025-26 har 65,7% svart fornøgd eller svært fornøgd med utdannings- og yrkesrettleiinga dei fekk i grunnskolen. |
| | | | Opplved kvalitet i karriererettleiinga vg2 | 0,0 % | 68,5 % | I elevundersøkinga for skoleåret 2025-26 har 68,5% av elevane svart i stor grad eller svært stor grad på spørsmål om dei har fått eit godt grunnlag for vidare val av utdanning og yrke så langt i vidaregåande opplæring. I tillegg har 21,7% av elevane svart i nokon grad. |
| | Møre og Romsdal har etablert forpliktande samarbeid om kompetanse på tvers av bransjar, sektorar, forvaltingsnivå og utdanningsinstitusjonar. | Fylkesstrategi for kompetanse 2024-2027 peikar ut tre satsingsområde og legg vekt på å vidareutvikle møteplassar og samarbeida vi allereie har. Strategien løftar også fram behovet for eit nytt strategisk forum: Kompetanseforum Møre og Romsdal. Forumet vart etablert i etablert i 2025, og det vart gjennomført to møte. I 2026 og framover er vidareutvikling av forumet ei prioritert oppgåve. | Andel elevar som opplever god kvalitet i yrkesfaglig fordjupning | 0,0 % | 76,2 % | 76,2% av lærlingane i lærlingundersøkinga er heilt einig eller nokså einig i at YFF gav viktig kunnskap til arbeidslivet. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | I samband med strategiarbeidet vart første versjon av kunnskapsgrunnlaget om kompetansebehov publisert. Denne digitale løysinga er vidareutvikla i 2025, og landingssida [kompetanse.mrfylke.no](kompetanse.mrfylke.no) samlar no alle digitale rapportar og kunnskapsgrunnlag innan utdanning, kompetanse og regional utvikling knytt til kompetanse- og næringsavdelinga sine områder.<br><br>Strategien slår også fast at vi skal arbeide for å tiltrekke oss kompetanse regionen treng. Dette heng saman med andre satsingar i fylkeskommunen, mellom anna by- og tettstadutvikling. Kompetanse- og næringsavdelinga har bidrege til at dei største næringsforeiningane i Kristiansund, Molde og Ålesund samarbeider tett om omdømmebygging og rekruttering gjennom ei treårig prosjekt som fylkeskommunen støttar økonomisk.<br><br>Samla sett ser fylkeskommunen ei positiv utvikling i det forpliktande samarbeidet i fylket. | | | | |
| | | | Antal møte i Kompetanseforum Møre og Romsdal | 0 | 2 | Etablering av Kompetanseforum Møre og Romsdal var forankra i Fylkesstrategi for kompetanse 2024-2027. Forumet vart etablert i 2025 og gjennomførte to møte. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Neste møte er i mars 2026. |
| | | | Antal prosjekt støtta innan forbetring av samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv | 0 | 8 | Vi har støtta åtte prosjekt der arbeidslivet har gått saman med utdanningsinstitusjonar for å utvikle nye tilbod eller tilpasse eksisterande utdanningstilbod i tråd med behova i arbeidslivet. Det er prosjekt både på ulike nivå; vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg utdanning (fagskole) og universitets- og høgskole. |
| | | | Vidareutvikle eit digital og tilgjengleg kunnskapsgrunnlag som skal bidra til felles forståing av kompetansebehova og andre sentrale utviklingstrekk i regionen | 100 | 100 ✔ | Kunnskapsgrunnlaget (kompetanse.mrfylke.no) blir oppdatert og vidareutvikla regelmessig. I 2025 har vi også samla alle kunnskapsgrunnlag knytt til kompetanse, utdanning og næring i same portal. |
| **M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa i tråd med det nasjonale målet om 55 prosent innan 2030** | Landbruket skal redusere sine miljø- og klimautslepp og ta vare på miljøverdiar i landskap og jordsmonn | Det var ein svak auke i målte klimagassutslepp frå jordbruket frå 2023 til 2024, men samla sett har utsleppa blitt reduserte med 9,5 prosent sidan 2009. | Klimagassutslepp frå jordbrukssektoren | | 11 | Talet viser andelen av utslepp totalt i Møre og Romsdal som kjem frå jordbruk. Utslepp frå energibruk i jordbrukssektoren er ikkje inkludert. Talet er frå 2024. |
| **M2: Møre og Romsdal skal ha ei arealforvaltning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser og oppfyller behovet for berekratig verdiskaping og varetaking av** | 94,3 prosent av vassførekomstane i elver, innsjøar og kystvatn (ikkje SMVF, ikkje unntaka) skal oppnå god eller svært god miljøtilstand | Det er mykje som påverkar vassførekomstane i fylket. Hovudutfordringane er "urban utvikling" (avløp og spreidde avløp, vassuttak, søppeltipper), jordbruk og vasskraft. Tiltak for å forbetre eller bevare miljøtilstand er blitt gjennomført av | Antal habitatforbetrande tiltak sett i verk | 10 | 10 ✔ | Habitatforbetrande tiltak gjennomført. Dette er gjort av kommunar, frivillige og ansvarlege sektormyndigheiter. Tiltaka varierer frå enklare fiskevandringstiltak til større habitatiltak som å opne vassdrag, gjenslynge elver og |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **natur, dyrka mark og vasskvalitet** | | kommunar, ansvarlege sektormyndigheiter og frivillige. I dag reknar vi at 78 prosent av vassførekomstane i elver, innsjøar og kystvatn oppnår god eller svært god miljøtilstand (unntatt SMVF) i vassregionen. Med auka kunnskap vil fleire påverkingar bli registrert, og som følge av dette vil fleire vassførekomstar få ein lågare miljøtilstand. Effekten av tiltak og vurdering av måloppnåing er eit langsiktig arbeid og vil bli dokumentert i framtida. | | | | reetablere elvemorfologi (læra om korleis elver er forma og korleis dei endrar seg over tid). |
| | Alle dei 118 grunnvassførekomstane i Møre og Romsdal vassregion skal oppnå god kvantitativ og kjemisk tilstand | Det er gitt uttale i relevante saker som har berørt grunnvatn. Gjennom året har det ikkje vore mange slike saker. | Gi høyringssvar i saker som gjeld tiltak som kan påverke grunnvassførekomstar | | 90 | Det har vore få høyringar på dette området i 2025, men det er gitt uttale i saker som har råka ved grunnvatn og som har vore aktuelle. |
| | Følgje opp miljøkrava for vassførekomstar i verna område, og i dei 246 sterkt modifiserte vassførekomstane | Krav om revisjon av eldre vassdragskonsesjonar blir vurderte i samband med oppdatering av regional vassforvaltningsplan. Gjeldande plan er for perioden 2022 - 2027, no jobbar ein med ny plan som skal gjelde for 2028 - 2033. Høyringar om revisjon av vassdragskonsesjonar har blitt svart ut og miljøkrav følgd opp i tråd med gjeldande regionale vassforvaltningsplan. Det er gitt uttale i fornying av og i nye kraftverksakar, miljøplanar, konsesjonspliktvurderingar, samt plansaker som | Følgje opp revisjon av vassdragskonsesjonar og sette krav for å oppnå ønska miljømål i sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) | 100,0 % | 90,0 % | Alle høyringar om revisjon av vassdragskonsesjonar med nokre få unntak blitt besvart. På grunn av mangel på person til å følgje opp Sunnmøre fram til august er nokre få saker ikkje besvart, blant anna Riksheimsvassdraget. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | berører varig verna vassdrag. | | | | |
| | | | Gi høyringssvar i saker som gjeld nye tiltak i område med varig verna vassdrag | 100,0 % | 100,0 % | Gitt uttale i fornying av eller nye kraftverksakar, samt plansaker som berører varig verna vassdrag. |
| **S1: Møre og Romsdal skal løyse felles samfunnsutfordringar gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar og forvaltningsnivå, akademia, frivilligheit, næringsliv og kulturliv** | Styrke kultur og samhandling | Fylkeskommunen har deltatt i samarbeidet gjennom Vestlandsrådet og Norskehavsrådet på politisk og administrativt nivå. | Vestlandsrådet, norskehavsrådet | | | Fylkeskommunen har førebudd og deltatt i seks møte i Vestlandsrådet sitt arbeidsutval, fire rådsmøte og to konferansar i Vestlandsrådet sin regi. Vi sto også bak arrangement på Arendalsuka. Det har vore gjennomført tre møter i Norskehavsrådet. |
| | Systematisere og vidareutvikle samarbeid og kompetansedeling mellom aktørar i frivillige sektor, kulturliv, kommune, offentlege aktørar og næringsliv | Fylkeskommunen har arbeidd aktivt mot fleire partar i 2025 for å lykkast betre med integrering av flyktningar, og har også skaffa meir kunnskap på området. Dette er viktig arbeid på vegen mot god integrering | Antal kompetansehevande tiltak for kommunane i samarbeid med regionale sektormyndigheiter | | | |
| | | | Styrke samarbeid knytt til integrering av flyktningar | | 100 | I anbefalingsarbeidet har fylkeskommunen hatt møte med kommunane. Det er gjennomført regionmøte med leiar av flyktningtenesta. Det er sendt ut spørreskjema til kommunane. Det er nytta statistikk frå IMDi og Panda-analyse. Vår |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | vurdering blei lagt fram for KS og IMDi. |
| **S2: Møre og Romsdal skal hente kunnskap, kompetanse og midlar til regional utvikling gjennom samarbeid i internasjonale nettverk og prosjekt** | Deltaking i minst to EU/EØS-prosjektsøknadar kvart år | Fylkeskommunedirektøren sende fem søknadar til ulike internasjonale prosjekt i 2025, noko som er betre enn venta. | Søkte EU-prosjekt som bygger opp om regionale satsingar | 2 | 5 | Det vart sendt fire søknadar gjennom Horisont Europa-programmet til EU, samt ein søknad gjennom Interreg Baltic Sea-programmet. |
| | Kunnskapsbygging og auka verdiskaping i regionen gjennom internasjonalt samarbeid | Fylkeskommunedirektøren gjort mogleg og støtta tre internasjonale prosjektsøknadar for andre partnarar i regionen i 2025: NORSØK, ÅKP og Sykkylven kommune. | Prosjektsøknader gjort mogleg for andre aktørar i fylket (som kommunar og næringsliv) gjennom blant anna hjelp med søknads- og prosjektarbeid | 3 | 3 | Fylkeskommunen har bidratt til tre prosjektsøknadar blant andre aktørar i fylket. DIOL med ÅKP (Interreg Nordsjø-programmet), RURACTIVE med Sykkylven kommune (replikator av metode frå Horisont Europa-prosjekt). Vi har også fått med oss NORSØK som partnar i eit større Horisont Europa-prosjekt kalla Circulandia, med oppstart mai 2026. |
| | Støtte til FoI-prosjekt frå verkemiddelapparatet og Horisont Europa aukar kvart år, og regionen tiltrekker seg meir kompetanse og venture-kapital | Møre og Romsdal hadde ein svak nedgang i samla FoU-utgifter i 2023 i høve til året før, men har hatt ei auke på 60 prosent sidan 2013 (Kjelde: Forskingsrådet sin indikatorrapport 2025) | Kostnadar til eigenutført FoU (mill kr) | | | Regional forskingsfinansiering bidreg til å kople saman ulike aktørar i det regionale innovasjonssystemet og sørgjer for kunnskapsdeling, innovasjon og verdiskaping. Fleire prosjekt fekk tilsegn om støtte frå regionale og nasjonale verkemidlar enn året før. Alle prosjekta gir tydelege bidrag til teknologiutvikling, det grøne skiftet og styrkar lokale fortrinn. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **V 2: Møre og Romsdal skal ha nødvendig tilgang på kraft og nettinfrastruktur, energieffektivisere og basere auka produksjon på fornybare energikjelder og produksjonsanlegg for kjernekraft** | I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi. | Fylkeskommunen har arbeidd breitt med energi- og kraftrelaterte høyringar, innspel og samarbeidsprosessar for å styrke kunnskapsgrunnlaget og påverke utviklinga av framtidas energiløysingar.<br><br>**Vi har levert høyringsuttaler til**:<br>• Aura 2 kraftverk og Nedre Driva kraftverk<br>• Endringar i energilova knytt til utnytting av overskotsvarme<br>• Utgreiingsprogrammet for etablering av kjernekraftverk i Taftøy næringspark (2024–25)<br>• Redusert nedre grense for grunnrenteskatt og naturressursskatt for vasskraft<br>• Strategisk konsekvensutgreiing av vindkraft til havs – del 2<br>• Ny 420 kV-linje frå Isfjorden til Fannefjorden<br>• Forslag om delingsordning for fornybar kraft tilpassa næringsområde<br><br>Vi har gitt innspel til kommunale energi- og reguleringsplanar for å | Fornybar kraftproduksjon (GWh) | 0,0 % | | I 2024 vart det produsert 6528 GWh (vannkraft, vindkraft, varmekraft og solkraft). Dette er ein reduksjon på 565 GWh frå 2023.<br><br>Situasjonsrapport med forbetringspunkt er ferdigstilt. Kartlegging og intervju gjennomført. Tiltaksplan er under utarbeiding, og intensjon er politisk behandling i 2026. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | sikre lokal forankring og framtidsretta løysingar.<br><br>**Støtteordningar og energiprosjekt**<br><br>Gjennom tilskotsordninga for energieffektivisering og ny produksjon er det i 2025 løyvd 1,45 mill. kroner til tre utgreiingsprosjekt. Prosjekta har eit samla budsjett på 3 mill. kroner, og skal ferdigstillast i løpet av 2026. Desse prosjekta bidreg både til redusert energibruk og økt produksjon av fornybar energi.<br><br>**Dialog og samarbeid**<br><br>Vi har styrkt dialogen med nasjonale aktørar gjennom:<br><br>• Møte med Energidepartementet og Klima- og Miljødepartementet (KLD) om mogleg utnytting av spillvarme frå Nyhamna<br>• Medarrangørskap for leverandørkonferanse om energiløysingar i kommunane<br>• Bidrag til biogasskonferanse med fokus på lokale moglegheiter og verdikjeder | | | | |
| | I Møre og Romsdal skal vi ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av | Fylkeskommunen har arbeidd for å vidareutvikle infrastrukturen for el og andre energiberarar. Vi | Årlig elektrisk energibruk | | | Forbruk av kraft var på 13110 GWh i 2024. Forbruket er dobbelt |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | elektrisitet og andre energiberarar. | har planlagt og finansiert utbygging av el infrastruktur for kollektivtransport buss på Sunnmøre, samt planlagt utbygging i Romsdal og Nordmøre.<br><br>Vi har hatt dialog med NVE og Statnett, og fylkeskommunen har levert innspel til høyringa om ny 420 kV-line Isfjorden–Fannefjord.<br><br>Det er gjort fem avrop på rammeavtalen med Multiconsult, med 2,4 mill. kroner i samla budsjett. Eitt er avslutta, resterande er venta ferdigstilt 1. halvår 2026.<br><br>Dei fem avropa er:<br><br>• Situasjonsrapport om energiomstilling, med forbetringspunkt<br>• Tiltaksplan energi, som oppfølging av situasjonsrapport<br>• Energiflytanalyse, mal og utgreiing Bingsa<br>• Ros analyse, overgang til nullutslepp buss, Samferdsel<br>• Barrierar og moglegheiter knytt til nullutslepp på alle nye ferjekontraktar | | | | så mykje som produksjonen. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Styrke grunnleggande, næringsfremmande strukturar | Kompetansehevande tiltak i hoppid.no-nettverket er gjennomført som planlagt | Antal kommunar som har delteke på kompetansehevingstiltak i regi av hoppid.no | | 27 | Kompetansehevingstiltak i 2025: Resultat oppnådd 100 %<br><ul><li>Kvar månad: hoppid.no dialogmøte (snitt 20 deltakarar)</li><li>Juni: hoppid.no nettverksamling, Sykkylen (20 deltakarar - 15 kommunar)</li><li>September: Workshop kunnskap- og erfaringsdeling entreprenørskarp som inkludering innvandrarkvinner (26 deltakarar - 4 kommunar)</li><li>Oktober: Hospiteringsdag nye hoppid.no kontakter (12 kommunar- 15 deltakarar)</li><li>November: Nettverksamling og Innovasjonsfestival (15 kommunar 20 deltakarar)</li><li>Desember: Webinar : Erfaringdeling entreprenørskarp som inkludering innvandrarkvinner (17 kommunar - 55 deltakarar)</li></ul> |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | • Hele året (Møte med adm.leiing om fornying av hoppid.no avtalar, kunnskapsinnsikt og erfaringsdeling perioden 2021-2024, forventingar 2025-2028. |
| | | | Antal nye forretningsidear registrert i gründerportalen hoppid.no | | 399 | 418 nye har tatt i bruk digital etablerarrettleiing. 101 har delteke på digitale entpreprenørskapsprogram. 639 er brukarar av digital etablerarhjelp. 399 forretningsidear case er utvikla i 2025 |
| | | | Full dekning breiband på 100 Mbit/s innan utgangen av 2025 | | 99 | NKOM si dekningsundersøking frå 2025 viser at 99,4 prosent av husstandane hadde tilgang på fast breiband med kapasitet på minst 100 Mbit/s. |
| **V1: Møre og Romsdal skal ha eit arbeids- og næringsliv med auka innovasjonstakt, som lukkast med det grøne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og dei teknologiske moglegheitene** | Auke verdiskapinga frå foredling av landbruksråvarer frå Møre og Romsdal | Vi har ikkje tal for denne indikatoren | Foredling av melk (i 1000 liter) | | | Vi har ikkje statistikk på dette. Fylkeskommunen har lite påverknad på indikatoren, og den blir ikkje vidareført. |
| | Auke verdiskapinga frå landbruket i Møre og Romsdal | Totalt for Møre og Romsdal er produksjonen av landbruksprodukt som forventa. Det blir rekna | Produksjon av melk (i 1000 liter) | | 150 420 | Fylkeskommunen har ingen påverknad på indikatoren, og den blir ikkje vidareført. I 2024 vart det produsert 150 |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | ut nye tal for verdiskaping i løpet av 2026. | | | | mill. l. mjølk i Møre og Romsdal. Det utgjer 9,1 prosent av produksjonen i landet totalt. Tala er ikkje oppdatert for 2025. |
| | | | Slakt av storfe og svin (i tonn) | | 6 395 | Fylkeskommunen har ingen påverknad på indikatoren, og den blir ikkje vidareført. I 2024 vart det produsert 6395 tonn storfe og 2130 tonn svin. Produksjon av storfe utgjer 7,2 % og svin utgjer 1,6 prosent i landet. Desse tala er ikkje oppdatert for 2025 (2/2/26). |
| | | | Verdiskaping frå jordbruket (bruttoprodukt i mill. kroner) | | | Tal frå 2020 viser 1025 mill. kroner (Nibio-rapport). Ny verdiskapingsanalyse er bestilt og vi vil få oppdaterte tal i løpet av 2026 |
| | Behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning | Tal da landbruksjord omdisponert til andre formål i 2024 var høgare enn dei 100 da i året som er målet i Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal | Antal dekar dyrkajord omdisponert til andre føremål | 100 | 197 | I 2024 vart det omdisponert 197 daa dyrkajord i Møre og Romsdal i følgje tal frå KOSTRA. Tal frå 2025 kjem ikkje før i juni 2026. |
| | | | Antal dekar jordbruksareal i drift | | 508 608 | Talet har vore stabilt sidan 2021. I år 2000 var 615 000 dekar. Talet for 2025 er henta frå landbruksdirektoratet. |
| | Bidra til å skape utvikling på tvers av bedrifter og næringar | Tilskot frå fylkeskommunen utløyser over det dobbelte i samla ressursinnsats for regional utvikling | Tilskot frå fylkeskommunen har utløyst utviklingsprosjekt i fylket til ein verdi av x mill. kroner | 0,0 | 148,0 | 67,8 mill. kroner i tilskot har utløyst utviklingsarbeid til ein samla sum på 148, 3 mill. kroner |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bidra til å utnytte andre store komparative fortrinn i næringslivet | Ressursane i Skaparkraft-programmet er brukt målretta for å skape ny og grønare eksportretta næring i Møre og Romsdal. Sjå rapportering på Skaparkraft under "Større tverrgåande satsingar og tiltak". | Minimum 2 nye industrielle symbioser i Møre og Romsdal innan 2030 | 20,0 % | 20,0 % | Industrielle symbiosar er prosjekt der fleire bedrifter deler på ressursar, og restråstoff eller avfall frå ei bedrift er innsatsfaktorar for andre bedrifter. Blir følgt opp gjennom oppdrag til Innovasjon Norge om realisering av Grønt Industriløft. Sjå også rapport om Skaparkraft under "Større tverrgåande satsingar og tiltak". |
| | | | Tilskot har utløyst utviklingsarbeid for berekraftige heilårsopplevingar til ein verdi av minst 10 mill. kroner i løpet av 2025 | | 560 000 | To reiselivsutviklingsprosjekt søkte og fikk innvilga tilskot i 2025.<br><br>Forprosjektet "Driva som verdiskapar" fikk innvilga eit tilskot på 150 000 kroner til å utvikle heilårs opplevingar langs elva Driva i Sunndal. Desse opplevingane skal ikkje berre vere knytt til laksefiske, men også andre typar aktivitetar og opplevingar. Total kostnad for prosjektet er 450 000 kroner.<br><br>Prosjektet "Sunndal hele året - kompetansetiltak for reiselivsnæringen" fikk innvilga eit tilskot på 50 000 kroner til eit 2-dagars kurs med tema produktutvikling og digital marknadsføring tilpassa aktørane i Sunndal. Kurset er ope for aktørar frå andre kommunar dersom dei ikkje fyller opp kurset med aktørar frå Sunndal. Total kostnad for prosjektet er 110 000 kroner. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Vi har i 2025 motteke færre søknadar til utvikling av berekraftige heilårsopplevingar enn eit normalår. Dette kan skuldast at vi i 2023 innvilga tilskot til særleg mange og store prosjekt og at dei fleste prosjekta går over fleire år. Dei fleste av desse prosjekta er per no ikkje avslutta.<br><br>Destinasjonsselskapa i fylket har i 2025 vore svært opptatt med å stifte eit felles fylkesdekkande destinasjonsselskap (etablert 11. desember 2025). Destinasjonsselskapa er ofte ein pådrivar i ulike utviklingsprosjekt samt at dei kjører prosjekt i eigen regi. |
| | | | Tilskot til større verdikjede- og digitaliseringsprosjekt skal ha utløyst utviklingsarbeid med ein verdi på minst 20 mill. kroner i løpet av 2025 | | 14 | Det vart gitt 6,5 mill. kroner i tilskot til 7 prosjekt frå ordninga grøne industrielle løft, med ein samla kostnad på om lag 14 mill. kroner. |
| | Fleire og betre forretningsidear med gardsbruket som utgangspunkt og nye marknader som mål | Vi har ikkje målingar på dette i 2025 | Verdiskaping i landbruksbasert tilleggsnæring (bruttoprodukt i mill. kroner) | | | Dette er ikkje målt i 2025. |
| | Næringslivet og komunane aukar kvart år sin innsats på eigenutført og innkjøpt FoU | Det har vore stor etterspørsel frå næringslivet etter fylkeskommunen sine virkemiddel for forskingsbasert innovasjon. | Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune skal ha utløyst FoU-arbeid med ein verdi på minst 30 mill. kroner i løpet av 2025 | 30,0 | 44,0 | 35 prosjekt fekk tilsegn om støtte frå MobPro og Regional Forskingsfinansiering for kr 21,5 mill, og utløyste ytterlegare 30 mill. i eigeninnsats og anna privat finansiering. To kvalifiseringsprosjekt blei direkte vidareført |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | med midlar frå hhv. Forskningsrådet og Innovasjon Norge for tilsaman kr 45.1 mill. |

## Status investeringsprosjekt

### Kompetanse- og næringsområdet

*Beløp i 1000*

| Investering | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| | Budsjett for året | | |
| **Gjermundnes vgs** | | | |
| Gjermundnes vgs - fjøs | 2 052 | 338 | 1 714 |
| **Sum - Gjermundnes vgs** | **2 052** | **338** | **1 714** |
| **Hustadvika vgs.** | | | |
| Hustadvika vgs | 692 | 5 | 687 |
| **Sum - Hustadvika vgs.** | **692** | **5** | **687** |
| **Hustadvika vgs. - marine fag** | | | |
| Hustadvika vgs - marine fag | 6 292 | 272 | 6 020 |
| **Sum - Hustadvika vgs. - marine fag** | **6 292** | **272** | **6 020** |
| **Spjelkavik Arena** | | | |
| Spjelkavik Arena | 14 413 | 10 393 | 4 020 |
| **Sum - Spjelkavik Arena** | **14 413** | **10 393** | **4 020** |
| **Talevarslingssystem alle skoler** | | | |
| Talevarslingssystem | 1 130 | 354 | 776 |
| **Sum - Talevarslingssystem alle skoler** | **1 130** | **354** | **776** |
| **Tingvoll vgs.** | | | |
| Tingvoll vgs | 968 | 9 | 959 |
| **Sum - Tingvoll vgs.** | **968** | **9** | **959** |
| **Ulstein vgs. - TPO/adm** | | | |
| Ulstein vgs | 993 | 11 | 982 |
| **Sum - Ulstein vgs. - TPO/adm** | **993** | **11** | **982** |
| **Undervisningsfartøy** | | | |
| Undervisningsfartøy | 3 031 | 1 394 | 1 637 |
| **Sum - Undervisningsfartøy** | **3 031** | **1 394** | **1 637** |
| **Utstyr etter fagfornyinga** | | | |
| Utstyr etter fagfornyinga | 13 260 | 11 558 | 1 702 |
| **Sum - Utstyr etter fagfornyinga** | **13 260** | **11 558** | **1 702** |
| **Utstyr/universell utforming/ped. Ombygging** | | | |
| Utstyr/universell utforming/ped. ombygging | 25 628 | 10 832 | 14 796 |
| **Sum - Utstyr/universell utforming/ped. Ombygging** | **25 628** | **10 832** | **14 796** |
| **Utstyrskjøp, eiga finansiering** | | | |
| Utstyrskjøp skolar, eiga finansiering | 0 | 6 297 | -6 297 |
| **Sum - Utstyrskjøp, eiga finansiering** | **0** | **6 297** | **-6 297** |
| **Vidaregåande skoler i Kristiansund** | | | |
| Vidaregåande skoler i Kristiansund | 1 197 | 93 | 1 104 |
| **Sum - Vidaregåande skoler i Kristiansund** | **1 197** | **93** | **1 104** |
| **Volda vgs. - TPO-base** | | | |
| Volda vgs | 111 | 258 | -147 |
| **Sum - Volda vgs. - TPO-base** | **111** | **258** | **-147** |
| **Ørsta kompetanse- og kultursenter** | | | |
| Ørsta kompetanse- og kultursenter | 26 701 | 19 471 | 7 230 |
| **Sum - Ørsta kompetanse- og kultursenter** | **26 701** | **19 471** | **7 230** |
| **Sum** | **96 468** | **61 284** | **35 184** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 61,3 mill. kroner knytt til i Kompetanse- og næringsområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 35,2 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på fleire prosjekt. Nokon av prosjekta har delvis særskilt finansiering.

Dei største avvika gjeld:

- Utstyr/universell utforming/ped. ombygging viser eit mindreforbruk på om lag 14,8 mill. kroner, som skuldast periodiseringsavvik mellom 2025 og 2026. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2026
- Hustadvika Marine fag med om lag 6 mill. kroner da ein ventar på godkjenning av konsesjonssøknad
- Ørsta Kompetanse- og kultursenter med om lag 7,2 mill. kroner. Prosjektet er enno i planleggingsfase, og forsinka i høve til framdriftsplan

Fylkeskommunedirektøren foreslår som følge av dette å overføre eit samla mindreforbruk på om lag 39 mill. kroner frå 2025 til 2026 og eit mindreforbruk knytt til Ørsta kompetanse- og kultursenter på om lag 7,2 mill. kroner frå 2025 til 2027.

## Fagskolen Møre og Romsdal

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 38 721 | 27 627 | 11 095 | 28,7 % |

### Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme “Fagskolen Møre og Romsdal” viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 11,1 mill. kroner i 2025.

Mindreforbruket består i hovudsak av:

- Forsinka innkjøpsprosses knytt til møblar og bil ved studiestad Ålesund på 2,5 mill. kroner
- Avvik i lønnskostnader i forhold til budsjett er på totalt 4,94 mill. kroner for 2025. Avviket skyldast i hovudsak mangel på fagpersonell
- Overføring av 3,63 mill. kroner frå prosjektfond til drift. Dette er utviklingsmidlar Fagskolen Møre og Romsdal har mottatt frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse for nyutvikling av utdanningar. Dette er midlar som ikkje blir budsjettert.

### Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår at netto mindreforbruk på fylkestingsramme “Fagskolen i Møre og Romsdal ” i 2025 ikkje blir overført til styrking av ramma i 2026.

## Status investeringsprosjekt

### Fagskolen i Møre og Romsdal

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| **Utstyr fagskolen i Møre og Romsdal** | | | |
| Utstyr fagskolen i Møre og Romsdal | 7 056 | 5 044 | 2 012 |
| **Sum - Utstyr fagskolen i Møre og Romsdal** | **7 056** | **5 044** | **2 012** |
| **Sum** | **7 056** | **5 044** | **2 012** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 5 mill. kroner knytt til utstyr til Fagskolen Møre og Romsdal i 2025. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 2 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på prosjekta. Noko av prosjekta har særskilt finansiering, dette utgjer om lag 1,5 mill. kroner. Fylkeskommunedirektøren foreslår som følgje av dette å overføre eit mindreforbruk på om lag 3,5 mill. kroner til 2026.

# Tannhelseområdet

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 70-Tannhelseområdet - sentralt | 8 651 | 8 368 | 283 | 3,3 % |
| 71-Tannhelseområdet - klinikkar | 237 933 | 224 260 | 13 673 | 5,7 % |
| **Sum** | **246 585** | **232 628** | **13 956** | **5,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Tannhelseområdet" viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 14 mill. kroner i 2025.

Det er registrert eit mindreforbruk på lønn på 9,5 millionar kroner, som i hovudsak kjem av lågare tal på tilsette enn føresett. Det vart budsjettert med ein betydeleg auke i bemanninga for å møte den kraftige veksten i pasientgrunnlaget. Dei siste tre åra har den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal fått om lag 25 000 nye pasientar med rettar – ein auke på 38 prosent. Hovudårsaka er utviding av rettar etter tannhelsetenestelova, særleg for unge vaksne. Frå 2024 til 2025 vart gruppa med rett til 75 prosent rabatt utvida frå to til ti årskull, og omfattar no alle mellom 19 og 28 år. Dette har gitt ein markant auke i behovet for behandlingskapasitet. Tannhelseområdet ser ein tydeleg vekst i kor mange som nyttar tilbodet. Dette er ein trend som vil fortsette.

Rekruttering av tannhelsepersonell er krevjande, og det tek tid å bygge opp ein stabil og tilstrekkeleg bemanning. Parallelt er tannhelseområdet avhengig av å bygge opp romkapasitet og utvide klinikkane for å handtere den auka pasientmengden. Avgrensa administrative ressursar i fylkeskommunen sine

stabsavdelingar gjer at fylkeskommunen ikkje har framdrift som ønska i prosjekteringa av nye klinikklokale, mellom anna den planlagde kompetanseklinikken i Molde.

Verksemda har relativ høg turnover, noko som medfører at fleire tilsette sluttar gjennom året. Dei fleste nytilsette tek til i august, ofte som nyutdanna, noko som inneber at ein får lange periodar med vakansar i tannlegestillingane gjennom året.

Som følgje av færre tilsette enn planlagt har det vore nødvendig å kjøpe tenester frå private tannlegar for å oppretthalde eit forsvarleg tilbod. Ein annan konsekvens av lågare bemanning er at verksemda har hatt lågare inntekter enn forventa, ettersom redusert behandlingskapasitet gir mindre pasientaktivitet.

Andre forklaringar på mindreforbruket i 2025 er at det vart budsjettert med for høge husleigekostnader. På tidspunktet for budsjetteringa var det knytt usikkerheit til heilårsdrift ved Kristiansund kompetanseklinikk.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår at netto mindreforbruk på fylkestingsramme “Tannhelseområdet” i 2025 ikkje blir overført til styrking av ramma i 2026. Dersom det er behov for midlane i seinare år, vil ein kome tilbake til fylkestinget.

## Status fylkesplanmål og resultatmål

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **IK 1: Møre og Romsdal skal ha trygge og tilgjengelege lokalsamfunn som fremmer god folkehelse, og som har gode og tilstrekkelege helsetenester til alle** | Attraktive arbeidsmiljø med høg fagleg standard og utviklingsmoglegheiter | Er rapportert internt. | Alle tilsette i tannhelsetenesta skal ha ein årleg medarbeidar-/utviklingssamtale | 100,0 % | | Er rapportert internt. |
| | | | Sjukefråvær klinikknivå 10% | 10,0 % | | Er rapportert internt. |
| | Høg dekningsgrad for prioriterte pasientgrupper og fråver av karies minst på same nivå som landsgjennomsnittet for barn og ungdom (indikatorårskull). | | Andel kariesfrie 12-åringar skal vere minst 62%. | 61,0 % | 62,0 % | Måltalet på 62 % utan karieserfaring for 12-åringane blir akkurat nådd i 2025. Dette er ein framgang på eitt prosentpoeng frå 2024, og ei utvikling i riktig retning.<br><br><u>Oppsummering resultat alle indikatorkull</u><br><br>**3-åringar:** 95 % utan karieserfaring er betre enn landsgjennomsnittet (94 %)<br><br>**5-åringar:** 83 % utan karieserfaring er betre enn landsgjennomsnittet (82 %)<br><br>**12-åringar:** Måltalet på 62 % blir akkurat nådd<br><br>**15-åringar:** 40 % utan karieserfaring ligg under måltalet på 44 %<br><br>**18-åringar:** 28 % utan karieserfaring ligg under måltalet på 33 % |
| | | | Andel kariesfrie 15-åringar skal vere minst 44%. | 44,0 % | 40,0 % | Resultatet for 15-åringane er uendra frå 2024, med 40 % utan karieserfaring. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | Dette ligg framleis under målsetjinga på 44 % |
| | | | Andel kariesfrie 18-åringar skal vere minst 33%. | 32,0 % | 28,0 % | | I 2025 var 28 % av 18-åringane utan karieserfaring, ein auke på om lag 4 prosentpoeng frå 2024. Resultatet ligg framleis under måltalet på 33 % (landsgjennomsnittet i 2024). |
| | | | Andel kariesfrie 3-åringar skal vere minst 94%. | 94,0 % | 95,0 % | | 95 % av treåringane har ingen erfaring med kariessjukdom i 2025, noko som er betre enn landsgjennomsnittet for 2024 på 94 %. Resultatet viser svært god måloppnåing og ein positiv trend i dei yngste årskulla. |
| | | | Andel kariesfrie 5-åringar skal vere minst 82%. | 85,0 % | 83,0 % | | 83 % av femåringane har ingen erfaring med kariessjukdom i 2025. Dette er betre enn landsgjennomsnittet for 2024 på 82 %, og viser god måloppnåing, sjølv om resultatet er noko lågare enn i 2024 (85%). |
| | | | Dekningsgrad - barn og ungdom 1-18 år (gr. A) skal vere minst 97%. | 97,0 % | 98,0 % | | Resultatet viser god måloppnåing, med ein dekningsgrad for 1 - 18 år som ligg over måltalet på 97 prosent. Dette representerer ein framgang samanlikna med 2024, då resultatet |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | låg i underkant av måltalet.<br><br>**Samla vurdering dekningsgrad aktuelle grupper:**<br>• 1–18 år: Over måltalet på 97 %, og betre enn 2024.<br>• 19–20 år: Noko redusert dekningsgrad på 61 %, og under måltalet på 70 %.<br>• PU over 18 år: 94 %, like under målet på 95 %, men framgang frå 2024.<br>• Institusjon: 85 %, under målet på 90 %, men ein stabil situasjon med liten framgang.<br>• Heimesjukepleie: 74 %, godt over måltalet på 65 %, og vidare framgang frå 2024. |
| | | | Dekningsgrad - Eldre og uføre i heimesjukepleie (gr. C2) skal vere minst 65%. | 65,0 % | 74,0 % | ✓ | For eldre og uføre i heimesjukepleia var dekningsgraden 74 % i 2025, over måltalet på 65 %. Dette er ein auke frå 73 % i 2024. |
| | | | Dekningsgrad - eldre og uføre i institusjon (gr. C1) skal vere minst 90%. | 90,0 % | 85,0 % | – | For eldre og uføre i institusjon var dekningsgraden 85 %. Dette er under måltalet på 90 %, men med ein |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | liten auke frå 2024 (84%) som viser ei styrking av oppfølginga. |
| | | | Dekningsgrad - psykisk utviklingshemma over 18 år (gr. B) skal vere minst 95%. | 95,0 % | 94,0 % | Dekningsgraden for psykisk utviklingshemma over 18 år er med 94% like under måltalet på 95 %. Dette er ein framgang frå 2024, då dekningsgraden var 93 %, og viser ei utvikling i riktig retning. |
| | | **Dekningsgrad** viser delen av personar med rettar etter tannhelsetenestelova som er under tilsyn og behandling i den offentlege tannhelsetenesta.<br><br>Den samla dekningsgraden i 2025 ligg på eit nivå om lag tilsvarande landsgjennomsnittet. Tenesta oppnår svært god måloppnåing i dei største prioriterte gruppene, særleg blant barn og unge samt eldre og uføre i heimesjukepleia, der resultata ligg over måltala. Nokre grupper – spesielt eldre og uføre i institusjon og unge vaksne – ligg framleis under målsetjingane, men viser anten stabilitet eller moderat framgang. Samla sett framstår dekningsgraden | Dekningsgrad - ungdom 19-20 år (gr. D) skal vere minst 70%. | 70,0 % | 61,0 % | Måltalet for gruppa er ei dekningsgrad på 70 % under tilsyn. For 19–20-åringane er dekningsgraden redusert frå 64 % i 2024 til 61 % i 2025. Gruppe D er i same periode utvida frå å omfatte berre 19–20-åringar til å dekke aldersspennet 19–28 år. Denne utvidinga påverkar dekningsgraden for 19–20-åringane. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | som god og i positiv utvikling, med behov for vidare innsats i enkelte grupper for å nå full måloppnåing.<br><br>Nedgangen i dekningsgrad for enkelte grupper må sjåast i samanheng med at tenesta dei siste åra har fått fleire og større pasientgrupper med rettar, som følgje av endringar i lovgivinga. Dette påverkar den samla kapasiteten og dermed dekningsgraden.<br><br>**Kariesindikatoren** gir eit samla bilete av tannhelsesituasjonen i dei prioriterte barne- og ungdomsgruppene. Vi følgjer utviklinga i fem indikatorårskull (3, 5, 12, 15 og 18 år), og variabelen som blir nytta, er delen av årskullet utan karieserfaring – altså andelen barn og unge som ikkje har kariessjukdom. Målet er at fråværet av karies skal vere minst på nivå med landsgjennomsnittet, noko som er ein viktig del av folkehelseoppdraget og skal sikre at tannhelsa i fylket ikkje taper seg relativt til nasjonale utviklingstrekk. | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Resultata for 2025 viser gjennomgåande positiv utvikling, særleg blant dei yngste årskulla, som i stor grad ligg på eller over måltala. For 15- og 18-åringane er utviklinga meir moderat, og resultata er ikkje like sterke som for dei yngre gruppene. Likevel peikar trenden i riktig retning, med ei tydeleg betring samanlikna med 2024. | | | | |
| | | | Etterslep gruppe A2 (kode: K43-2) mindre enn 10% | 10,0 % | 10,2 % | Tannhelsetenesta har, med innføringa av den nye tannhelsetenestelova, fått fleire pasientgrupper med rettar og dermed ein betydelig auke i talet på pasientar. På kort sikt må ein rekne med at dette påverkar dekningsgraden i fleire av pasientgruppene, og at det kan oppstå ein viss auke i etterslepet.<br><br>Målet er likevel nesten nådd, med eit resultat på 10,2 prosent. Samstundes er dette ein tilbakegang frå den svært gode måloppnåinga i 2024, då resultatet var 7,8 prosent.<br><br>Utviklinga bør difor følgjast nøye framover. |
| | | | Sic-indeks (12-åringar). Tannhelsetilstand hos dei med dårlegast tannhelse. | 0,00 | 2,60 | SiC-indeksen viser karieserfaringa hos den tredjedelen av barna som har mest karies, og eit lågt SiC-tal tyder på god tannhelse også i |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | den mest utsette gruppa. SiC-indeksen i 2025 er på 2,6 for 12-åringane. Det er ein svak auke samanlikna med perioden 2022–2024 (2,55), men betre enn nivået i åra før 2022.<br><br>Vi er òg innafor WHO-målet på under 3. |
| **S1: Møre og Romsdal skal løyse felles samfunnsutfordringar gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar og forvaltningsnivå, akademia, frivilligheit, næringsliv og kulturliv** | Meir folkehelsearbeid og samhandling med kommunane om det offentlege tannhelsetilbodet. | Tannhelsetenesta har i 2025 gjennomført eit høgt tal institusjonsbesøk, og aktivitetsnivået viser at tenesta er godt til stades i både små, mellomstore og store institusjonar. Besøksmålet knytt til talet bebuarar er nådd for dei minste og største institusjonane, medan dei mellomstore institusjonane ligg tett oppunder måltalet.<br><br>Det samla besøksomfanget viser at tannhelsetenesta arbeider systematisk med folkehelsearbeid og samhandling, og at samarbeidet med kommunane fungerer godt. Tenesta har etablert gode rutinar for jamnleg kontakt og dialog med institusjonane, noko som bidreg til å sikre ei stabil og fagleg forsvarleg oppfølging av brukarane. | Minst 2 årlege besøk ved institusjonar med 5-20 bebuarar gr. C1. (Dvs. minst 42 besøk.) | 42,0 | 73,0 | Måltala for institusjonsbesøk er knytte til talet på bebuarar og den planlagde besøksfrekvensen for ulike institusjonsstorleikar. For dei minste institusjonane (0–20 bebuarar) vart det gjennomført 73 besøk i 2025, klart over måltalet om to årlege besøk. Dette viser ein særleg høg aktivitet og god oppfølging av denne institusjonsgruppa.<br><br><u>Resultat indikator</u><br><br>Institusjonar med 0-20 bebuarar: 73 besøk, måltal 52<br><br>Institusjoner med 21-40 bebuarar: 88 besøk, måltal 92<br><br>Institusjonar med 41-60 bebuarar: 82 besøk, måltal 90<br><br>Institusjonar med >60 bebuarar: 35 besøk, måltal 32 |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Minst 2500 timar førebyggande arbeid utanfor klinikkane | 2 500,0 | 2 540,0 | ✔ | Måltalet på 2500 timar er nådd. Måltalet skal sikre eit målretta arbeid i samarbeid med dei kommunale tenestene, forankra i gjeldande samarbeidsavtalar, for eit heilskapleg og samordna tilbod til dei aktuelle pasientgruppene |
| | | | Minst 4 årlege besøk ved institusjonar med 20-40 bebuarar gr. C1. (Dvs. minst 84 besøk.) | 84,0 | 88,0 | ✔ | Måltala for institusjonsbesøk er justerte i tråd med talet på bebuarar og den planlagde besøksfrekvensen for ulike institusjonsstorleikar. For institusjonar med 21–40 bebuarar vart det gjennomført 88 besøk i 2025, noko som ligg tett opp mot måltalet om fire årlege besøk. Aktiviteten viser at tilsynsarbeidet er godt etablert også i dei mellomstore institusjonane.<br><br><u>Resultat indikator</u><br><br>Institusjonar med 0-20 bebuarar: 73 besøk, måltal 52<br><br>Institusjoner med 21-40 bebuarar: 88 besøk, måltal 92<br><br>Institusjonar med 41-60 bebuarar: 82 besøk, måltal 90<br><br>Institusjonar med >60 bebuarar: 35 besøk, måltal 32 |
| | | | Minst 6 årlege besøk ved institusjonar med 40-60 bebuarar gr. C1. | 96,0 | 82,0 | ! | Måltala for institusjonsbesøk er justerte i tråd med talet på bebuarar og den planlagde besøksfrekvensen for |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | (Dvs. minst 96 besøk.) | | | ulike institusjonsstorleikar. For institusjonar med 41–60 bebuarar vart det gjennomført 82 besøk i 2025. Sjølv om dette ligg noko under måltalet om seks årlege besøk, viser omfanget av gjennomførte besøk at tenesta held ein høg aktivitet også i dei mellomstore institusjonane. |
| | | | Minst 8 årlege besøk ved institusjonar med 60-80 bebuarar gr. C1. (Dvs. minst 32 besøk.) | 32 | 35 | Oppdaterte måltal er knytte til talet på bebuarar og til den planlagde besøksfrekvensen. Med totalt 35 besøk ligg resultatet godt over måltalet om 8 årlege besøk for dei største institusjonane med over 60 bebuarar. |

## Status investeringsprosjekt

### Tannhelseområdet

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året: Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| **Distriktstannklinikk Sunndalsøra** | | | |
| DTK Sunndalsøra | 250 | 124 | 126 |
| **Sum - Distriktstannklinikk Sunndalsøra** | **250** | **124** | **126** |
| **Distriktstannklinikk Valderøy** | | | |
| DTK Valderøy | 100 | 6 | 94 |
| **Sum - Distriktstannklinikk Valderøy** | **100** | **6** | **94** |
| **Kompetanseklinikk Kristiansund** | | | |
| Kristiansund kompetanseklinikk | 2 683 | 909 | 1 774 |
| **Sum - Kompetanseklinikk Kristiansund** | **2 683** | **909** | **1 774** |
| **Kompetanseklinikk Molde** | | | |
| Molde kompetanseklinikk | 100 | 93 | 7 |
| **Sum - Kompetanseklinikk Molde** | **100** | **93** | **7** |
| **Kompetanseklinikk Ørsta** | | | |
| Kompetanseklinikk på Søre Sunnmøre | 100 | 40 | 60 |
| **Sum - Kompetanseklinikk Ørsta** | **100** | **40** | **60** |
| **Tannhelse - utstyr** | | | |
| Tannhelse - utstyr | 4 763 | 1 390 | 3 373 |
| **Sum - Tannhelse - utstyr** | **4 763** | **1 390** | **3 373** |
| **Ålesund kompetanseklinikk** | | | |
| Ålesund Kompetanseklinikk | 0 | 102 | -102 |
| **Sum - Ålesund kompetanseklinikk** | **0** | **102** | **-102** |
| **Sum** | **7 996** | **2 663** | **5 333** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 2,6 mill. kroner i utstyr og bygningar på Tannhelseområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 5,3 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast i hovudsak forseinka prosessar som til dels heng saman med avgrensa administrative ressursar i fylkeskommunen sine stabsavdelingar.

Fylkeskommunedirektøren foreslår som følgje av dette å overføre eit mindreforbruk på om lag 3,3 mill. kroner til 2026 og resterande 2 mill. kroner til 2027.

# Kulturområdet

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 80-Drift av kulturområdet | 43 536 | 42 584 | 952 | 2,2 % |
| 81-Sal av arkeologiske tenester | 260 | -722 | 982 | 378,0 % |
| 82-Fylkeskommunale verkemiddel | 121 670 | 109 687 | 11 983 | 9,8 % |
| **Sum** | **165 466** | **151 549** | **13 917** | **8,4 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Kulturområdet" viser eit årsresultat på eit netto mindreforbruk på om lag 13,9 mill. kroner i 2025. Avviket kjem i hovudsak av:

- om lag 1 mill. kroner er knytt til pågåande prosjekt rehabilitering av fylkeskommunen si kunstsamling, jf. T37-23, "den store samtalen" og rettleiarrolla for kulturell og kreativ næring
- 980 000 kroner er knytt til overskot sal av arkeologiske tenester
- 11,5 mill kroner er knytt til vedtak i T-40/22 og U-130/22, om bygging og overtaking av Normoria. Jf. plan for nedbetaling var overtaking sett til medio 2025 med estimert kostnad på 11,9 mill. kroner. Grunna manglar ved bygget vart overtaking utsett til 17. desember, slik at nedbetaling for år ein vart på 412 845 kroner i staden for 11,9 mill. kroner.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre 2,007 mill. kroner av mindreforbruket på fylkestingsramme "Kulturområdet" i 2025 til 2026. Dette til fullføring av prosjekta rehabilitering av fylkeskommunen si kunstsamling, jf. T37-23, "den store samtalen", og rettleiarrolla for kulturell og kreativ næring.

## Status fylkesplanmål og resultatmål

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **M3: Møre og Romsdal skal ta vare på eit mangfald av viktige kulturmiljø og sjå kulturmiljøa som ein ressurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulærøkonomi** | Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi er sikra godt formelt vern og ein god vedlikehaldssituasjon. | Arkeologisk kulturminne og kulturmiljø var sikra eit godt formelt vern i fjor. Tapet var lavt, på 0,18 %. For freda bygg og anlegg fekk fylkeskommunen ei høgare tildeling av midlar dette året enn vanleg til krevjande vedlikehald og istandsetting. Utfordringa var fylkeskommunen sin kapasitet til å behandle tilskota og dispensasjonane. Tilskota var ferdigbehandla seint og saksbeha | Tal tilstandsrapportar som er utført med støtte frå fylkeskommunen | 30 | 8 | Manglande kapasitet i faggruppa. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | ndlingstida for dispensasjonar svært lang og eit år for fleire av sakane. Fylkeskommunen har ansvar for å gjennomføre tilstandsvurdering av dei freda bygg og anlegga kvart tiande år. Ved utgangen av 2025 står 30 % av desse utan gyldig tilstandsgrad. | | | | |
| **M4: Møre og Romsdal skal fremme utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi, med høg grad av gjenbruk og god** | Sirkulær økonomi, gjenbruk, fleirbruk og god funksjonalitet skal ligge til grunn for utvikling og vedlikeh | Fylkeskommunen har i rettleiing oppmoda til ombruk, gjenbruk og sirkulærøknonomi i saker om bevaring av bygg og | Webinar om gjenbruk, klima og miljø | 2 | 0 | Det var gjennomført eit kurs i 2024 og liknande skulle gjentakast i 2025. Det har ikkje vore kapasitet til dette.<br>Men i åtte møter med kommunar og idrettslag var det tema knytt til omstilling med å gå vekk frå å bruke gummigranulat på fotballbaner. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **avfallshandtering** | ald av bygningsmasse, arenaer og anlegg i byar og tettstader | anlegg. Det same gjeld i uttaler om same tema i plan- og byggesaker. Fylkeskommunen har i 2025 hatt 319 uttaler som gjeld bevaring av bygg og anlegg.<br><br>i 2025 har kulturavdelinga spesielt vore opptatt av kunstgrasbanar, medrekna val av kunstgrassystem og tiltak i samsvar med forureiningsforskrifta i dialogen med dei som søkjer om spelemidlar. Fylkeskommunen har også bidratt til at BIAA - | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | kompetansenettverket for berekraftig idrett og aktivitet har vorte ein realitet, med mål om at dette nettverket skal bli ein ressurs for både fylkeskommune, kommunar, idrettslag og andre som jobbar med først og framst anlegg for idrett og fysisk aktivitet. | | | | |
| **S1: Møre og Romsdal skal løyse felles samfunnsutfordringar gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom** | Systematisere og vidareutvikle samarbeid og kompetansedeling mellom aktørar i frivillige sektor, kulturliv, kommune, offentle | Kulturavdelinga i 2025 har arbeidd aktivt og strukturert for å styrke samarbeid og kompetansedeling på tvers av sektorar. Friluftslivets år 2025 har gitt nye | Friluftslivets år er markert i alle kommunane i Møre og Romsdal | 100,0 % | 100,0 % | Friluftslivets år 2025 har vore markert i alle kommunane i fylket.<br><br>Målet har vore å skape friluftsglede for alle og senke terskelen for å delta i naturvenlege aktivitetar. Gjennom året har det blitt gjennomført **982 registrerte friluftslivsaktivitetar** rundt om i fylket – alt frå strandrydding ) og sjølvbergingskurs til Stikk-UT-opera, ordførarturar og mange bålarrangement. Desse tiltaka har engasjert både barn, unge og vaksne, og synleggjort det sterke frivillige engasjementet i heile fylket.<br><br>Gjennom samarbeid mellom fylkeskommunen, frivillige lag og organisasjonar, kommunar, friluftsråd og ei rekkje lokale ildsjeler, har året bidrege til å gjere naturen meir tilgjengeleg og friluftslivet meir inkluderande. Møre og Romsdal fylkeskommune har fordelt 1 500 000 kroner til 32 ulike prosjekt, mellom anna til frivillige organisasjonar som har gjennomført friluftslivsdagar i dei vidaregåande skolane. I samband med satsinga er det også delt ut **16 700 aktivitetshefte til barn**, som skal inspirere dei yngste til å utforske naturen i nærmiljøet. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **offentlege aktørar og forvaltningsnivå, akademia, frivilligheit, næringsliv og kulturliv** | ge aktørar og næringsliv | møteplassar og breiare deltaking, mellom anna gjennom fylkeskulturkonferansen. Det er gjennomført fem regionale kommunemøte, og desse har styrka dialogen med kommunane og skapt arenaer for felles kunnskapsutvikling og strategiarbeid på det breie kulturområdet. Satsinga på ABC for god psykisk helse har knytt saman kommunar og frivillig sektor i nye nettverk. Samla sett har avdelinga tatt klare steg i retning | | | | Kulturavdelinga har også gjennomført fylkeskulturkonferansen 2025 med friluftsliv som tema.<br><br>Det store mangfaldet av arrangement viser at friluftslivet står sterkt i Møre og Romsdal, og at vi har mobilisere breitt for å gi fleire gode naturopplevingar og legge til rette for varig auka deltaking i friluftsliv |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | av målet om meir systematisk og vidareutvikla samarbeid mellom aktørar i heile kultur- og samfunnsfeltet. | | | | |
| | Støtte tiltak og prosjekt som stimulerer til mangfald og inkludering av grupper som i liten grad er representert i det frivillige arbeidet. | I 2025 starta ein nasjonal folkehelsekampanje - ABC for god psykisk helse som handlar om å bygge og styrke psykisk helse for heile befolkninga.<br><br>ABC står for å gjere noko aktivt, gjere noko saman og gjere noko meiningsfullt. Forsking har vist at desse tre grepa har stor innverknad på | Følge opp anbefaling fra Telemarkforskning sin rapport om frivilligheita i Møre og Romsdal | Ja | Ja | Telemarksforsking sin rapport om frivilligheita i Møre og Romsdal, og anbefalingane frå rapporten, har blitt gjort kjent på fleire arenaer, mellom anna på konferansar, på webinar, i nettverk (til dømes frivilligsentralane og kultursjefar i fylket) og andre arenaer det har vore aktuelt å delta på ut mot kommunar og frivilligheita. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | livskvaliteten og den psykiske helsa vår.<br><br>Målgruppa for innsatsen i Møre og Romsdal har i 2025 vore kommunane, frivillige organisasjonar og andre aktørar fylkeskommunen samarbeider med. Den endelege målgruppa er heile befolkninga, med god ivaretaking av barn og unge, eldre og minoritetsgrupper. Vi konsentrerte innsatsen på innsatsområdet frivillig sektor for å innføre ABC og | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | fem pilotar fekk tilsaman 1 mill i tilskot. Fleire av desse stimulerte til mangfald og inkludering av grupper som i liten grad er representert i det frivillige arbeidet. | | | | |
| **S3: Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle, uansett bakgrunn, kan få ytre seg, påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn** | Auke bruken av kultur- og samfunnsarenaer som arena for medverknad, meiningsytring og demokratisk deltaking | Litteraturhus Møre og Romsdal viser ei klar utvikling i retning av meir aktiv bruk av kultur- og samfunnsarenaer som arena for offentleg samtale og samfunnsengasjement. Auka aktivitet og nye kompetansetiltak, styrker grunnlag | Auke talet på samtale- og debattarrangement i bibliotek | 5,0 % | 5,9 % | • Litteraturhus Møre og Romsdal 2025 har hatt ei auke i besøkande frå 2024 til 2025 (tal 2024 i parentes):<br>Tal arrangement: 125 (118)<br>Tal gjester utanom utøvarane: 6851 (ikkje oppgitt for 2024)<br>Tal gjester og utøvarar: 7000 (6914)<br><br>• I samarbeid med Rogaland og Vestland fylkeskommunar har eit kurs vore under utvikling i 2025:  Tilbod til bibliotektilsette om "Kurs i samtale" - med krav om gjennomføring av arrangement. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | et for fleire arrangement som inviterer til deltaking og meiningsutveksling. I tillegg vart det gjennomført medverknadsprosessar i prosjekta Steps dansekollektiv, Det umoglege huset og Verkstad da Vinci. I prosjektet Det umoglege huset vart alle ungdomsskoleelevane i Rauma kommune invitert til medverknad. Samla sett bidreg gjennomførte tiltak til å nå målet om å auke bruken av | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | kultur- og samfunnsarenaer for medverknad, ytring og demokratisk deltaking. | | | | |
| **V1: Møre og Romsdal skal ha eit arbeids- og næringsliv med auka innovasjonstakt, som lukkast med det grøne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og dei teknologiske moglegheitene** | Bidra til at forsking, kunnskap og innovasjon er grunnleggande element i utviklinga av kultursektoren | Kulturavdelinga har styrka kunnskapsutviklinga og formidlinga på tvers av kultur-, utdannings- og samfunnssektorane. Det er gjennomført seminar og samarbeid med forskings- og utdanningsmiljø, inkludert arbeid med nye metodar som georadar og digitale kulturminnemodellar. Avdeling | Gjere kunnskap, forsking og innovasjon tilgjengeleg for kultursektoren i Møre og Romsdal. | Ja | Ja | Kulturavdelinga har i 2025 arbeidd systematisk med kunnskapsutvikling og formidling på tvers av kultur-, utdannings- og samfunnssektorane. Gjennom faglege foredrag, seminar og tett dialog med kommunar, museum, skuleverk, frivillig sektor og næringsliv er ny forsking, forvaltningspraksis og metodar gjort tilgjengelege for eit breitt publikum. Avdelinga har også samarbeidd med universitets- og høgskulesektoren og kulturmiljøstyresmakter nasjonalt.<br><br>Forskingsarbeidet er styrka gjennom fullført OFFPHD-løp, publisering i fagfellevurderte kanalar og større arrangement der fagmiljø frå heile landet har delteke. Innan kulturmiljøområdet er det tatt i bruk nye verktøy som georadar og digitale 3D-modellar, og arbeidet med digitalisering av fylkeskommunale arkiv gjer at stadig meir materiale tilgjengeleg nasjonalt.<br><br>Gjennom folkehelseprogrammet, ei kartlegging av frivillig sektor utført av Telemarkforsking og fleire evalueringar i samarbeid med eksterne forskingsmiljø er det utvikla ny kunnskap om inkludering, livskvalitet og oppvekstmiljø i fylket. I tillegg deltek avdelinga i kunst- og kulturpedagogiske utviklingsprosjekt, som verkstadar, deltakarbasert forsking og samarbeidsarenaer for teknologi og kunstnarleg utvikling |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | a har bidratt i fleire forskings- og utviklingsprosjekt, følgjeevalueringar og deltakarbaserte kunnskapsprosessar knytte til barn og unge, kunstfeltet, folkehelse og frivillig sektor. Samla sett har kulturavdelinga eit breitt og forskingsinformert arbeid som styrker kunnskapsgrunnlaget i fylket og bidreg til betre praksis, samarbeid og utvikling på tvers av sektorar. | | | | |
| **V5: Møre og Romsda** | Prioritere tiltak og ordning | Møre og Romsdal fylke er det fylket | Auke i tal kunstn | 2,61 | 2,57 | Tal på kunstnarar er henta frå kulturindeksen og ligg eit år bak. Ein tek derfor utgangspunkt i tal frå 2024. Det har vore ein nedgang på 4 kunstnarar frå 2023 til 2024. Statistikken viser ein tydeleg nedgang innan visuelle kunstnarar, men og ein tydeleg oppgang i 2023 samanlikna med 2022. Elles |

<table>
<tr><th>Fylkesplanmål</th><th>Mål</th><th>Statusbeskrivelse resultatmål</th><th>Indikator</th><th>Ønska resultat 2025</th><th>Oppnådd resultat</th><th>Statusbeskriving indikator</th></tr>
<tr><td>l skal ha ei berekraftig økonomiske utvikling av samfunnet</td><td>ar som styrkar kunstnarøkonomien, forenklar etablering og utvikling av kunstnarskap.</td><td>med lågast ande sysselsette innan kunst og kultur, og i 2025 er den enda lågare enn i 2024. Resultatet må derfor vurderast som under forventa.<br><br>Kulturområdet har ei rekke samarbeid, møteplassar og tilskotsordningar som kan medverke til at det skal bli meir attraktivt for kunstnarar i fylket. Dei tilgjengelege tilskotsmidlane til kunstnarstipend, prosjektstøtte til profesjonell kunst og kultur, utviklings</td><td>arar i fylket</td><td></td><td></td><td>auke innan dei andre uttrykka.<br><br>
<table>
<tr><th>Uttrykk</th><th>2022</th><th>2023</th><th>2024</th></tr>
<tr><td>Forfattere</td><td>50</td><td>53</td><td>59</td></tr>
<tr><td>Film og sceneuttrykk</td><td>41</td><td>42</td><td>48</td></tr>
<tr><td>Musikere og komponister</td><td>386</td><td>412</td><td>416</td></tr>
<tr><td>Visuelle kunstnere</td><td>166</td><td>192</td><td>172</td></tr>
<tr><td>Totalt:</td><td>643</td><td>699</td><td>695</td></tr>
</table>
<br>Dersom ein ser på tala over litt fleire år har det sidan 2017 samla sett vore vekst i Møre og Romsdal (17,8 %), men svakare enn på landsbasis (20 %).<br><br>Her kunstnartettheit for Møre og Romsdal siste 5 år:<br><br>2020 – 2,26 (2,26 kunstnarar per 1000 innbyggarar)<br><br>2021 – 2,36<br><br>2022 – 2,42<br><br>2023 – 2,60<br><br>2024 – 2,57</td></tr>
</table>

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | midlar til kulturell og kreativ næring og arrangørtilskot til innleie av profesjonelle frilansmusikarar blei redusert til budsjett for 2025. Men det har vore mange gode søknadar til desse og alle tilskotsmidlane er tildelt.<br><br>Nytt for 2025 var regionale kulturfond der målgruppa var profesjonell kunst og kultur og samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige kulturfeltet. Her kom det og mange gode søknader | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | og alle midlane vart tildelt. | | | | |

## Samferdselsområdet

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 90-Sektor | 13 042 | 12 124 | 918 | 7,0 % |
| 91-FRAM | 1 841 564 | 1 835 048 | 6 516 | 0,4 % |
| 92-Fylkesveg | 995 962 | 956 200 | 39 761 | 4,0 % |
| **Sum** | **2 850 567** | **2 803 372** | **47 195** | **1,7 %** |

### Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Samferdselsområdet" viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 47 mill. kroner i 2025. Dei største avvika blir kommentert under.

### Sektor

Ramma sektor har eit mindreforbruk på 900 000 kroner, som er knytt til innsparing og refusjonar.

### FRAM

Utvalsramma viser eit samla netto mindreforbruk på 6,5 mill. kroner i 2025. Årsaka til mindreforbruket er i hovudsak knytt til mindreforbruk på buss, både på inntekt- og utgiftssida, på til saman 11,5 mill. kroner, samt eit mindreforbruk knytt til TT- ordninga på 7,4 mill. Samstundes er det eit meirforbruk på fylkesvegferje på 9 mill. kroner i hovudsak knytt til utgiftssida, samt eit meirforbruk på hurtigbåt i hovudsak knytt til inntekt, på 6,6 mill. kroner.

Hovudårsaka til samla mindreforbruk er avvik frå budsjett sett opp mot bokførte billettinntekter, dette utgjer om lag 2,4 mill. kroner, med slik fordeling (i heile tusen kroner):

| **Inntekt** | |
|---|---|
| Buss | 9 400 |

| Inntekt | |
|---|---|
| Fylkesvegferje | - 1 500 |
| Hurtigbåt | -5 500 |
| **Totalt** | **2 400** |

Samt mindreforbruk knytt til kostnadsvekst på kontraktar (indeks) på om lag 12 mill. kroner, med slik fordeling (i heile tusen kroner):

| Indeks | |
|---|---|
| Buss | 8 800 |
| Fylkesvegferje | 0 |
| Hurtigbåt | 3 200 |
| **Totalt** | **12 000** |

**Administrasjon og forvaltning av FRAM** har eit mindreforbruk på 2,8 mill. kroner som i hovudsak er knytt til reduksjon i marknadsaktivitetar.

**Buss** har eit samla mindreforbruk på 11,6 mill. kroner som i hovudsak kjem av:

- Meirinntekter på om lag 9,4 mill. kroner. Samanlikna med billettsalet i 2024 er det ei auke på om lag 7 prosent.
- Mindreforbruk på utgiftssida på 4,2 mill. kroner:
    - Mindreforbruk på 8,8 mill. kroner grunna prisregulering (indeks) av kontraktane.
    - Meirforbruk på 4,6 mill. kroner knytt til anna produksjon (utanom ordinær kontrakt), KTI-undersøking, terminalar, løn etc
- Tilrettelagt skoleskyss har eit meirforbruk på 2 mill. kroner. Det er ei auke i lange skyssar, samt eit auka tal internatskyssar. Ei årsak til denne auka kan vere at det er fritt skuleval i fylket. I tillegg endrast timeplanar ved skulane fortløpande, noko som gjer det utfordrande å legge til rette for samkøyring på ein kostnadseffektiv måte.

**Fylkesvegferjedrifta** viser eit meirforbruk på 9 mill. kroner. Avviket kjem i hovudsak av:

- Eit inntektstap samanlikna med budsjett på 1,6 mill. kroner.
    - Talet på køyretøy på betalingssambanda hadde ein auke frå 2024 til 2025 med 2,7 prosent. Pris per køyretøy har også auka, som følje av den generelle prisstigninga i takstregulativet (01.01.2025) og ei auka takstsone (PS-68/24).
    - I 2025 var 27,1 prosent av køyretøya på fylkesvegferjene nullutsleppskøyretøy. Det er ei auke på 5 prosentpoeng frå 2024. Rabattordninga knytt til nullutsleppskøyretøy førte til 15,6 mill. kroner i mindreinntekter for fylkeskommunen i 2025.
    - Sommartakstordninga gav 7,7 mill. kroner i mindre inntekter enn budsjettert. Det kom av at ordninga berre vart innført på sambanda Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona og Eidsdal-Linge, og ein auka andel køyretøy knytt til rabattordningar.

- Utgiftssida har eit meirforbruk på 7,4 mill. kroner på korrigert budsjett.
    - Revidert nasjonalbudsjett ga ei styrking av ferjeramma i budsjettet på 22,3 mill. kroner. Denne styrkinga har gått til å dekke inn prisregulering av ferjekontraktene.
    - Meirforbruket er knytt til auka systemkostnadar og avsetningar.

**Hurtigbåtdrifta** har eit meirforbruk på 6,6 mill. kroner. Avviket skuldast hovudsakeleg:

- Eit inntektstap på 5,5 mill. kroner som kjem av at talet reisande med båt per desember 2025 har gått ned med om lag 8 prosent samanlikna med 2024. Nedgangen kan ha samanheng med endra reisevanar, høgare prisnivå og auka konkurranse frå andre transportformer.
- Meirforbruk på utgiftssida på 1 mill. kroner der:
    - Prisregulering av kontraktane, andre driftskostnader, justeringar frå resultatvurdering og kostnader overført frå 2024, gir eit samla mindreforbruk på 3,2 millionar kroner.
    - Det er mottatt ei førebels avrekning knytt til Kystekspressen for 2024 og 2025 som er 4,1 mill. kroner høgare budsjett.

**TT-ordninga** har eit mindreforbruk på 7,4 mill. kroner i 2025. Endringar i retningslinjene for ordninga har ført til færre brukarar, og dermed også lågare aktivitetsnivå. I den utvida TT- ordninga, som er ei statleg ordning, er det også eit mindreforbruk på om lag 10 mill. kroner.

## Fylkesveg

Rapportering per desember viser eit netto mindreforbruk på om lag 39,8 mill. kroner.

Om lag heile mindreforbruket er knytt til <u>drift og vedlikehald veg</u>, som har eit samla mindreforbruk på om lag 39 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak:

- Mindreforbruk på om lag 31 mill. kroner knytt til prisreguleringa på drifts- og vedlikehaldskontraktane i 2024 og 2025, pga. lågare prisvekst enn budsjettert deflator og for høgt berekningsgrunnlag.
- Mindreforbruk på om lag 18 mill. kroner knytt til vinterdrift, reinhald og manglande kapasitet til å gjennomføre bestilte oppdrag hos entreprenør. På Sunnmøre var det to nyoppstarta kontraktar, som også reduserer gjennomføringsevne på planlagt vedlikehald.
- 16,2 mill. kroner i meirforbruk på grunn av større vêrhendingar og tilhøyrande opprydding og reparasjon av skader på vegnettet:
    - om lag 7,3 mill. kroner knytt til vêrhendingar i mars.
    - om lag 8,9 mill. kroner knytt til ekstremvêret Amy. Totale venta kostnader knytt til Amy er på om lag 12 mill. kroner, så det vil truleg kome kostnader til dette også i 2026.
- Samla netto mindreforbruk på om lag 3 mill. kroner knytt til mottatt sluttoppstilling på to ulike driftskontraktar (1500 og 1501). Det er ikkje oppnådd semje om desse. Det vil seie at det framleis er usikkert kva som blir endeleg kostnad knytt til kontraktane.

<u>Forvalting og vedlikehald bru og kai</u> har eit meirforbruk på om lag 2,4 mill. kroner som i hovudsak skuldast auka konsulentkostnader til bruinspeksjonar og prosjektering av vedlikehaldstiltak.

<u>Trafikktrygging</u> har eit mindreforbruk på om lag 2 mill. kroner knytt til 50/50-midlane, der kommunane gjennomfører mindre trafikktryggingstiltak med tilskot frå fylkeskommunen. Avviket skuldast både at prosjekt har blitt utsett, og at det manglar betalingsoppmoding frå kommunar. 1,5 mill. kroner må overførast til 2026 for å dekke bindingar til prosjekta. 500 000 kroner er eit varig mindreforbruk.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår at mindreforbruket på 12 mill. kroner på utvalsramma "FRAM" knytt til kostnadsvekst (lågare indeks enn budsjettert) ikkje blir overført til ramma i 2026. I tillegg foreslår fylkeskommunedirektøren at meirforbruk på 16,2 mill. kroner på utvalsramma "Fylkesveg" knytt til større værhendingar ikkje vert trekt i ramma for 2026. Det blir overført 51,395 mill. kronar av mindreforbruk på fylkestingsramma frå 2025 til åra 2026 til 2028. Overføringa vil ha følgjande fordeling:

- 1,5 mill. kroner av mindreforbruket i 2025 blir overført til 2026 for å dekke bindingar til trafikktrygging (50/50-midlar)
- 18,351 mill. kroner av mindreforbruket i 2025 blir overført til 2026 for å dekke tidlegare års meirforbruk trekt i utvalsrammene "Sektor" (444 000 kroner), "FRAM" (9,011 mill. kroner) og "Fylkesveg" (8,896 mill. kroner)
- 18,351 mill. kroner av mindreforbruket i 2025 blir overført til 2027 for å dekke tidlegare års meirforbruk trekt i utvalsrammene "Sektor" (444 000 kroner), "FRAM" (9,011 mill. kroner) og "Fylkesveg" (8,896 mill. kroner)
- 6,196 mill. kroner av mindreforbruket i 2025 blir overført til 2028 for å dekke tidlegare års meirforbruk trekt i utvalsrammene "Sektor" (444 000 kroner), "FRAM" (1,958 mill. kroner) og "Fylkesveg" (3,794 mill. kroner)
- 6,997 mill. kroner av mindreforbruket i 2025 blir overført til 2026 som styrking av utvalsramma "Fylkesveg" til bruk på nye tiltak.

## Status fylkesplanmål og resultatmål

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **IK 1: Møre og Romsdal skal ha trygge og tilgjengelege lokalsamfunn som fremmer god folkehelse, og som har gode og tilstrekkelege helsetenester til alle** | Møre og Romsdal skal minst halvere talet på hardt skadde og drepne på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal innan 2030. | I 2024 blei 27 personar drepne eller hardt skadde på fylkesvegane (4 drepne og 23 hardt skadde). Det er høgare enn måltalet på maks 20, som er sett for å nå målet om minst halvering innan 2030. Samanlikna med 2023 er talet nesten dobla (2023: 14 drepne/hardt skadde). Utviklinga er bekymringsfull. Tal for 2025 blir rapporterte i årsrapporten for 2026.<br><br>Dei vanlegaste ulykkestypane i 2024 var utforkøyringar (2 drepne og 8 hardt skadde) og møteulukker (2 drepne og 7 hardt skadde). Motorsykkel-ulukker er kategorien med flest hardt skadde (11 personar). Fire av dei hardt skadde var mjuke trafikantar (1 gåande og 3 syklistar). Vi har ikkje eigne tal for årsaker på fylkesveg eller fylkesnivå. Nasjonalt viser Statens vegvesen sin ulykkesrapport at seks av ti dødsulukker i 2024 skuldast lovbrot (rus, fart og/eller manglande eller feil bruk av bilbelte), og at kvar tredje dødsulukke skuldast manglande merksemd.<br><br>Innanfor det haldningsskapande trafikksikkerheitsarbeidet har fylkeskommunen i 2025 mellom anna:<br><br>• Deltatt i arbeidet med ny nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhei | Talet på hardt skadde og drepne er redusert i samsvar med målet om halvering innan 2030. Måltall 2024: under 21 | 21 | 27 | Endelege tal for 2024 er 23 hardt skadde og 4 drepne i vegtrafikken i Møre og Romsdal, til saman 27 hardt skadde/drepne. Tal for 2025 blir offentleggjort i juni 2026. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | t 2026–2029, som var på høyring hausten 2025 (sak 101/25). Møre og Romsdal fylkeskommune støttar hovudmålet om færre drepne og hardt skadde, men peikar på at tiltaka må prioriterast etter behov og ressursar i fylket.<br>• Gjennomført MC-dagar ved Ørsta vidaregåande skule i samarbeid med NMCU (Norsk Motorcykkelunion), i april og ved skulestart. Arbeidet blir vidareført i 2026. Det blir også utvikla ein pilot for digitalt foreldremøte kombinert med utstyrssjekk. | | | | |
| **IK 3: Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, gode bomiljø og offentlege møteplassar, godt kultur- og tenestetilbod og miljøvennleg transport** | Møre og Romsdal skal ta all vekst i persontransport i dei største byområda med auka bruk av kollektivtransport, mobilitetsløysingar, sykling og gåing. | I bypakke Krisitansund er planlagte fylkesvegprosjekt i all hovudsak kollektivtiltak, som utbetring av busstopp og ramper med universell utforming, eller kantstopp der det er mogleg.<br><br>I Bypakke Ålesund er det fleire tiltak som er blitt og blir gjennomført på og langs fylkesveg. Dette gjeld m.a. fv. 60 Blindheim - Flisnes, | Auke i antall reisande med kollektivtransport: 0 prosent auke i tal reisande i 2025 samanlikna med 2024. | 0 | | Totalt er det ein oppgang i tal reisande på buss (0,1 prosent) og ein nedgang for båt (-2,1 prosent). |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | kollektivknutepunkt Keiser Wilhelmsgate/Korsegata, samt fleire mindre tiltak for gåande og syklande, kollektivreisande og for auka trafikktryggleik. | | | | | |
| **M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutslep pa i tråd med det nasjonale målet om 55 prosent innan 2030** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal tilpasse dei mest kritiske delane av det fylkeskommunal transportsystemet til klimaendringar knytt til vind og vatn, og vi har beredskap for handtering av uønskte hendingar. | Det er gjennomført faste beredskapsøvingar slik at vi er godt rusta når dei verkelege hendingane oppstår. Øvingane gir nyttige erfaringar og betre samhandling mellom fagmiljø, beredskapsvakt og samarbeidspartnarar. Møre og Romsdal fylkeskommune er leiande i landet på dette fagfeltet.<br><br>I 2025 var det fleire vêrhendingar kor beredskapen vart testa i praksis:<br><br>• Januar: uvêret Ingunn skapte utfordringar for trafikkflyt og stengde samband. Beredskapsstab vart etablert; den koordinerte og støtta beredskapsvakt, samt interne og eksterne ressursar.<br>• Mars: Raudt farevarsel for snøskred og farevarslar for jord-, sørpe- og flaumskred. Det var krevjande å rette opp alle skadane med tre som fall ned, mindre jordskred og | Beredskapsøvingar skal bli gjennomført i tråd med plan | 95,0 % | 100,0 % | ✓ | Alle øvingar er gjennomført som planlagt (6 stk) i 2025. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | tette vassvegar.<br>• Oktober: Ekstremvêret Amy førte til mykje nedfall av tre i Romsdalen og på Nordmøre. Skadane var omfattande, og oppryddingsarbeidet etter dette uvêret er både farleg og krevjande.<br><br>Samfunnet må rekne med meir ekstremvêr i tida framover. Ei viktig oppgåve er å tilpasse dei mest kritiske delane av fylkesvegnettet for flaum og skred. Stikkrenner er svært viktig for avrenning av vatn frå vegen. I 2025 vart det skifta 210 stikkrenner, som er i underkant av ein tredjedel av behovet.<br><br>Strakstiltaka i Trollstigen vart sluttført og vegen opna att i juli 2025. Tiltaka reduserer faren for steinskred i det aktuelle området, men det er behov for meir og varig fjellsikring i Trollstigen. | | | | | |
| | | | Stikkrenner som vert skifta ut er dimensjonert for auka vassføring der det er behov | 90,0 % | 100,0 % | ✔ | 218 stikkrenner vart skifta i 2025. Alle desse stikkrennene er dimensjonert for auka vassføring. |
| | Møre og Romsdal skal redusere samla klimagassutslepp. For mobilitets- og kollektivtransporten er målet 55 prosent i løpet | Kollektivtransporten har redusert klimagassutsleppa med 42 prosent i 2025 samanlikna med utsleppa i 2019. Tal for 2024 er nytta for 2025 for Kystekspressen rute 800 (Kristiansund- | 50 prosent reduksjon av $CO_2$-utsleppa frå FRAM sine driftskontraktar på buss, ferje og hurtigbåt, samanlikna med 2019 | 50,0 % | 42,0 % | ! | Samla utsleppsreduksjon for ferje, båt og buss er på 42 prosent i 2025 samanlikna med 2019. Klimagassutsleppa frå ferje, båt og buss vart rekna til ca. 52 100 tonn CO2 i 2025, |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | av 2024, samanlikna med utsleppa av klimagassar i 2019. | Trondheim) fordi tala for 2025 kjem i februar/mars 2026.<br><br>Fylkesveg: Frå 1. januar 2024 vart det innført skjerpa miljø- og klimakrav i offentlege anskaffingar. Klima- og miljøomsyn skal som hovudregel no vektast med minimum 30 prosent. Kravet om miljø- og klimaomsyn vert tatt inn i nye kontraktar for vegdrift og vegprosjekt. I asfaltkontraktane og rekkverkskontrakten vert CO2-utslepp vekta ved tildeling. | | | | basert på innrapportert energibruk (diesel og straum) frå operatørane. Fylkeskommunen må redusere klimagassutsleppa med ytterligare (ca.) 7450 tonn CO2 for å nå målet om 50 % utsleppsreduksjon for kollektivtransporten.<br><br>• Utsleppsreduksjonen i ferjedrifta er på 60 prosent i 2025 samanlikna med 2019, grunna introduksjon av elferjene. Alle dei elektrifiserte ferjesamband brukar framleis fossilt drivstoff i tillegg til elektrisk straum (alle elferjene har dieselmotor som backup).<br><br>• Utsleppsreduksjonen for bussane er på 9 prosent samanlikna med 2019 som eit resultat av elbussar i ruteproduksjonen. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | • Ingen hurtigbåtar i Møre og Romsdal har elektrisk drift, og klimagassutsleppa frå hurtigbåt er stabile. I 2019 såg vi for oss at eit eller fleire hurtigbåtsamband ville få elektrisk framdrift, men det er enda ikkje tilfelle. |
| | | | Kontinuerleg forbetre metodikk for klimabudsjett og -rekneskap for samferdselsområdet | 100,0 % | 100,0 % | Vi bereknar klimagassutslepp frå innrapportert forbruk av fossilt drivstoff og innrapportert elektrisk straum frå kollektivoperatørane (ferje, buss og hurtigbåt), og rapporterer dei direkte, årlege klimagassutsleppa i eininga tonn CO2 for kollektivtransporten i Møre og Romsdal. |
| **M2: Møre og Romsdal skal ha ei arealforvaltning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser og oppfyller behovet for berekratig verdiskaping og varetaking av** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal avgrense skadeverknad av tiltak og aktivitet knytt til fylkesveg | Fylkeskommunen reduserer dei negative negative klima- og miljøkonsekvensane av drift og tiltak på fylkesvegnettet. Vi følgjer nasjonale krav om at klima og miljø som hovudregel skal vektast minst 30 prosent i offentlege anskaffingar. Det er kartlagt kva som gir størst | Unngå tap av dyrkamark og myr ved traséval og bygging av fylkesveg. Tal dekar for avslutta prosjekt skal rapporterast. | 0 | 0 | Av alle prosjekt som vart avslutta i 2025, er det berre eitt prosjekt som har medført eit lite tap av dyrkamark (0,18 dekar for ny rundkøyring på Holamyra). |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **natur, dyrka mark og vasskvalitet** | | klimagassutslepp i drift og vedlikehald av fylkesvegane, og vi prioriterer særleg å redusere utslepp frå salt og grus (strømiddel) og frå dieselforbruk.<br><br>Eitt tiltak er digital beslutningsstøtte for strøtiltak (Klimator), som gir betre styring av når og kor vi strør. Dette tiltaket bidrar til tryggare vegar og at vi ikkje bruker meir salt og grus enn nødvendig. | | | | |
| **M4: Møre og Romsdal skal fremme utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi, med høg grad av gjenbruk og god avfallshandtering** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for gjenbruk og god avfallshandtering på samferdselsområdet | Gjenbruk av vegutstyr i utbyggingsprosjekt er vurdert der det er aktuelt. Avfall handterast med minst 80 prosent sortering i vegutbyggingsprosjekt. Gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar. | Dokumentere at gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar | 100,0 % | 100,0 % ✓ | Gjenbruk blir vurdert i førebuande arbeid i nye driftskontraktar innanfor FRAM sitt område. |
| | | | Avfall skal handterast med minst 80 % sortering i utbyggingsprosjekt | 80,0 % | 91,0 % ✓ | Krav om minst 80 prosent sorteringsgrad av avfall i utbyggingsprosjekt er oppnådd. Samla resultat var på 91 prosent sortering. |
| **S1: Møre og Romsdal skal løyse felles samfunnsutfordringar gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar og forvaltningsnivå, akademia, frivilligheit,** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal ha eit godt samarbeid med stat, kommunar, andre fylke og andre aktørar om transport og transportsystem i fylket. | Samferdselsområdet har hatt møte med kommunar og andre fylkeskommunar, deltar i fleire KS-nettverk og forum i Kollektivtrafikkforeningen. Det har vore dialogmøte med Jernbanedirektoratet og fleire andre. Samferdselsområdet er fast deltakar i fleire forum med andre fylkeskommunar, blant anna Samarbeidsforum | Gjennomføring av møte med minimum 9 ulike samarbeidsaktørar (t.d. fylkeskommunar, kommunar, Bane Nor, Statens vegvesen, Nye Veier, komitéar, private aktørar, relevante organisasjonar). | 9 | 12 ✓ | Vi har hatt møte med kommunar i Møre og Romsdal, andre fylkeskommunar, Statens vegvesen, KS, regionråda, Samferdselsdepartementet, Vestlandsrådet, Samarbeidsforum for samferdsel Midt-Norge, Jernbanedirektoratet og Jernbaneforum for Dovre- og Raumabanen. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **næringsliv og kulturliv** | | for samferdsel Midt-Norge og Jernbaneforum for Dovre- og Raumabanen. | | | | | |
| **S3: Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle, uansett bakgrunn, kan få ytre seg, påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal bidra til gode vurderingar knytt til trafikktrygging og universell utforming i formelle planprosessar i kommunane. | Fylkeskommunen har eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak som fremmer trafikksikkerheit. Samferdselsområdet vurderer trafikksikkerheit i alle saker på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring. I 2025 behandla plan- og trafikkseksjonen 1113 saker etter plan- og bygningslova og sendte i tillegg ut 2022 brev knytt til forvaltning av vegnettet og som svar på førespurnader frå publikum. | Alle relevante kommunale planar på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring er vurdert opp mot trafikktryggleik og handsama innan frist | 96 | 99 | ✓ | Av totalt 1113 saker er 14 saker ikkje svart ut. |
| | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for innspel frå innbyggarane og kommunisere tydeleg. | Fylkesvegavdelinga har kommunikasjonsplanar for dei fleste av sine prosjekt. FRAM kommuniserer med kundane sine gjennom ulike flater. | 100% av pågåande vegprosjekt har ein plan for kommunikasjonsarbeidet | 100,0 % | 88,0 % | – | 15 av 17 prosjekt hadde kommunikasjonsplan, plan manglar for dei pågåande vedlikehaldskontraktane innan ferjekai og støytiltak. Vedlikehaldskontrakt ferjekai gjennomfører i hovudsak drift- og servicetiltak som i utgangspunktet ikkje er til hinder for trafikantane og det er dermed lite behov for å informere publikum og andre. Det blir generelt jobba mykje med kommunikasjon med berørte partar, samt PM når det skjer arbeid med konsekvens for trafikantane. Støykontrakten er ein |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | liten kontrakt med lite behov for kommunikasjon til andre enn huseigarar, og arbeidet er kortvarig. Kommunikasjonsplan for støytiltaka er difor ikkje prioritert, og denne kontrakten blir avslutta i løpet av vinteren. |
| | | | Eldrerådet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Ungdomspanelet har vore involvert i minst to relevante saker eller planar på samferdselsområdet | 2 | 3 | I 2025 vart følgjande saker lagt fram for dei rådgivande utvala:<br>• Investeringsprogram for fylkesveg 2026 – 2035<br>• Fylkesstrategi for samferdsel 2027 – 2030<br>• TT-ordninga – evaluering av retningslinjer |
| | Møre og Romsdal skal legge til rette for innspel frå innbyggarane og kommunisere tydeleg | Vi kommuniserer fortløpande ruteendringar hos FRAM. Vi informerer publikum om framdrift i bypakke Kristiansund og bypakke Ålesund. | 100% av pågåande vegprosjekt har ein plan for kommunikasjonsarbeidet | 100,0 % | 88,0 % | 15 av 17 prosjekt hadde kommunikasjonsplan, det manglar plan for pågåande vedlikeholdskontrakt ferjekai og støytiltaka. Vedlikeholdskontrakt ferjekai gjennomfører i hovudsak drift- og servicetiltak som i utgangspunktet ikkje skjer med hinder for trafikantane og det er dermed lite behov for å informere. Det blir generelt jobba mykje med kommunikasjon med berørte partar, samt PM når det skjer arbeid med konsekvens for trafikantane. Kontrakt for støy er ein liten kontrakt med lite |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | behov for kommunikasjon til andre enn huseigarar, og arbeidet er kortvarig. Denne kontrakten blir avslutta i løpet av vinteren. |
| **V1: Møre og Romsdal skal ha eit arbeids- og næringsliv med auka innovasjonstakt, som lukkast med det grøne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og dei teknologiske moglegheitene** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal bidra til utvikling og innovasjon for betre og billigare samferdselsløysingar | I FRAM-appen er to nye tenester eller tilbod publisert i 2025. Kollektivreisande kan no kjøpe digitale klippekort i appen. Med eit digitalt klippekort kjøper du 10 enkeltbillettar samtidig, og du kan bruke billettane når du treng dei. Oversikt over tilgjengeleg innfartsparkering er også i kartet i FAM-appen. Der kan ein sjå tilgjengelege område kor ein kan parkere bilen for deretter å reise kollektivt vidare.<br><br>FRAM deltar i eit offentleg-offentleg-samarbeid for utvikling av ein digital plattform som gjer det enklare for publikum å reise kollektivt. Fram deltar i samarbeid med andre fylkeskommunar sine mobilitet- og kollektivselskap om eit økosystem som løfter innovasjon og sikrar digitale løysingar som er trygge, berekraftige og effektive. | 1 ny teneste eller tilbod skal gjerast tilgjengeleg i FRAM sin app | 1 | 2 ✓ | I FRAM-appen er to nye tenester/tilbod gjort tilgjengeleg i 2025. |
| | | | Gjennomføre dialog med leverandørmarknaden i forkant av alle større kontraktar der det er relevant. Alle kontraktar over 100 | 100,0 % | 100,0 % ✓ | Samferdselsområdet gjennomfører dialog med leverandørmarknaden i forkant av alle større kontraktar der det er relevant. I anbodsprosessar knytt |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | mill. kroner skal bli vurdert | | | til transporttenester blir det lagt opp til høyring før konkurransen lysast ut. |
| **V3: Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem både på land, luft og sjø, som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggarane og næringslivet sine behov så langt som råd** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal redusere eller i det minste ikkje auke vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet | Forfallet til fylkesvegane våre er stort og aukande. Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane i Møre og Romsdal vart estimert til 16,8 mrd. kroner ved kartlegging i 2023, og då er ikkje kostnadene knytt til skredsikring og å rette opp manglande generell vegstandard tatt med. Eksempel på å rette opp manglande generell vegstandard inneber å rette ut kurver og utvide breidda på vegar. Målet om å redusere eller i det minste ikkje auke vedlikehaldsetterslepet, er ikkje mogleg å oppnå utan betydeleg meir midlar.<br><br>Oppdaterte estimat (MOTIV) viser at i 2025 har Møre og Romsdal har behov for om lag 490 mill. kroner meir til drift og vedlikehald om ikkje etterslepet skal auke meir.<br><br>Bruer og tunnelar er kostbare vegelement med stort vedlikehaldsetterslep. Store prosjekt som vart gjennomført i 2025 var mellom anna Ny Nerlandsøybru og oppgradering av Selvågtunnelen. | Oversikt over naudsynte vedlikehaldstiltak som ikkje er inndekt i budsjett, skal oppdaterast fortløpande | 90,0 % | 100,0 % | Alle vegdriftskontraktar har oppdatert oversikt over naudsynte vedlikehaldstiltak. |
| | | | Årleg oppdatering av vegdata frå målebil for fylkesvegnettet som grunnlag for tilstandskartlegging | 90,0 % | 100,0 % | Heile fylkesvegnettet er kartlagt i 2025. |
| | Møre og Romsdal skal ha | **Ferjedrift:** Det vart frakta i overkant av 4,6 mill. | Gjenståande trafikk/køyretøy per | 2,0 % | 0,2 % | Berre 0,2 prosent av køyretøya stod att på |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | eit føreseieleg og tilgjengeleg ferjetilbod. | køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2025. Dette er ei auke på 2,6 prosent samanlikna med 2024. Fylkeskommunen har mål om 98 prosent regularitet for fylkesvegferjesambanda. Fylkesvegferjene utførte 99,7 prosent av dei planlagde avgangane i 2025. Regularitetsmålet er altså oppnådd, og målet er justert for vêrhendingar. Talet på attståande bilar utgjorde 0,2 prosent i 2025.<br><br>**Ferjekaier:**<br>Fylkeskommunen er i gang med oppgradering og bygging av nye ferjekaier fleire stader i fylket. Ferjekaier er kompliserte konstruksjonar og anleggsarbeida skjer samtidig som trafikken skal avviklast som normalt. I 2025 var det byggeaktivitet på ferjekaiene på Larsnes, Åram, Kvamsøya, Voksa og Dryna. | ferjesamband, justert for vêrhendingar. | | | fylkesvegferjekaiene i 2025, målet for gjenståande køyretøy på ferjekai er nådd. Talet er justert for vêrhendingar. |
| | | | Regularitet, justert for vêrhendingar. Utførte avgangar for ferje samanlikna med oppsett ruteplan. | 99,8 % | 99,7 % | ✓ Fylkesvegferjene utførte 99,7 prosent av dei planlagde avgangane i 2025. Regularitetstalet er justert for vêrhendingar.<br><br>Det vart frakta i overkant av 4,6 mill. køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2025. Dette er ei auke på 2,6 prosent samanlikna med 2024. |
| | Møre og Romsdal skal ha | Fleire kollektivreisande kjøper billett digitalt. I | Auke andelen forhåndskjøpte | 60,0 % | 62,0 % | ✓ Billettsalet gjennom FRAM-appen auka til |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | eit konkurransedyktig, attraktivt og kostnadseffektivt mobilitets- og kollektivtilbod. | 2025 vart 62 prosent av billettane kjøpte i app (mot 56 prosent i 2024). Av app-kjøpa var 49 prosent enkeltbillettar og 25 prosent 30-dagars periodebillett. Vi har gjennomført kampanjar for å auke denne bruken.<br><br>Det er i 2025 gjennomført totalt 2154 intervju og undersøkingar for å måle kundetilfredsheit. Det er gjennomført intervju i heile fylket. Undersøkingane viser at 86 prosent av dei spurte er svært godt eller godt nøgde med reisa. | billettar på buss til 60 % (app og nettbutikk) | | | 62 prosent i 2025, mot 56 prosent året før. Enkeltbillettar til bussen stod for 49 prosent av kjøpa i FRAM-appen, og 25 prosent var for periodebillett for 30 dagar. |
| | | | Minst 90 % av dei spurde i FRAM kundetilfredsheitsundersøking er svært godt eller godt nøgd med reisa | 90,0 % | 86,0 % | Undersøkingane viser at 86 prosent av dei spurte er svært godt eller godt nøgd med reisa. Publikum trekk fram at dei var mindre fornøgd med mellom anna kor punktlege bussane er. |
| | | | Regularitet, justert for vêrhendingar. Utførte avgangar for hurtigbåt samanlikna med oppsett ruteplan. | 99,8 % | 99,6 % | 99,6 prosent av dei planlagde avgangane vart gjennomført i 2025. Regularitetstalet er justert for vêrhendingar. |
| | Møre og Romsdal skal ha eit trygt og framkommeleg fylkes- og riksvegnett. | • Fylkeskommunen har ei stor portefølje av vegprosjekt med stor variasjon i omfang og kostnad, frå skredsikring til nye bruer, ferjekaier, tunnelar og veganlegg. For detaljar om | Andel km fylkesveg med dårleg eller svært dårleg dekketilstand av alle fylkesvegar (prosent). Mål: under 30% | 30,0 % | 37,0 % | Tilstanden til vegdekket for fylkesvegnettet i Møre og Romsdal er ikkje vesentleg endra frå tidlegare år. Meir enn ein tredel av fylkesvegnettet har dårleg eller svært dårleg dekketilstand. Talet på dekketilstanden er for 2024, resultat frå |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | prosjekt frå 2025 sjå vedlegg til sak PS 46/25 Notat status vegprosjekt 2025.<br>• Kontroll på tilstand gjennom inspeksjonar er ein viktig føresetnad for å kunne prioritere tiltak for å sikre trygge og framkommelege fylkesvegar.<br>• I 2025 er det utført vedlikehaldstiltak ein rekke stader på fylkesvegnettet, t.d. utskifting av stikkrenner, rekkverk, masseutskifting i vegkropp, vedlikehald av ferjekaier, bruer og tunnelar (sjå sak PS 47/25 Orienteringssak vegdrift 2025 for meir detaljar).<br>• Det er montert om lag 1000 meter MC-skinner i 2025. Desse skal bidra til auka sikkerheit for motorsyklistar ved å redusere konsekvensar av ulykker.<br>• Det er asfaltert om lag 120 km fylkesveg i 2025. | | | | 2025 vert klart i mars/april. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **V4: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling, inkludering og legg lover og avtalar i arbeidslivet til grunn** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for eit seriøst arbeidsliv innanfor alle dei fag/arbeidsområda der fylkeskommunen er aktiv som vare- og tenestekjøpar, slik som t.d. samferdselsområdet, bygg- og eigedomstenester | • For alle vegprosjekt og vegdriftskontraktar skal det bli gjennomført inntakskontroll for kvar nye underentreprenør i tråd med seriøsitetsbestemmingar og kontrakt.<br>• Fylkesvegavdelinga jobbar aktivt med HMS for å unngå skadar både internt og i samband med kontraktane våre.<br>• FRAM har utvikla eit system for kontraktsoppfølging som blei tatt i bruk i 2025. Systemet er tatt i bruk i åtte av 15 kontraktar. | Ferdigstille system for kontraktsoppfølging for FRAM | 100,0 % | 80,0 % | FRAM har utvikla eit system for kontraktsoppfølging som blei tatt i bruk i 2025. Dette systemet er tatt i bruk i åtte av 15 kontraktar. Omlag 80 prosent av dei planlagte funksjonane er ferdig utvikla i 2025. |
| | | | Gjennomføre kontroll av lønns- og arbeidsvilkår, 3 per år | 3 | 0 | På grunn av manglende kapasitet blei det i 2025 prioritert å gjennomføre inntakskontroll for nye entreprenørar framfor å kontrollere dei som allereie er inne. Det er planlagt å gjennomføre kontrollar i 2026. |
| | | | Gjennomføre risikovurderingar av alle nye driftskontraktar hjå FRAM | 100,0 % | 100,0 % | FRAM gjennomfører risikovurderingar knytt til alle nye driftskontraktar der det er relevant. |
| | | | Opprette prosentvis fordeling av arbeidsplassar innan samferdselsområdet | 0 | 100 | Samferdselsområdet har til saman 166 tilsette, fordelt på 25 tilsette i Kristiansund, |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | mellom regionane Kristiansund, Molde og Ålesund | | | 91 tilsette i Molde og 50 tilsette i Ålesund i 2025. |
| | | | Rapportering av uønska hendingar (RUH) skal vere over 1500 per mill. arbeidstimar (N-verdi) | 1 500 | 1 584 | Det har vore ein svakt fallande trend på talet på innrapporterte RUH (Rapport om (mogleg) uønska hending). Innrapportering av RUH er ein eit viktig aktivitet som vert brukt i det førebyggande SHA-arbeidet (sikkerheit-, helse- og arbeidsmiljø) på kontraktane. Sjølv om måltalet er nådd, må ein innsats til i dei i komande åra for å snu trenden. |
| | | | Skade med og utan fråvær (H2) skal vere under 15 per mill. arbeidstimar | 15 | 14 | På kontraktane innan Vegdrift og Vegprosjekt vil dette seie at det har vore fire personskadar med fråvær og fem personskadar med legebehandling. |
| **V5: Møre og Romsdal skal ha ei berekraftig økonomiske utvikling av samfunnet** | Møre og Romsdal skal utnytte kvar krone brukt på fylkesvegnettet best mogleg | Fylkeskommunen jobbar med å utvikle kontraktar som stimulerer til kostnadseffektivitet og reduserte kostnader, mellom anna gjennom å:<br>• vurdere storleik og talet på driftskontraktar på veg for meir hensiktsmessig og mindre krevjande oppfølging. Samarbeid med kommunar og bruk av informasjonsteknologi skal | Alle avslutta investeringsprosjekt over 10 mill. kroner er gjennomført innanfor kostnadsramma | 100,0 % | 100,0 % | Alle avslutta investeringsprosjekt på fylkesveg over 10 mill. kroner er gjennomført innanfor kostnadsramma. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | bidra til redusert kostnad.<br>• redusere entreprenøren sin risiko ved å bruke meir mengderegulering i vegdriftskontraktar. | | | | |
| | | | Kvalitet på utført arbeid i vegdriftskontraktane er kontrollert og følgt opp etter plan. | 90,0 % | 94,0 % | Kvalitet på utført arbeid er kontrollert og følgt opp i 1671 av 1782 planlagte kontrollar. |

## Status investeringsprosjekt

### Samferdselsområdet

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| **Bruer** | | | |
| Bergebrua | 750 | 503 | 247 |
| Bruvollbrua | 22 | 22 | 0 |
| Finnøybrua | 3 134 | 3 917 | -783 |
| Geirangerbruene | 45 | 45 | 0 |
| Grøtta bru | 9 786 | 9 803 | -17 |
| Hulvågbrua | 4 | 4 | 0 |
| Høvikbrua | 950 | 432 | 518 |
| Juvabrua | 451 | 203 | 248 |
| Kalvassbrua | -636 | 83 | -719 |
| Korrugerte stålrør | 13 470 | 15 176 | -1 706 |
| Kranavegen, halvbruer | 292 | 215 | 77 |
| Nerlandsøybrua | 218 927 | 222 649 | -3 722 |
| Remøybrua | 4 806 | 4 519 | 287 |
| Strandgatebrua | -5 | 0 | -5 |
| Sørsundbrua | 36 689 | 37 488 | -799 |
| Tredalsbrua, gangbru | 6 285 | 1 280 | 5 005 |
| Vasskordbrua | 500 | 2 | 498 |
| Veglistebruer | 4 743 | 4 173 | 570 |
| Åndalsnes bru | 959 | 819 | 140 |
| **Sum - Bruer** | **301 172** | **301 332** | **-160** |
| **Bussdepot** | | | |
| Bussdepot Kristiansund | 7 080 | 5 040 | 2 040 |
| Bussdepot Molde | 41 258 | 36 468 | 4 790 |
| **Sum - Bussdepot** | **48 338** | **41 508** | **6 830** |
| **Bypakkar** | | | |
| Bypakke Kristiansund | 0 | 27 | -27 |
| Bypakke Ålesund | 143 208 | 132 988 | 10 220 |
| **Sum - Bypakkar** | **143 208** | **133 015** | **10 193** |
| **Ferjekaier** | | | |
| Aukra ferjekai | 0 | 1 | -1 |
| Forsterkning ferjekaier | 293 | 34 | 259 |
| Indre Sunnmørspakken | 1 725 | 1 525 | 200 |
| Ladeanlegg miljøferger | 184 981 | 179 855 | 5 126 |
| Oppgradering av kaihus | 295 | 262 | 33 |
| Romsdalspakken | 2 375 | 1 128 | 1 247 |
| Ytre Sunnmørspakken | 49 033 | 39 192 | 9 841 |
| Ytre/utasundspakken | 54 578 | 25 790 | 28 788 |
| **Sum - Ferjekaier** | **293 280** | **247 787** | **45 493** |
| **Gang- og sykkelveg** | | | |
| Bådalen - Vebenstad | 26 241 | 28 616 | -2 375 |
| Dalane skule | 10 | 6 | 4 |
| Mosflatevegen - Melsgjerdet | 14 017 | 9 626 | 4 391 |
| Tunheim | 70 | 32 | 38 |
| Vindøla - Røv | 142 | 154 | -12 |
| **Sum - Gang- og sykkelveg** | **40 480** | **38 432** | **2 048** |
| **Investering FRAM** | | | |
| FRAM - Business intelligence/datavarehus | 2 022 | 2 022 | 0 |
| FRAM - Kontraktsoppfølgingsverktøy | 4 100 | 5 729 | -1 629 |
| FRAM - Ladestasjon Kristiansund | 15 000 | 5 243 | 9 757 |
| FRAM - Ladestasjon rutepakke 3 | 7 000 | 6 857 | 143 |
| FRAM - Ladestasjon rutepakke 4 | 0 | 596 | -596 |

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| FRAM - Ladestasjon rutepakke 5 | 6 500 | 11 810 | -5 310 |
| FRAM - Ladestasjon rutepakke 6 | 0 | 1 349 | -1 349 |
| FRAM - Nytt billetteringssystem | 7 425 | 3 316 | 4 109 |
| FRAM - Ruteinfomasjon og haldeplassutforming | 1 347 | 137 | 1 210 |
| FRAM - Utviklingstiltak kollektivt | 6 879 | 6 138 | 741 |
| **Sum - Investering FRAM** | **50 273** | **43 198** | **7 075** |
| **Investering fylkesvegavdelinga** | | | |
| Fylkesvegavdelinga-bilar og utstyr | 0 | 1 207 | -1 207 |
| **Sum - Investering fylkesvegavdelinga** | **0** | **1 207** | **-1 207** |
| **Kollektivtiltak** | | | |
| Hurtigbåtkaier | 3 000 | 4 512 | -1 512 |
| **Sum - Kollektivtiltak** | **3 000** | **4 512** | **-1 512** |
| **Miljø og servicetiltak** | | | |
| Støytiltak | 4 745 | 3 513 | 1 232 |
| Toalett, Slettvikane | 280 | 282 | -2 |
| Vanndirektivet | 1 109 | 85 | 1 024 |
| **Sum - Miljø og servicetiltak** | **6 134** | **3 880** | **2 254** |
| **Nye store veganlegg** | | | |
| Fv. 60 Tomasgard – Røyrhus bru | 11 461 | 14 782 | -3 321 |
| Kjerringsundsambandet | 1 500 | 3 194 | -1 694 |
| Nordøyvegen | 12 670 | 1 120 | 11 550 |
| Todalsfjordprosjektet | 3 350 | 3 773 | -423 |
| **Sum - Nye store veganlegg** | **28 981** | **22 869** | **6 112** |
| **Planlegging og grunnerverv** | | | |
| Grunnerverv | 173 | 16 677 | -16 504 |
| Planlegging | 737 | 452 | 285 |
| Trollstigen forprosjekt 2.0. | 6 546 | 1 041 | 5 505 |
| **Sum - Planlegging og grunnerverv** | **7 456** | **18 171** | **-10 715** |
| **Skredsikring** | | | |
| Skredsikring Trollstigen | 19 763 | 18 188 | 1 575 |
| Tunnel Korsmyra-Indreeide | 6 500 | 5 753 | 747 |
| Varsling Grandefonna | 5 700 | 5 272 | 428 |
| **Sum - Skredsikring** | **31 963** | **29 213** | **2 750** |
| **Til internt bruk øk.seksjonen (fordelingsprosjekt)** | | | |
| **Trafikktryggingstiltak** | | | |
| Gangfeltsikring og fartsdempende tiltak | 1 568 | 1 382 | 186 |
| Holamyra, Hustadvika | 12 369 | 6 342 | 6 027 |
| Kranaveien/Fosnagata (x Stallbakken- x Astrups gate) | 5 000 | 4 019 | 981 |
| Mindre TS-tiltak | 7 671 | 3 558 | 4 113 |
| Rundkøyring, Sykkylven | 230 | 78 | 152 |
| Sideterrengstiltak | 1 467 | 867 | 600 |
| TS-Tiltak Eiksundsambandet | 1 500 | 4 | 1 496 |
| Veglys | 681 | 681 | 0 |
| **Sum - Trafikktryggingstiltak** | **30 486** | **16 931** | **13 555** |
| **Tunnelar** | | | |
| Nye lyskjelder og styringssystem | 1 075 | 0 | 1 075 |
| Tiltak etter Tunnelinspeksjon | 5 960 | 0 | 5 960 |
| Tiltak etter tunnelsikkerheitsforskrifta | 207 220 | 220 798 | -13 578 |
| **Sum - Tunnelar** | **214 255** | **220 798** | **-6 543** |
| **Utbetring veg** | | | |
| Forsterkning fylkesveg | 376 | 375 | 1 |
| **Sum - Utbetring veg** | **376** | **375** | **1** |
| **Sum** | **1 199 402** | **1 123 228** | **76 174** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 1,1 mrd. kroner på Samferdselsområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 76,2 mill.kroner.

Det samla avviket (mindreforbruk) skuldast i hovudsak periodiseringsavvik, i tillegg til nokre varige meir- og mindreforbruk. Periodiseringsavvika har ulike årsaker, der nokre gjeld forhold som fylkeskommunen som byggherre kan påverke og andre gjeld forhold som ligg utanfor vår kontroll.

Dei største avvika gjeld:

- Endra framdrift på Ytre/utasundspakken: 28,8 mill. kroner
- Auka kostnad knytt til utbetring Selvågtunnelen: 17,8 mill. kroner.
- Endra framdrift for avslutning av Nordøyvegen: 11,5 mill. kroner

Fleire avvik er kommentert under Fylkesveg og Fram.

## Fylkesveg

- Kjerringsundsambandet: Venta varig meirforbruk på 1,6 mill. kroner. Alle kostnader blir dekt av Aukra kommune og mva-kompensasjon.
- Nordøyvegen: Periodiseringsavvik på om lag 11,5 mill. kroner (mindreforbruk).
- Tomasgard – Røyrhus bru: Periodiseringsavvik på om lag 3,3 mill. kroner. (meirforbruk).
- Bypakke Ålesund: Venta varig mindreforbruk på 5,3 mill. kroner og i tillegg eit periodiseringsavvik på om lag 5 mill. kroner (mindreforbruk). Alle kostnader blir dekt av bompengar og mva-kompensasjon.
- Ytre/utasundspakken: Periodiseringsavvik på 28,8 mill. kroner (mindreforbruk).
- Ytre Sunnmørspakken: Venta varig mindreforbruk på 8,2 mill. kroner og i tillegg eit periodiseringsavvik på 1,6 mill. kroner (mindreforbruk).
- Nerlandsøybrua: Periodiseringsavvik på 3,7 mill. kroner (meirforbruk).
- Tredalsbrua: Periodiseringsavvik på om lag 5 mill. kroner (mindreforbruk).
- Utbetring Selvågtunnelen: Venta varig meirforbruk på om lag 17,8 mill. kroner.
- Utbetring Øksendaltunnelen: Venta varig mindreforbruk på om lag 4 mill. kroner (pga. utsett prosjekt).
- Tiltak etter tunnelinspeksjon: Periodiseringsavvik på om lag 6 mill. kroner (mindreforbruk).
- Gang og sykkelveg Bådalen – Vebenstad: Periodiseringsavvik på 2,4 mill. kroner (meirforbruk).
- Gang og sykkelveg Mosflatevegen – Melsgjerdet: Periodiseringsavvik på 4,4 mill. kroner (mindreforbruk).
- Rundkøyring Holamyra: Venta varig mindreforbruk på om lag 5,8 mill. kroner, samt eit lite periodiseringsavvik på 200 000 kroner (mindreforbruk). Delar av mindreforbruket skal betalast tilbake til Hustadvika kommune.
- Diverse trafikktryggingstiltak: Periodiseringsavvik på om lag 6,4 mill. kroner (mindreforbruk).
- Hurtigbåtkaier: Venta varig meirforbruk på 1,5 mill. kroner.
- Planlegging: Periodiseringsavvik på 5,8 mill. kroner (mindreforbruk).
- Grunnerverv: Meirforbruk i høve budsjett på 16,5 mill. kroner, knytt til overtaking av fylkesvegtiltak bygd (og finansiert) av eksterne.
- Strakstiltak Trollstigen: Periodiseringsavvik på om lag 1,5 mill. kroner (mindreforbruk).

## FRAM

- Ruteinformasjon og haldeplassutforming: Prosjektet er avslutta med eit mindreforbruk på om lag 1,2 mill. kroner. Resterande midlar blir overført til 2026 og skal brukast knytt til tiltak rundt bypakkearbeidet i Kristiansund, til dømes betre informasjon på haldeplassane
- Kontraktsoppfølgingverktøy: Periodiseringsavvik på om lag 1,6 mill. kroner (meirforbruk).
- Nytt billetteringssystem: Periodiseringsavvik på om lag 4,1 mill. kroner (mindreforbruk).
- Ladestasjon Kristiansund: Overtaking av ladeinfrastruktur i Kristiansund er gjennomført. På grunn av endringar knytt til avsett beløp, er det eit mindreforbruk på om lag 9,8 mill. kroner i 2025.
- Ladestasjon rutepakke 5: Meirforbruk på om lag 5,3 mill. kroner
- Mindreforbruk på "Ladestasjon Kristiansund" vert brukt til å dekke inn meirforbruk på prosjekta knytt til ladeinfrastruktur på rutepakke 4, 5 og 6. Resterande mindreforbruk blir overført til prosjekt "Ladestasjon rutepakke 5" i 2026.

Nokon av prosjekta over har delvis særskilt finansiering. Fylkeskommunedirektøren forslår derfor å overføre eit mindreforbruk på om lag 69,6 mill. kroner frå 2025 til 2026 , samt å trekke eit meirforbruk i 2025 på om lag 9,9 mill. kroner i 2026. I tillegg foreslår fylkeskommunedirektøren å overføre eit mindreforbruk på om lag 32,2 mill. kroner knytt til "Ferjekaier" (Ytre utasundspakken) og "Store nye veganlegg" (Fv. 659 Nordøyvegen byggherrekostnader) frå 2025 til 2027.

# Politikk og kontrollorgan

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 100-Politisk verksemd | 34 078 | 34 820 | -743 | -2,2 % |
| 105-Kontroll og revisjon | 13 302 | 6 541 | 6 761 | 50,8 % |
| **Sum** | **47 380** | **41 361** | **6 019** | **12,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Politikk og kontrollorgan" viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 6 mill kroner i 2025.

## Politisk verksemd

Utvalsramma viser eit samla netto meirforbruk på om lag 743 000 kroner i 2025.

På ramma politisk verksemd førast midlane for heile den politiske verksemda inkl. fylkesting, fylkesutval og alle andre politiske utval samt stønad til dei politiske partia. I tillegg ligg fylkesutvalet sin reservepost her. For 2026 og vidare vart ramma styrka med 1,5 mill. kroner.

Utvala viser eit samla meirforbruk på om lag 2 mill. kroner i 2025. Meirforbruket skuldast i hovudsak at godtgjersle og reisekostnader er høgare enn det som var lagt til grunn i budsjettet. 500 000 kroner av meirforbruket skuldast ei prisauke på stemmesetlar.

Fylkesutvalet sin reservepost viser eit mindreforbruk på om lag 1,3 mill. kroner.

## Kontroll og revisjon

Utvalsramma viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 6,8 mill. kroner i 2025.

### Sentrale kontrollorgan

Sentrale kontrollorgan viser et mindreforbruk på om lag 6,3 mill. kroner i 2025. Avviket skuldast mellom anna:

- Godtgjersla til politikarar vart lågare enn budsjettert
- Lågare kostnader til kontrollutvalsekretariat grunna reduksjon i talet på møter
- Lågare kostnader til kjøp av konsulent- og revisjonstenester

### Ombodsordningane

Ombodsordningane viser eit mindreforbruk på om lag 500 000 kroner i 2025.

Mindreforbruket skyldast i hovudsak at stilinga som elev- og lærlingombod stod vakant i fire månader i 2025. Dette har og ført til mindre utgifter når det gjeld løn og reising heile hausten 2025, da tida har blitt brukt på opplæring og bli trygg i rollen for elev- og lærlingombodet. Ein stor planlagd konferanse vart ikkje arrangert i 2025 mellom anna som følge av nytilsettinga.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår at netto meirforbruk på utvalsramma “Politisk verksemd” på 743 000 kroner ikkje blir trekt i ramma for 2026.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at 4,5 mill. kroner av totalt mindreforbruk på 6,7 mill. kroner på utvalsramma "Kontroll og revisjon” i 2025 blir overført til 2026.

Av dette gjeld 4 mill. kroner “Sentrale kontrollorgan” til kjøp av revisjonstenester og undersøkingar i 2026, kjøp av sekretariattenester samt overlapp og overgang av sekretariatsoppgåva til ny kontrollsjef med tiltreding 1.4.2026

Resterande 500 000 kroner gjeld “Ombodsordningane”. til kjøp av eksterne tenester knytt til profilering, filmproduksjon, undersøkingar, arrangering av elevrådkonferanse, reiseverksemd og andre ombodsoppgåver.

# Lønnsreserve og pensjon

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 110-Lønnsreservepost | 12 483 | 0 | 12 483 | 100,0 % |
| 1105-Pensjon | -30 332 | -24 178 | -6 154 | -20,3 % |
| **Sum** | **-17 849** | **-24 178** | **6 329** | **35,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme “Lønnsreserve og pensjon” viser eit årsresultat på eit samla netto mindreforbruk på om lag 6,3 mill kroner i 2025.

## Lønnsreservepost

Lønnsreserveposten viser ei mindreutgift på om lag 12,5 mill. kroner i 2025. Av dette skuldast 200 000 kroner at reguleringspremien vart lågare enn budsjettert. Resterande 12,3 mill. kroner skuldast at lønnsoppgjera vart lågare enn føresett i budsjettet.

## Pensjon

Premieavvik/pensjonspremie viser ei mindreinntekt på om lag 6,2 mill. kroner i 2025.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår at netto samla mindreforbruk på fylkestingsramme “Lønnsreserve og pensjon” ikkje blir overført til ramma i 2026, da det i budsjettet for 2026 er tatt høgde for estimert lønnsvekst i Statsbudsjettet for 2026, samt utgifter til pensjon basert på oppgåver frå pensjonsleverandørane SPK og KLP.